


# Kristtornbyen Stord

# Saman om utvikling og velferd

Kommuneplan for Stord kommune 2010–2021

Vedteken av kommunestyret 15.12.11





# Innhold

Innleiding .....	5
Formelle rammer og føringer for planarbeidet .....	6
Plangrunnlaget .....	8
Hovudutfordringar for stordsamfunnet .....	11
Samfunnstryggleik og beredskap .....	12
Samfunnstryggleik .....	13
Beredskap .....	15
Folkehelse .....	18
Satsingsområde .....	20
Byutvikling, senterstruktur og samferdsel .....	21
Miljø, estetikk og trivsel .....	31
Arbeid og næringsliv .....	36
Oppvekst .....	43
Rehabilitering, helse og omsorg .....	48
Arealdelen .....	53
Miljøbyprinsipp .....	54
Spesielle omsyn .....	64
Samanstilling av konsekvensutgreiingar for kommuneplanens arealdel .....	71
Organisering, medverknad og framdrift .....	105

## VEDLEGG I PLANDOKUMENTET

Vedlegg 1: .....	10
Føresegner og retningsliner med vedlegg	
A. Liste over reguleringsplanar og utbyggingsplanar som framleis skal gjelda .....	113
B. LNF-område med føresegner om spreidd utbygging med tal for kor mange nye bustadeiningar som kan førast opp i perioden .....	117
C. Liste over eksisterande bygde bustad-, fritidsbustad-, og nausteigedomar med status som LNF-spreidd der tilbygg, ombygging, oppføring av garasjer m.m. er tillate utan krav til reguleringsplan .....	118
D. Liste over omsynssonar .....	120
Vedlegg 2: .....	124
Kommuneplankartet	

Vedlegg 3: .....	140
Liste over bustadeiningar som kan byggjast innanfor gjeldande kommuneplan og reguleringsplanar	

I tillegg er det utarbeidd følgjande eigne utgreiingar og delrapportar i samband med revisjon av prosjektet:

1. Samanstilling av konsekvensutgreiingar for kommuneplanen sin arealdel
2. Risiko- og sårbarhetsanalyse
3. Oversyn over innspeil med kommentarar
4. Kopi av innspeil
5. Strandsonekartlegging i Stord kommune
6. Prosjektrapport «Grøntstruktur, turvegar og gang- og sykkelvegar på Stord»
7. Rapportar med konsekvensutgreiingar for ulike utbyggingsområde

# Notatar

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---

---


---

---

---

---

---



# Innleiing

I 2008 kom det inn fleire omfattande og spesielle arealinnspel som formannskapet fann det rett å sjå i kommuneplansamanhang. Formannskapet fekk seg difor førelagt ei planmelding i møtet 12.11.2008 om revidering av kommuneplanen og gjorde slikt vedtak:

- 1. Formannskapet vedtek å setja i gang arbeidet med å revidera kommuneplanen. Denne revideringa skal i utgangspunktet leggja hovudvekt på arealdelen.**
- 2. Formannskapet meiner at følgjande arealinnspel/reguleringssaker må avvanta revidert kommuneplan før reguleringsplanar kan godkjennast:**
  - Småbåthamn ved Skjersholmane
  - Heiane Nord
  - Regulering av gnr. 28 bnr. 1 på Ålland til bustad
  - Regulering for Frugarden aust for Frugardselva
- 3. Formannskapet er sterkt bekymra for dekning av næringsareal som me har i kommunen. Formannskapet er difor villig til å forsera prosessar som vil føra til auka tilgang på slikt areal. Formannskapet vil peika på at Heiane Sør har vore på tale i fleire år og ligg i dagens visjon, og at ein difor ser det naturleg at ein opnar for ein framskunding i dette området, etter at planprogrammet for kommuneplanen er vedtatt.**
- 4. Planarbeid legg den nye plan- og bygningslova til grunn.**
- 5. Plan for rehabilitering, helse og omsorg vert integrert i revidert kommuneplan.**

To av partane klaga på vedtaket som vart førelagt kommunestyret som øvste lokal planmynde. Kommunestyret stadfesta formannskapet sitt vedtak i begge klagesakene.

Ved siste kommuneplanrevidering som kommunestyret godkjende i 2006, gjennomførte kommunen ein relativt brei og omfattande prosess i samarbeid med KS- prosjektet «Framtidens kommuner» for å få fram grunnlaget for satsingsområde, mål og



tiltak. Dette er utgangspunktet for at kommunen no vil leggja hovudvekta på arealdelen der det med bakgrunn i nemnde innspel er viktig å trekkja opp dei langsiktige strategiane.

For dei andre satsingsområda i samfunnssdelen vil det difor i større grad vera ei ajourføring av målsetjingar, mål, strategiar og tiltak. Unntaket er «Næring og sysselsetjing» som no er kalla «Arbeid og næringsliv» der dagleg leiar i SNU AS er kome inn som prosjektleiar for å få til ei sterkare samordning mellom satsingsområdet i kommuneplanen og dei langsiktige planane til SNU AS, som er kommunen sitt næringsutviklingsselskap. I tillegg lyt satsingsområda innarbeida konsekvensane av fleire kommunale planar, som t.d. Styringsdokumentet for oppvekst, Klima – og energiplanen og Kommunedelplanen for Leirvik. For sterke å synleggjera viktige tema som lokal senterstruktur og samferdsel er namnet på satsingsområdet «Byutvikling» endra til «Byutvikling, senterstruktur og samferdsel».

Planarbeidet legg til grunn den nye plan- og bygningslova der plandelen er sett i verk frå 1. juli 2009.

Den nye planlova legg opp til at kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, skal utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi som bør omfatta drøfting av kommunens strategiske val knytta til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemد og vurdering av kommunen sitt planbehov i perioden.

I dette tilfellet er planstrategien dels lagt som del av oppstartarbeidet med kommuneplanen og inngår i planprogrammet, jamfør §10-1 siste lekk i planlova.



# Formelle rammer og føringer for planarbeidet



## KOMMUNEPLANLEGGING ETTER DEN NYE PLAN OG BYGNINGSLOVA

Kommunen sine plikter og krav til planprosedyrar m.m. er fastlagt i kapittel 4 om generelle utgreiingskrav, 5 om medverknad, 10 om kommunal planstrategi, 11 om kommuneplan i den nye plan- og bygningslova.

## KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Etter §10-1 skal kommunen utarbeida ein kommunal planstrategi, jamfør siste avsnitta i innleininga. I tillegg skal kommunestyret ved handsaming av kommunal planstrategi ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller vidareførast utan endringar. Kommunestyret kan også ta stilling til om det er trøng for å setja i gong arbeidet med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast.

## KOMMUNEPLANEN

Etter § 11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta

både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatta alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Planen skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggja retningslinjer og pålegg fra statlege og regionale mynde til grunn.

Handlingsdelen skal visa korleis planen skal følgjast opp dei 4 påfølgjande åra eller meir, og skal reviderast årleg.

Økonomiplanen etter kommunelova §44 vil, slik det er høve til etter ny plan- og bygningslov, utgjera Stord kommune sin handlingsdel til kommuneplanen.

Samfunnsdelen som er nærmere omtala i § 11-2, skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Verknaden av kommuneplanen sin samfunnsdel er fastsett i §11-3 der det heiter at:

**Kommuneplanens samfunnsdel** skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.

Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.

## AREALDELEN

Etter § 11-5 skal kommunen ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Det kan og utarbeidast arealplanar for deler

## PLAN- OG BYGNINGSLOVA, §11-1. KOMMUNEPLAN

**Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsplan og arealdel.**

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver. Og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.

Det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder.

Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de 4 påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomidelen etter kommuneloven §44 kan inngå i handlingsdelen.

av kommunen sitt område (kommunedelplanar). Stord kommune har tidlegare vedteke eigen kommunedelplan for Leirvik (06.12.2007) og har under slutthandsaming kommunedelplan for Huglo.

Arealdelen skal visa hovudtrekka i arealdisponeringa, rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan setjast i verk, samt kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Arealdelen skal omfatta plankart, føresegner og planskildring der det framgår korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planer for arealbruk er ivareteke.

Plankartet skal i nødvendig grad visa hovudformål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

## PLAN OG BYGNINGSLOVA, §11-2. KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunenesfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.

Kommunedelplaner for temaer eller virksomhetsområder skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer. Handlingsdelen skal revideres årlig.

For utarbeiding og vedtak av kommuneplanens samfunnsdel gjelder §§11-12 til 11-15.

## PLANSAMANHENG



## PLANPROGRAM

Planprogrammet skal gjera greie for

- føremålet med planarbeidet
- planprosessen med fristar og deltagarar
- opplegget for medverknad
- kva alternativ som skal vurderast og trøngs for utgreiingar

Forslaget til planprogram og konsekvensutgreiing vedtok formannskapet i møte 09.06.2009 å senda ut på høyring med uttalefrist 11.09.09. Det kom inn 36 merknader/innspel, herav gaadt 24 arealdisponeringar. Kommunestyret vedtok planprogrammet i møte 26.11.2009.

## FÖRINGAR FOR PLANARBEIDET

I planprogrammet er det lista opp ulike nasjonale føringar i form av stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer, bestemmelser og rundskriv. På same vis er det vist til ulike regionale føringar på fylkesnivå som i stor grad er i form av fylkesdelplanar.

Avvik frå desse planane kan gje grunnlag for motsegn frå fylkesmann, fylkesskommune, nabokommunar og andre regionale og statlege organ.

Stord kommune er ressurskommune for universell utforming og all planlegging skal ha som siktemål å gjera samfunnent best mogleg universelt utforma.

Universell utforming tyder at produkt, tenester og omgjevnader skal utformast på ein slik måte at dei kan nyttast av alle menneske i så stor utstrekning som mogleg utan behov for tilpassing eller spesiell utforming.



# Plangrunnlaget

**I lovverket er det sett krav til innhaldet av kommuneplanen, sjølvé prosedyren for utarbeiding og handsaming. Når ein skal vurdera behovet for og omfanget av kommunal tenesteproduksjon, treng ein dimensjoneringsstal både for totalutviklinga og korleis fordelinga er reint geografisk i kommunen.**

**Viktige dimensjoneringsstal vil her vera:**

- **Folketalsutvikling/alderssamsetning**
- **Sysselsetjing**
- **Bustadbygging**
- **Kommunen sine økonomiske føresetnader.**

## FOLKETALSUTVIKLING

I perioden 2004 til 2010 har folketalet auka frå 16 405 til 17 565 personar eller gjennomsnittleg om lag 1,2% pr år.

Veksten har vore størst dei siste åra med gjennomsnittleg 1,4% pr år. Det har vore størst prosentvis auke i gruppa over 60 - 69 år og gruppa over 90 år. Samla sett har det og vore ein auke i gruppene 20 til 59 år som omfattar hovudtyngda av arbeidsfør befolkning. Det er vidare ein auke i talet på born i førskulealder, medan talet på elevar i grunnskulen har hatt ein svak nedgang. Derimot har talet på elevar på vidaregåande skule auka. Det er relativt høg inn- og utflytting. Dette talet kan svinga sterkt dei ulike åra, til dømes er det registrert 789 inn-

flyttarar og 680 utflyttarar i 2009. Same år er det registrert 276 fødde og 106 døde, dvs. eit fødselsoverskot på 170. Det er fødselsoverskottet som det siste 10-året har betydd mest for å sikra ei jamn folketalsutvikling. Folketalsauken har vore større i perioden (1,2 % pr år) i høve til framskrivinga i gjeldande plan la til grunn (0,7 % pr år).

Det er berekna folketalsframskriving for perioden 2010 – 2021 i etterfølgjande tabell:

## FOLKETALSFRAMSKRIVING 2010 – 2021

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2021	Tal	%	2015-21	Tal	%
0-5 år	1 443	1 417	1 412	1 437	1 459	1 470	1 542	27	1,9	72	4,9	
6-12 år	1 797	1 754	1 780	1 760	1 724	1 748	1 838	-49	-2,7	90	5,1	
13-15 år	830	831	824	806	807	793	779	-37	-4,5	-14	-1,8	
16-19 år	1 144	1 107	1 107	1 120	1 119	1 085	1 009	-59	-5,2	-76	-7,0	
20-29 år	2 256	2 319	2 344	2 381	2 415	2 449	2 493	193	8,6	44	1,8	
30-39 år	2 334	2 320	2 298	2 282	2 281	2 278	2 454	-56	-2,4	176	7,7	
40-49 år	2 459	2 559	2 592	2 648	2 686	2 685	2 546	226	9,2	-139	-5,2	
50-59 år	2 040	2 087	2 135	2 160	2 193	2 278	2 621	238	11,7	343	15,1	
60-69 år	1 716	1 748	1 797	1 854	1 900	1 915	2 015	199	11,6	100	5,2	
70-79 år	922	967	981	1 021	1 060	1 104	1 518	182	19,7	414	37,5	
80-89 år	529	510	526	526	537	545	618	16	3,0	73	13,4	
90 år og eldre	95	105	121	123	125	128	144	33	34,7	16	12,5	
80 år og eldre	624	615	647	649	662	673	762	49	7,9	89	13,2	
20-66 år	10 400	10 616	10 730	10 867	10 962	11 057	11 563	657	6,3	506	4,6	
I alt	17 565	17 724	17 917	18 118	18 306	18 478	19 577	913	5,2	1099	5,9	

Note: Middels nasjonal vekst, alternativ MMMM, siste publisering 11. juni 2009. Tal for 2010 er faktiske, ikkje framskrivne.

Kjelde: SSB/Statistikkbanken. Emne:02 Befolking Tabell:07268: Framskrevet folkemengde etter kjønn og alder i 9 alternativer (K)

Ifølgje framskrivinga ventast det i Stord ei relativt sterkt folketalsutvikling med gjennomsnittleg auke pr år på 1,1% der den prosentvise veksten er høgast i nokre av dei eldre aldersgruppene. Både i prosent og i absolute tal blir veksten størst i aldersgruppa 70-79 år. I absolute tal utgjer veksten i dei (antatt) absolutte yrkesaktive aldersgruppene (20-

66 år) likevel nesten halvparten av veksten fram mot 2021.

I dei aldersgruppene som går på skule, ser det ut til at talet på innbyggjarar i kommunen jamt over vil gå ned dei nærmaste åra.

I aldersgruppa 70-79 år ventast den årlege veksten å bli mykje høgare i åra fram-

over enn den har vore, medan veksten i den aller eldste aldersgruppa (90+ år) blir lågare i denne framskrivningsperioden.

I 2021 vil alle aldersgruppene over 50 år utgjera ein større del av innbyggjarane i kommunen enn dei gjer i dag, medan alle aldersgruppene under 50 år vil utgjera ein lågare del.

## SYSSELSETJING

**På grunn av offshoreindustrien si dominerande rolle (26,5% i 2008) er Stord kommune framleis relativt sårbar når det gjeld sysselsetjing, jamfør tabell som viser sysselsetjinga.**

Det går fram at det i perioden 2000–07 har vore ein auke i talet på arbeidsplassar på 18%, medan auken det siste året var 1%. Sysselsettinga innan bygging av skip og oljeplattformer var på eit minimum i 2003 (2 139 sysselsette), men har auka fram til 2007 med 477 sysselsette, 22%. Det siste året har det vore ein mindre reduksjon.

Innan varehandel har det vore ein mindre auke frå 2000 til 2008, dvs. frå 11,6% til 12,3% slik at det i 2008 er 1185 sysselsette i næringa.

Men den største veksten har vore innan forretningmessig og anna privat tenesteyting frå 797 sysselsette i 2000 til 1355 i 2008, dvs. 70% vekst.

I gjennomsnittleg har talet på sysselsette i perioden auka med om lag 200 pr år. Dette er eit netto tal og seier ikkje noko om kor mange arbeidsplassar som forsvinn pga omstrukturering, nedlegging m.v. Talet på brutto nye arbeidsplassar

må truleg vera langt høgare dersom ein netto vekst på 200 arbeidsplassar skal sikrast. Det bør difor haldast fast på talet i gjeldande kommuneplan om minst 250 nye arbeidsplassar pr år.

Elles skal det nemnast at jord- og skogbruk har gått attende frå 57 sysselsette i 2000 til 40 i 2008 og utgjer no 0,4% av sysselsettinga.

► Det er eit mål å skapa minst 250 nye arbeidsplassar pr år.

### ARBEIDSPASSUTVIKLING/ NÆRINGSSTRUKTUR

	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008 (%)
Jord- og skogbruk	57	38	39	46	38	46	47	40	40 [0,4]
Fiske og fiskeoppdrett	12	21	31	44	44	51	35	44	26 [0,3]
Bygging av skip og oljeplattformer	2 657	2 507	2 459	2 139	2 216	2 186	2 470	2 616	2 546 [26,5]
Annan industri	270	299	222	318	225	205	265	237	236 [2,5]
Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning	474	429	468	519	555	612	603	623	664 [6,9]
Hotell, rest., transport, post	689	739	835	746	762	706	769	881	761 [7,9]
Varehandel	935	963	1 000	1 017	1 055	1 064	997	1 084	1 185 [12,3]
Forr. messig og annan privat tenesteyting	797	948	1 010	1 010	1 098	1 148	1 175	1 219	1 355 [14]
Kommunal tenesteyting	1 910	2 137	1 708	1 750	1 714	1 747	1 705	1 857	1 865 [19,3]
Statleg tenesteyting	259	307	814	1 028	1 052	952	955	935	952 [9,9]
I alt	<b>8 060</b>	<b>8 388</b>	<b>8 586</b>	<b>8 617</b>	<b>8 759</b>	<b>8 717</b>	<b>9 021</b>	<b>9 536</b>	<b>9 630</b>

Tabellen viser talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) 2000–08. Utgangen av året. Kjelde: PANDA.

### ARBEIDSPASSUTVIKLING/ NÆRINGSSTRUKTUR

	Endring 2000-07		Endring 2005-07		Endring 2007-08	
	Tal	%	Tal	%	Tal	%
Jord- og skogbruk	-17	-29,8	-6	-13,0	0	0,0
Fiske og fiskeoppdrett	32	266,7	-7	-13,7	-18	-40,9
Bygging av skip og oljeplattformer	-41	-1,5	430	19,7	-70	-2,7
Annan industri	-33	-12,2	32	15,6	-1	-0,4
Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning	149	31,4	11	1,8	41	6,6
Hotell, rest., transport, post	192	27,9	175	24,8	-120	-13,6
Varehandel	149	15,9	20	1,9	101	9,3
Forr. messig og annan privat tenesteyting	422	52,9	71	6,2	136	11,2
Kommunal tenesteyting	-53	-2,8	110	6,3	8	0,4
Statleg tenesteyting	676	261,0	-17	-1,8	17	1,8
I alt	<b>1 476</b>	<b>18,3</b>	<b>819</b>	<b>9,4</b>	<b>94</b>	<b>1,0</b>

Tabellen viser utviklinga i talet på arbeidsplassar 2000–08. Utgangen av året.

## BUSTADBYGGING

Dei siste åra er det registrert følgjande tal ferdigstilte bustader pr. år:

- 2003: 224 einingar
- 2004: 138 einingar
- 2005: 79 einingar
- 2006: 49 einingar
- 2007: 99 einingar  
( i tillegg 748 brakkehøyblar)
- 2008: 110 einingar
- 2009: 158 einingar

Dette gjev eit gjennomsnitt på 122 eininingar pr. år i perioden 2003 til 2009. Men vi ser det har variert mykje frå år til år. I dei seinare år er det og større differensiering i type bustader. Større del av bustadbygginga skjer i form av meir konsentrert utbygging i sentrum. Til dømes så er fordelinga av bustadbygginga i 2009 31 einebustader, 6 husvære i tomannsbustader, 60 i frittliggjande bustadhus med fleire husvære og 61 i

større bustadbygg (bustadblokker og liknande.)

Det er og eit mål å ha tilgang på tomter/husvære samstundes i dei ulike bydelane.

► Det vert lagt til grunn eit gjennomsnittleg behov på 150 bustader pr år i perioden.



# Hovudutfordringar for stordsamfunnet

**Byen Stord ligg sentralt i Sunnhordland mellom Stavanger og Bergen og er det naturlege regionsenteret for dei åtte sunnhordlandsommunane som til saman har ca 60 000 innbyggjarar. Stord er eit kommunikasjonsknutepunkt internt i regionen og for reiser til og frå regionen. Kyststamvegen går over Stord og byen har godt utbygde ferje-, buss, snøggbåtsamband og eigen flyplass.**

Regionen er rik på naturressursar og naturkvalitetar. Grunnlaget for busettnad og verdiskaping i regionen vert til gjennom offshore- og maritime verksamheter, mekanisk industri, oppdrett, høgteknologi, undervisning og tenesteytande næringar.

Stord har eit variert tilbod med regionsenterfunksjonar innan offentleg- og privat tenesteyting, kultur og idrett. Men i seinare år har statlege organ føretake omstruktureringar og effektiviseringar som har ført til nedbemannning/utflytting av funksjonar frå Stord. Opninga av Trekantsambandet synest å ha forsterka denne utviklinga.

Stordsamfunnet har i heile etterkrigstida vore prega av vekst og endring. Skipsbyggings- og seinare offshore-industrien har vore den dominerande motoren i næringsutviklinga. På 80-talet var sysselsetjinga innan industrien om lag 55 %. Dette har endra seg til 31% i 2003 og 29% i 2008. I 2003 var sysselsetjinga innan offentleg tenesteyting, privat tenesteyting og industri like store og utgjorde kvar 31%. I 2008 var sys-

- Kommunen må vera aktiv i rolla som samfunnsutviklar for å skapa ein attraktiv kystby med eit robust og livskraftig lokalsamfunn.
- Kommunen må halda fram med å stimulera ei utvikling som sikrar eit breiare næringsliv slik at ein vert mindre sårbar for svingningar i offshoreindustrien.

selsetjinga i offentleg tenesteyting 29% og privat tenesteyting 34%. Dette viser at det dei siste åra har skjedd ei endring mot auka sysselsetting i privat sektor.

Av tala som viser sysselsettinga går det fram at offshoreindustrien framleis har ei dominerande rolle innan næringslivet i Stord kommune. Kommunen er difor relativt sårbar ved manglande oppdrag for denne industrien.


Stord har fleire fortrinn som gjev grunn til optimisme:

- Lokalsamfunnet har lang erfaring med omstilling både i industrien og næringslivet og ein har oppnådd å halda oppe sysselsetjing i mange vanskelege periodar.

- Det er mykje industriell kompetanse og internasjonal erfaring samla i kommunen. Det er også eit lokalt høgskolemiljø som kan gje synergiefekt.
- Stord er byen og senteret i Sunnhordland. For å styrkja denne posisjonen må ein målretta utvikla bykvalitetane i sentrum innan handel, service og kultur.
- Byen sine unike fortrinn er at «alt er nært»; både fjord og fjell, offentlege etatar, kulturtilbod og handelssentre.

Dei to hovudutfordringane for lokalsamfunnet som er lista opp i kommuneplan 2004-2015 vil difor framleis gjelda.

## SYSSELSETJING I STORD KOMMUNE I 2008



# Samfunnstryggleik og beredskap

**Kommunane er frå 1.1.2010 pålagde generell beredskapsplikt med krav om heilskapleg og samordna kommunal beredskapsplanlegging i medhald av «Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret».**

- Samfunnstryggleik og beredskap skal ha ein sentral plass i kommunen sine overordna planar. Dette er presisert i St. meld. Nr 17 (2001-2002) Samfunnssikkerhet – veien til et mindre sårbart samfunn, og følgd opp i St. Meld. Nr 22 (2007-2008) Samfunnsikkerhet – samvirke og samordning. Denne siste stortingsmeldinga (22) legg vekt på korleis samfunnstryggleiken og beredskapen skal verka saman og samordnast, og kva verkemiddel som vert planlagt for framtida for å løysa desse utfordringane.
- Vidare er det gjort endringar i plan- og bygningslova (PLB) - §3-1 og § 4-3 – der kommunen har plikt til å følgja opp kravet om ROS-analysar i alle plansaker som eit tiltak for å førebygga risiko for tap av liv og helse, miljø, infrastruktur og materielle verdiar.

## FELLESMÅL FOR ROBUSTE LOKAL-SAMFUNN

Kjennskap til risikofaktorar for helse, miljø og verdiar, og kjennskap til sterke og svake sider beredskapsmessig er viktige faktorar. Via kunnskap kan kommunane førebyggja at uønskte hendinger skjer og redusera skadeverknadene av dei dersom dei skjer. Ved all planlegging av infrastruktur, bebyggelse og viktige samfunnsfunksjonar skal tryggleik og beredskap vurderast.

## KOMMUNEN SOM PÅDRIVAR

Kan bidra til auka robusthet gjennom andre som kommunen i utgangspunktet ikkje styrer eller gjev rammer for, og

dette må skje gjennom friviljug samarbeid, gjensidige avtalar og forhandlinger.

**Kommunen vil søkja samarbeid med andre til felles beste i arbeidet med å gjera lokalsamfunnet tryggare.**

*Denne liften vart kjøpt inn i 2009 etter krav til høgdemateriell som kom fram i risiko- og sårbarhetsanalysen. (Foto: Camilla Larsson)*

## KOMMUNEN SOM TENESTEYATAR

Kommunen har ansvar for ytingar innan helse, omsorg, skule, kultur-, brann og tekniske tenester mv. I planlegging og drift av desse ytingane skal kommunen prioritera faktorar som har innverknad på kor robuste lokalsamfunna er.

## KOMMUNEN SOM AREALFORVALTAR

Kommuneplanen sin arealdel, komunedelplanar og reguleringsplanar utgjer dei rammene som kommunen og andre aktørar må ta omsyn til ved fysisk planlegging. ROS-analysar skal utarbeidast parallelt med reguleringsplanar og utbyggingsplanar før utbygging. Kommunen sin risikosituasjon kan påverkast gjennom framtidig arealbruk.



## SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP:

# Samfunnstryggleik

**I ST. meld. nr 17 (2001-2003) Samfunnssikkerhet har regjeringa sett desse hovudmåla for samfunnstryggleik:**

- **Effektiv førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunnskritiske funksjonar**
- **God organisering av samfunnet sitt beredskapsapparat**
- **Effektiv handtering av kriser**

**Samfunnstryggleik vert definert som den evna samfunnet har til å oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar og ivareta borgarane sine liv, helse og grunnleggjande behov under ulike former for påkjenning.**

Samfunnstryggleiksbegrepet skal dekka tryggleik mot heile spekteret av utfordringar, frå avgrensa naturskapte hendingar, via større krisesituasjonar som representerer omfattande fåre for liv, helse, miljø og materielle verdiar, til tryggleiksutfordringar som truar nasjonen sitt sjølvstende eller eksistens.

I arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap skal og vurderast årsaksreduksjon og konsekvensreduksjon.

**Årsaksreduksjon** er førebyggjande tiltak for å redusera sjansen for uønskte hendingar. Årsaksreduserande strategiar kan vera førebyggjande som t.d. å sikra samfunnsfunksjonar gjennom arealplanlegging, til tiltak som varsling.

**Konsekvensreduksjon** er å setja i verk tiltak i fall uønska hendinga skjer, og at konsekvensane av desse uønskte hendingane vert så små som mogeleg.

Konsekvensreduserande tiltak kan vera beredskapstiltak, som planar og planlegging, materiell og øvingar, eller tiltak for å styrka evna til å handtera ei hending på det operative eller administrative nivået.

Desse prinsippa gjeld for nasjonalt tryggleiks- og beredskapsarbeid:

- **Ansvarsprinsippet** betyr at den som har eit ansvar i ein normalsituasjon også har eit ansvar i tilfelle ekstraordinære hendingar.
- **Likhetsprinsippet** betyr at den organisasjonen ein opererer med til dagleg, skal vera mest mogeleg lik den organisasjonen ein har under krisen.
- **Nærleiksprinsippet** betyr at kriser skal handterast på eit lågast mogeleg nivå.

Fylkesmannen har i sin rettleiar ei sjekkliste for å avdekka risikotilhøve i samband med nye arealdisponeringar. Ved utarbeiding av ROS-analysar vil Stord kommune bruka denne lista.

## RISIKOKATEGORIAR


Risikotilhøve er delt i 3 kategoriar:

- **Naturrisiko** - skred, flom i vassdrag, høg vasstand, sterkt vind, ekstremnedbør, skog-/lyngbrann og radon.
- **Verksemrdsrisiko og beredskapsrisiko** - risikoverksemder, forureina grunn, elektromagnetisk stråling, trafikktryggleik, skipsfart og brannvesen m.m.
- **Sårbare objekt** - frilufts-/friområde, kulturminne, verneområde, vatn, elvar/vassdrag og andre sårbare område - jamfør ROS-analysen for Stord og Fitjar kommune sist revidert i 2008. Sikra trafikksikring/transportavvikling ved evt. mellombels stenging av Trekantsambandet.

## RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE (ROS – ANALYSE)

Risiko- og sårbarhetsanalyse Stord/Fitjar kommune vart sist revidert okt.-08 og inneholdt analyse av ei rekke tema som ligg til grunn for tryggleiken i Stord kommune, og som må følgjast opp ved rullering av kommuneplanen. Det må her fokuserast på følgjande moment:

- Kriseleiing og informasjon er stetta i Beredskapsplan for administrasjonen. Den vart rullert sist i 2009 og det er lagt opp til regelmessige øvingar i Stord kommune.
- Straumtilførla er sikra gjennom fleire alternative innføringer av straum, men fleire institusjoner, sentrale bygg, vassforsyning og avlaupsanlegg er sårbar ved straumsvikt. Naudstraumsaggregat kan løysa nokre akutte krisesituasjonar her.
- Telekommunikasjon og IT er tilfredsstillande sikra, men framtidig utbygging bør gjerast i tett samarbeid med kommunane.
- Ulukker på land og sjø er sannsynlege og kan vera svært kritiske.
- Brannberedskapen er god gjennom den vedtekne brannordninga som må følgjast opp. Nokre kommunale bygg og omsorgsbustader bør sikrast bedre. Lokalisering av særskilde brannobjekt, utbygging av ny og gammal industri må ha brannmessige føringar i reguleringssplanane.
- Dimensjonering av bygningar og andre konstruksjonar må ta ekstreme vind og vertilhøve med i vurderingane. Det trengst ein informasjonsplan for prosedyrar som skal nyttast i høve ekstremt ver.
- Luftureining er eit globalt problem som ikkje kan løysast lokalt, men her har Fylkesmannen og statlege organ viktige funksjonar.
- Kommunen treng ein ROS - analyse av drikkevassforsyninga som kan gje grunnlag for ein ny beredskapsplan for vassforsyning, og det bør liggja føre ein kvalitetsgaranti for dette næringsmidlet.
- Det vart gjennomført ein ROS analyse for avlaupsvatn i 2003-04. Kommunen må utarbeida beredskapsplan for transportnettet i sam-



band med rullering av hovudplan for avløp.

- Smittevernplanen må rullerast saman med resten av beredskapsplanverket i kommunane.

Hovudkonklusjonen i ROS-analysen er at risiko- og sårbarhetssituasjonen i Stord er tilfredsstillande, unntake:

- pandemi influensa
- brann i høghusvære
- kollisjon/brann, ADR (farleg gods) i tunell over 500 meter
- brann i usprinkla sjukeheim eller omsorgsbustad
- bussulukke 30-50 skadde
- småflyulukke/flyulukke
- skogbrann i nærliken av dynamittlager

Kommunen har m.a. gjennomført følgjande tiltak som oppfølging av ROS-analysen 2001:

- Kommunen har gjennomført øvingar for kriseleiinga og beredskapsøvingar i ulike eininger. Det er kome redningsbåt sentralt plassert i Leirvik hamn.
- Stord sjukeheim og Knutsåsen omsorgssenter er fullsprinkla og nye omsorgsbustader er bustadsprinkla. Leirvik skule har fått sprinkelanlegg på store delar av bygningsmas-sen, medan Sagvåg skule og den nye ungdomsskulen i Nordbygdø er fullsprinkla.
- Det er installert nytt naudstraumsaggregat ved Stord sjukeheim/Backertunet og ved Knutsåsen omsorgssenter.
- Bu- og rehabiliteringssenteret er kopla til Sunnhordland kraftlag sitt naudstraumsaggregat ved jordkabel.
- Kommunen har bygd eit høgdebasseng på vassforsyningsnettet lokalisiert til Nysæter. Huglo har fått betra drikkevassforsyninga ved at abonentane er kopla til Stord kommune

sitt vassverk via sjøleidning under Langenuen

- Avtale med SKL om nedtapping av drikkevasskjelda er justert slik at det vert sikrare vassforsyning til abonentane i Stord i tørrversperiodar
- Det er bygd gang- og sykkelveg på den utbretta delen av E39
- Kommunen har fått utarbeidd ein rapport frå geolog om rasfarlege område i kommunen.

### **ROS - ANALYSEN SKISSERER I TILLEGG VIDARE**

Betydelege klimaendringar, store miljø-utfordringar og aukande tal på naturkatastrofar, gjer at kommunen må ha særskilt fokus på naturrisiko. Ekstremver med nedbør og påfylgjande flaum, sterkt vind med store skadar på bygg og infrastruktur, samt høgare vasstand, er resultatet av desse endringane. Kommunane må gjennom ROS-analysar kartleggja om areal er særskilt vind- og/eller flaumutsett, og leggja inn krav i føresegndene til reguleringsplanar. Kommunen sine drifts- og vedlikehalds-planar for det kommunale vegnettet må leggja vekt på trafikksikring og forsvarleg trafikkavvikling. Det skal lagast ein tematisk hovudplan for veg.

Kommunen bør difor innføra krav om at det skal gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalysar for alle utbyggingsområde. Ved utarbeiding og rullering av kommuneplanar/-kommunedelplanar/ sektorplanar skal det gjerast ROS-analysar for viktige tiltak med verknad på menneske, drift, miljø, omdømme og økonomi. Utsette område med omsyn til biologisk mangfald i Stord og Fitjar ligg i Naturbasen: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no). Det er viktig at kommunane har personell som kan gå inn i denne naturbasen og ta ut kart over sårbare område når uhellet har hendt. Kommunen må fylgje opp plikta si for naturreservata og i beredskapsplanane ta med tiltak som

kan redusera skadeverknadene dersom uhell skulle henda.

Det bør arbeidast med å få etablert eit tettare samarbeid om brann- og redningstenesta på Stordøya. På sikt bør det vurderast eit utvida interkommunalt samarbeid om brann- og redningstenestene i sunnhordlandsregionen. Det må liggja føre fullstendig branndokumentasjon for institusjonane og omsorgsområda. Kommunen må bustadsprinkla alle omsorgsbustadane. Handlingsplanar for sprinkling må utarbeidast og innarbeidast i nye anlegg. Redningsutstyr må dimensjonerast i høve utbyggingsmønster med høghus og fortetting.

Drikkevassforskrifta sine krav til sikker og god vassforsyning må følgjast opp, og driftspersonalet må gjevest naudsynt opplæring for å takla utfordringene som ligg i kvalitettskrava til vatnet – jfr IK-system vatn. Beredskapsplanane for vasshandsaming og vassforsyninga må rullerast jamlegg.

**Kommunen må aktivt bruka ROS-verktøyet som grunnlag for krise-/beredskapsplanar i kommuneplanlegginga og reguleringsplanarbeidet.**

**Kommunen vil utarbeida ein felles overordna plan for samfunnstryggleik og beredskap. Planen må fastsetja klare retningsliner og målsettingar for dette området.**

Det er gjennomført ein særskilt risiko- og sårbarhetssanalyse (ROS-analyse) der konsekvensar for dei einskilde nye utbyggingsområda er vurdert. Analysen ligg som vedlegg. Konsekvensane vert omtala under kapittel om arealdelen.

Hovudkonklusjonen er at ROS-analysen ikkje har avdekkta overskriding av lovverket sine føresegner eller kommunen si vurdering av akseptabel risiko.

## SAMFUNNSTRYGGLEIK OG BEREDSKAP:

# Beredskap

**Frå 1.1.2010 er kommunen pålagt beredskapsplikt i medhald av «*Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og sivilforsvaret*».**

## MÅLSETJING

Stord kommune skal ha høg samfunnstryggleik og beredskap og vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i.

Beredskap er evne til å handtera og redusera skadeverknader av uønskte hendingar som kan føra til skade på eller tap av verdiar. Stord kommune har utarbeidd ein eigen overordna beredskapsplan som sist er revidert i 2009. I arbeidet med beredskapsplanar, og for å oppnå ein effektiv beredskap, har Stord kommune lagt til grunn ein heilskapeleg og samanhengjande prosess med følgjande fasar og tiltak:

- Effektiv førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunnskritiske funksjonar
- God organisering av samfunnet sitt beredskapsapparat
- Effektiv handtering av kriser

## FASE 1: KARTLEGGING

- Kartleggja risikosituasjonen, krav og forventningar

## FASE 2: MÅL OG ORGANISERING

- Setja mål for tryggleik og beredskap
- Organisera arbeidet med tryggleik og beredskap

## FASE 3: GJENNOMFØRING

- Utarbeida krisoplanar
- Styrkja beredskapskompetansen
- Ivareta tryggleik og beredskap i planlegging, tenesteyting og sakshandsaming
- Sikra redningspersonell tilgang til nytt moderne redningsutstyr som gir rask og effektiv redning

## FASE 4: EVALUERING OG UTVIKLING

- Evaluera og utvikla tryggleiks- og beredskapsarbeidet ved rutinar for ajourhald, beredskapskjennomgang (totalvurdering av arbeidet) og tilsyn

## LOVVERKET PÅLEGG KOMMUNANE Å IVARETA TRYGGLEIK OG BEREDSKAP FOR M.A.:

- Beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga (BIS) etter plan- og bygningslova
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann- og ekspløsjonsvern
- Sikkert drikkevatn
- Ordna tilhøve for utslepp av avløpsvatn
- Trygg gassforsyning
- Informasjon



## DELMÅL 1

**Beredskapsplan for administrasjonen og dei ulike einingane er oppdatert og kjend i organisasjonen, og omleggingsplan for institusjonane er rullert.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Kriseleiinga er trena og administrasjonen har eit system for arbeid med beredskap internt, overfor einingane og aktuelle tenesteområde
- Personell prioriterer arbeid med beredskap og oppdatering av aktuelt planverk

### DETTE KAN ME GJERA

- Øving kriseleiing minst 2 gonger i året
- Ha tilfredstillande beredskapsvakt for viktige fagområde i kommunen (teknisk, helse, samferdsle m.m.)

## DELMÅL 2

**Kommunen er kjend med og kan ta del i omleggingar i Helse Fonna som kan ha verknad for den lokale helseberedskapen. Legevakta må vera velfungerande med ordningar som sikrar innkalling av ekstrapersonell når det er trøng for det. Ambulansetenesta må støtta opp under legevakta og vera ein forlenga arm for lokalsjukehuset.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Kommunen nyttar dei aktuelle fora som gjeld i samarbeidet mellom Helse Fonna og kommunane
- Legevakta har eit internkontrollsysteem som fungerer og er budde på tilhøve som krev auka ressursar, og legetenesta i kommunen og ambulansetenesta har jamnleg samtrening og prioritær arbeid gjennom lokalt akuttmedisinsk team

### DETTE KAN ME GJERA

- Ha samhandlingsmøte med Helse Fonna
- Oppgradera internkontrollsysteem for legevakta
- Samtrening med ambulansetenesta

## DELMÅL 3

**Drikkevasshandsaming og levering må vera trygg og hygienisk tilfredstillande, og avlaupsanlegg må fungera tilfredsstillende.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Det er utført ROS analyse og utarbeidd beredskapsplan for drikkevasshandsaming og forsyning, og ROS analyse for avlaupssystemet vert grunnlag for beredskapsarbeid og oppfølging. Det er fokus på reinhald av avlaupssystem for overvatn

### DETTE KAN ME GJERA

- Jamnleg oppdatering av beredskapsplan for vasshandsaming og vassforsyning

## DELMÅL 4

**Kommunale vegar må vera slik at beredskapsressursar kjem fram når det er trøng for det.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Utbygging av kommunale vegar og vedlikehald av desse tek beredskapsmessige omsyn

### DETTE KAN ME GJERA

- Prioritera arbeidet med hovedplan for veg, og trafikksikring

## DELMÅL 5

**Utsette naturområde må sikrast mot skade, og kommunen må vera rusta mot ekstremver.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Aktuelt personell har kunnskap om utsette naturområde og bruk av naturbase.no
- Kommunen har system for varsling av og tiltak ved venta ekstremver. Det er gjort ROS-analyse i høve ekstremver ved aktuelle nye tiltak og planar for tiltak i område som ikkje er vurderte som tilfredsstillande sikre. Vedlikehaldsarbeid har fokus på tilhøve med ekstremver

### DETTE KAN ME GJERA

- Oppgradera kunnskapen til aktuelt personale som har ansvar for utsette naturområde
- Ha fokus på ekstremversituasjonar
- Følgja opp utarbeidde planar for tiltak i høve ekstremver

## DELMÅL 6

**Konsekvensane av uønskte hendingar skal reduserast.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Oppgradering av eksisterande omsorgsbygg
- Oppgradering og fornying av naudsamband og veger i kommunen
- Utforma og skriva ein forpliktande samarbeidsavtale med kommunane i Sunnhordland og Haugalandet

### DETTE KAN ME GJERA

- Styrka tryggleiken for eldre, funksjonshemma og andre særskilde risikogrupper i kommunale bygg og andre omsorgsbygg
- Meir informasjon og styrka branntilsyn i alle omsorgsbygg.
- Ha tilgang til moderne redningsutstyr og høg kompetanse
- Ha ei varsling, sambandsnett og infrastruktur som gjer det mogeleg for beredskapspersonell å gje innbyggjarane best og raskast mogeleg hjelpe i ein nødssituasjon
- Budsjettera i langtidsbudsjett , og følgja opp av risikovurderingar
- Auka øvingar for beredskapspersonell
- Få til eit tettare og meir forpliktande samarbeid mellom kommunane i Sunnhordland for å takla større brannar og ulykker
- Felles kompetanseheving
- Øvingar og felles innkjøp



# Folkehelse

**God helse er ikkje å sleppa sjukdom. Det er kjensle av å vera i stand til å møta utfordringar som livet gir. Helse vert til der folk lever og bur. Kommunen si vanlege verksemd, som barnehage, skule, kulturtilbod, idrett og samferdsle, legg grunnlag for helse og kjensle av å ha det godt. Folkehelse er den samla helsetilstanden og korleis denne fordeler seg mellom folk. Ei god folkehelse er kanskje den viktigaste ressursen eit samfunn kan ha.**

Utviklinga viser at vi har lukkast med å få eit samfunn med gode levekår og gode helsetenester. Samstundes ser vi at ulik fordeling av makt og ressursar gjev helsekilnader. Desse to utviklingsdraga vil påverka folkehelsa i åra framover. Det er viktig for den ein-skilde sitt liv og samfunnet sitt høve til å halda oppe ein berekraftig velferdsstat, at desse utfordringane vert møtt med målretta tiltak bygde på kunnskap.

## FOLKEHELSEARBEID

Føremålet med folkehelsearbeid er å setja folk i stand til å ta kontroll over eiga helse og faktorar som påverkar den. Dette gjer ein ved å styrkja dei tilhøva som fører til betre helse og å redusera dei som kan gje dårlegare helse. Dei viktigaste områda for dette arbeidet er ikkje i helsevesenet, men der folk lever og er i aktivitet. Innsatsen kan ikkje berre rettast mot faktorar på individnivå, men også mot samfunnstilhøve som avgrensar eller styrkjer tilhøva for den ein-skilde til å ta kontroll. Folkehelsearbeid er ei samfunnssoppågåve som må ta i bruk alle sektorar og samla arbeidet på tvers av sektorane, for at vi skal ha det godt trass ulike vanskar i livet. Helsetenesta har ei særskild rolle i folkehelsearbeidet og må vera ein sentral pådriver i arbeidet på tvers av sektorar.



## UTFORDRINGAR

Helse og trivnad er viktig for alle, men føresetnadene for å nå dette er ulike. Skilnaden i helse og levekår mellom ulike samfunnsgrupper er stor og aukar framleis. Tilhøva knytt til sosialt nettverk, oppvekst, utdanning, jobb, kosthald og fritidsaktivitetar er avgjerande for helsa. Grunnlaget for utfordringane om 20-30 år vert lagde i dag. Kunnskap i dag må føra til handling for å sikra helse og gode liv i framtida. For å jamna ut skilnadene er det naudsynt å påverka dei strukturane i samfunnet som styrer åtferda og leggja til rette for sunne val. Utfordringa til kommunen er å finna fram til helse-

fremjande tiltak som når dei gruppene som treng det mest. Dette krev at ein veit korleis faktorar som påverkar helsa er fordelt i kommunen.

Eit lokalt folkehelsearbeid bygd på kunnskap må støtta seg på tverrfagleg kompetanse frå ei rekke fagområde. Arbeid, utdanning, inntekt og samfunnsstruktur er avgjerande for helsekjensla hjå folk. Folkehelsa heng saman med korleis samfunnet er organisert, og planlegging får konsekvensar for den vidare utviklinga av folkehelsa. Det må leggjast til rette for at helsektoren får auka kompetanse på tverrsektorelt arbeid slik at ein kan følgja med på dei viktigaste områda som påverkar helsetilstanden.

Levevanane våre har stor innverknad på helsekjensla. Nasjonale undersøkingar viser at mange av oss ikkje følgjer det som er tilrådd. Sjukdommar knytt til usunn mat og lite aktivitet aukar, og råkar meir yngre personar. Her må det leggjast til rette for at folk kan gjera sunne val. Foreldra har eit særskilt ansvar for å lære borna sunne levevanar.

## PARTNARSKAP FOR FOLKEHELSE

Stord tek del i Partnarskap for folkehelse i Hordaland saman med fylkeskommunen, kommunar, høgskular, frivillige organisasjonar, helseføretak og friluftsråd. Partnarskapet spreier kunnskap og utviklar strategiar og satsingsområde for folkehelsearbeidet. Samarbeid mot like mål gjev betre høve til å lukkast. Folkehelsekoordinatoren som er kommunen sitt knutepunkt i dette, arbeider saman med ei gruppe frå ulike sektorar. Kommunen arbeider også for å oppretta lokale partnarskap t.d. med frivillige organisasjonar.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta møter alle barn og føresette i kommunen, og er eit viktig kontaktpunkt mot andre tenester. Dette er og ein høveleg stad for innsats for god ernæring, auka fysisk aktivitet og førebygging av helse-skadeleg bruk av tobakk og rusmiddel.

Framandkulturelle må ha særskild merksemd og tilrettelegging for å dempa sosial- og helsemessig skeivutvikling. Omgivnadene i det nye samfunnet kan krevja omstillingar av levesett for å unngå helse- og levekårsproblem

Depresjon, angst og rusmiddelbruk er mellom dei sjukdommene som er mest utbreidde i verda. Desse tilstandane er tilgjengelege for førebygging. God psykisk helse er eit samla ansvar på tvers av sektorar, faggrupper og tenester. Mykje tyder på at det viktigaste tiltaket er inkluderande skule og arbeidsliv. Barn som lever med foreldre som har psykisk liding, rusmisbruk eller utøver vold må få særskilt merksemd, og det må utviklast fagkompetanse og tilbod som kan møta desse barna sine behov.



## MÅLSETJING

Stord kommune er eit inkluderande samfunn med tilhøve for gode oppvekst- og levekår for alle. Universell utforming er grunnlag for deltaking og aktivitet.

## DELMÅL 1

**Kommunal planlegging fremjar inkludering og god folkehelse.**

### DETTE KAN ME GJERA

- Utvikla system for reell tverrfagleg påverknad i utviklinga av planane
- Offentlege og private utbyggjarar har kompetanse innan folkehelse
- Tverrfagleg communal kompetanse til disposisjon tidleg i planleggingsfasen

## DELMÅL 2

**Sosiale skilnader i helse er redusert.**

### DETTE KAN ME GJERA

- Tydeleg brukarmedverknad
- Det ligg føre eit oversyn over levekår og andre faktorar som påverkar helsa til folk i kommunen
- Denne kunnskapen ligg til grunn ved prioritering av tiltak og utvikling av tenestetilboret
- Det vert drive tiltak som fører til reduserte helseeskilnader. Tilgjengelege kulturtilbod og aktivitetar med låg terskel er viktig.
- Tenester med førebyggjande arbeid mot kriminalitet, rus og psykiske vanskar vert haldne oppe og styrka.
- Det er samarbeid med fagmiljø utanfor kommunen, m.a. gjennom Partnarskap for folkehelsa.

## DELMÅL 3

**Innbyggjarane har sunne levevanar og gjer gode val for helsa.**

### DETTE KAN ME GJERA

- Folk har naudsynt kunnskap og føresetnader for å leva godt.
- Der er lagt til rette for fysisk aktivitet for alle med universelt utforma tilgang til gang/sykkelvegar, turvegar, friluftsområde, leikeplassar og ulike idrettsanlegg.
- Barnehagar og skular legg vekt på dagleg fysisk aktivitet og sunt kosthald
- Samarbeid mellom einingane, og mellom kommunen, frivillige og private, vert vektlagt. Oppretta lokale partnarskap.
- Det er lagt til rette for nettverksbygging, naturopplevingar, sosiale aktivitetar og meiningsfull kvardag.

# Satsingsområde

Prioriterte tema i kommuneplanen er kalla «satsingsområde». Kommuneplanen for 2010-2021 har desse tema:

- **Byutvikling, senterstruktur og samferdsel**
- **Miljø, estetikk og trivsel**
- **Arbeid og næringsliv**
- **Oppvekst**
- **Rehabilitering, helse og omsorg**
- **Arealdelen**

Kommuneplanen for 2004-2015 inneholder desse tema:

- Byutvikling
- Estetikk, miljø og trivsel
- Næring og sysselsetjing
- Oppvekst
- Arealdelen

I tillegg inneholder planen eige kapittel om samfunnstryggleik og beredskap. For kvart satsingsområde er det stutt gjort greie for utfordringar, målsetjing, delmål, strategiar og tiltak.

Ved denne revideringa har formannskapet i tillegg vedteke å innarbeida eit nytt satsingsområde kalla Rehabilitering helse og omsorg.

Elles er namnet på satsingsområdet Byutvikling endra til Byutvikling, senterstruktur og samferdsel, og Næring og sysselsetjing er endra til Arbeid og næringsliv. Det er og sett større fokus på miljø slik at satsingsområdet får namnet Miljø, estetikk og trivsel.



## SATSINGSMÅL

# Byutvikling, senterstruktur og samferdsel

**Stord er det naturlege senteret i Sunnhordland i kraft av geografisk midtpunkt og kommunikasjonsknutepunkt med tilbod av tenester innan privat og offentleg tenesteyting, handel, undervisning, kultur. Stord har eit sterkt industrimiljø med store nasjonale og internasjonale verksemder.**

**Aktiviteten på Stord er difor i stor grad avgjerande for den samla aktiviteten i Sunnhordland. Stord har i dag mange funksjonar som naturleg hører heime i ein region av Sunnhordland sin storleik.**

Dersom ein skal utvikla ein god og livskraftig region, er det viktig at ein har eit regionsenter som er lett tilgjengeleg frå andre kommunesenter i regionen. Regionsenteret må også ha tilstrekkeleg breidde i tenestetilboden slik at det tener regionen på ein god måte. Stord som regionsenter må også ha fokus på nabokommunane og omlandet sine behov. Dersom ein er saman om tiltak, vil dette styrkja både omlandet og regionsenteret.

Skal regionsenteret fungera godt, vil dette vera avhengig av gode kommunikasjoner til dei større sentra nord og sør for oss - Bergen og Stavanger - slik at overordna tilbod som desse har, lett kan nåast. Eit slikt samspele mellom regionsenteret og dei større sentra på den eine sida og kommunesentra internt i regionen på den andre sida, vil vera med å sikra busetnad, næringsliv og velferdstilbod for innbyggjarane i heile regionen.

For Stord vil det vera viktig å ha fokus på utviklinga av byen, og bydelane. Slik kan ein sikra at ulike funksjonar og tilbod, både regionale og lokale, får optimale plasseringar og at dei tener både regionen og innbyggjarane i Stord best mogeleg. Spesielt er det viktig å ha fokus på samspelet mellom Leirvik og Heiane.

Gjennom dette overordna plandokumentet vil ein peika på område og tiltak



som bør prioriterast slik at kommunen vert ein endå betre og trivelegare stad å vera både for fastbuande og tilreisande.

Målsetjingane i dette plandokumentet kan berre gjennomførast gjennom eit positivt og aktivt samspele mellom kommunen, det private næringslivet og enkeltpersonar. Kommunen vil såleis ha ei viktig oppgåve i å aktivt stimulera til handling og gjera sitt til at delmål og tiltak kan gjennomførast på ein rasjonell og effektiv måte.

## UTFORDRINGER

Stord har som by, regionsenter og lokalsamfunn ei rekke utfordringar dei nærmaste åra. Det er viktig at me møter desse med ein klår definert strategi.

## VEGNETTET

Stamvegnettet treng opprusting og utbygging i takt med aukande trafikk på vegane. Ansveret for riksvegane er overført til fylkeskommunen – noko som kan gi ei ekstra utfordring både i høve til organisering og fordeling av midlar.

Fleire stader treng lokalvegnettet opprustning og fleire kryss mellom stamveg og lokalveg må utbetrast. Det vert her vist til eigen forstudie om oppgradering av E39 med tilførselsvegar.

## KOLLEKTIV TRAFIKK – MILJØ

Det er ei utfordring å utvikla tenlege kollektivruter – både for buss, ferje og snøggbåt samt betra korrespondansen mellom dei ulike tilboda.

## MÅLSETJING

Stord skal vera ein attraktiv kystby og det naturlege senteret i regionen.



### GANG- OG SYKKELVEG

Det må utviklast eit tenleg gang- og sykkelvegnett mellom dei ulike bydelane. Dette gjeld både transportsykling og fritidsbruk, jamfør eigen rapport om grøntstruktur, turvegar og gang-sykkelvegar på Stord.

### INTERNE SENTERFUNKSJONAR – BYDELAR OG LOKALSENTRA

Det er ei utfordring å balansera den interne senterutviklinga mellom Leirvik og Heiane samt byggja opp bydelane/lokalsentra med tenlege tilbod for publikum.

### PARKERING

Det vil vera spesielt viktig at ein finn gode og framtidsretta parkeringstilhøve for bilar, el-bilar og syklar i sentrum.

### UNIVERSELL UTFORMING

Universell utforming skal leggjast til grunn for utbygging av gang- og sykkelvegnett, kollektive transportløysingar, grøntanlegg, parkar, torg, etc., samt andre ålmenne tilbod.

### KOMMUNIKASJON NORD–SØR,

#### AUST–VEST

Det er ei utfordring å betra kommunikasjonane mellom Stord og Bergen (Kyststamvegen) og mellom Stord og Oslo (Haukelivegen).

### BYSTRUKTUR

Det er viktig at Leirvik som sentrum i byen, utviklar seg vidare med bystruktur med omsyn til gater og kvartal, byrom, parkar, bygningar, etc.

### IDENTITETSSKAPING

I leit overordna perspektiver er det behov for å synleggjera Sunnhordlandsregionen betre samt styrkja identiteten til Stord og dei ulike bydelane/lokalsentra.

### TILGONG PÅ RESSURSAR – GJENNOMFØRING AV PLANAR

Politisk vil det vera ei utfordring å løyva tilstrekkeleg med ressursar og prioritera mellom ulike tiltak, både frå lokale politikarar og frå overordna mynde.

Det vil vera ei spesiell utfordring knytt til å gjennomføra godkjente planar. Her vil det vera behov for eit godt samarbeid mellom kommune og private aktørar.

### STRUKTURENDRINGER

Strukturendringar både i offentleg og privat sektor skjer i stadig aukande tempo. Dette medfører omorganisering, sentralisering, effektivisering og spesialisering.

### SAMHANDLING

Det kan vera ei utfordring for regionen å samhandla fordi kommunane har sprikande interesser og divergerande syn i enkeltsaker. Behovet for interkommunalt samarbeid vil auka.

### REGIONALISERING/SENTRALISERING

Ein merkar aukande «konkurranse» frå andre regionar – spesielt bergensregionen, haugesundsregionen og stavangerregionen. Dessutan talar mykje for at det går mot større regionar, t.d. ein vestlandsregion - noko som kan, sett frå lokalsamfunnet Stord sin ståstad, medføra sterkare sentralisering.

Dersom ein klarar å møte desse utfordringane, vil mykje liggja til rette for ei positiv utvikling av Stord som by og regionsenter.

Sunnhordland treng Stord som eit sterkt og livskraftig regionsenter.

## BYUTVIKLING, SENTERSTRUKTUR OG SAMFERDSEL

# Byutvikling

**Stord er det naturlege regionsenteret i Sunnhordland, og mange offentlege og private funksjonar som naturleg høyrer heime i eit regionsenter, er lagt til kommunen. Innan mange område har Stord ein formell regional status, som t.d. innan kultur og idrett med regionalt kulturhus, regionale idrettsanlegg, regionalt museum (konsolidert museum), etc.**

Det vert arbeidd for å få regional status på planlagt sjøsportssenter og ein bør arbeida for å få etablert fylkesgalleri. Stord sjukehus har ein viktig regional funksjon som einaste sjukehus mellom Haugesund og Bergen. For å oppretthalda eit godt tilbod til innbyggjarane i regionen er det viktig at sjukehuset også har akutt-funksjonar.

Stord har i dag eit godt tilbod innan vidaregåande skule med liner som også dekkjer regionen. Dei siste åra har det skjedd ei sterk utbygging og konsentrasjon av Høgskulen Stord/Haugesund på Rommetveit. Dette området bør difor kunne utvikla seg vidare til eit sterkt kompetansesenter i regionen.

Målet må vera å vidareutvikla dei tilboda som Stord har i dag, samt finna nye funksjonar som styrker Stord som regionsenter.

Det er viktig at Leirvik vert gjort attraktiv slik at funksjonar som naturleg høyrer heime her, vert etablert i sentrum.

Sentrum må vera konsentrert slik at aktivitetar og tilbod lett kan nåast av publikum utan bruk av bil. Dette krev gode og sentrale plasseringar av infrastruktur som parkeringsanlegg, busstoppar, snøggbåtterminal, etc.

Sentrum må fanga tilreisande si merksamd, enten ein kjem frå sør eller frå nord. Ei god og tydeleg skilting mellom anna mot sentrum, er derfor viktig. Det er særleg viktig at byen presenterer seg for trafikkantar ved Åland bru, på Vabakkjen og på Heiane.

Kommunedelplan for Leirvik – «Vitalisering av regionsenteret» – vart vedteken av kommunestyret 6.desember 2007. Kommunedelplanen definerer ei sentrumsgrense og ein indre

sentrumskjerne. Sentrumskjernen er delt inn i 10 kvartal med eigne føringer for utnyttingsgrad og byggehøgde. Kommunedelplanen slår fast at Leirvik skal vera sentrum i byen Stord og at sentrum skal utvikla seg vidare med omsyn til bystruktur. Dette inneber mellom anna større fokus på kvartaliseiring, høgare utnyttingsgrad og høgare bygg enn det som har vore praksis til no. Kommunedelplanen definerer også krav til opparbeiding av uteareal og parkering knytt til bustadføremål, samt fokus på utvikling og opparbeiding av gode byrom og torg.

I kjølvatnet av kommunedelplan Leirvik er det i privat regi utarbeidd ein reguléringsplan for sentrale delar av Leirvik sentrum (Grand-kvartalet, Rådhuset, Torget og Borggata). Reguleringsplanen fastset byggehøgder og utnyttingsgrad for dei enkelte bygningskroppane innanfor planområdet. Reguleringsplanen legg også føringer for utvikling av nytt torgområde med hovudvekt på området Borggarden/Hagerupshuset, nytt bygg på Torget og felles parkeringsanlegg under Torget.



Eit sentrum utan folk som bur vert eit dødt sentrum. God bustadpolitikk innebefatter at det vert lagt til rette for at fleire generasjonar kan bu saman, for gode møteplassar og grøne lunger. Alt som vert planlagt av nybygg og restaurering

må ha eit inkluderande perspektiv. Alle bustader skal kunna brukast av alle, om ein er ung eller gamal, frisk eller sjuk. Tilgjengelege bustader og uteplassar gir auka livskvalitet til alle som bur der, og vil på sikt avlaste eldreomsorga og

trong for sjukeheimspllassar. Det gir rom for spanande møte med folk i ulike livsfasar og med ulike føresetnader for å leva det gode liv, – eit levande bymiljø.

## DELMÅL BYUTVIKLING

### **Byen skal vidareutviklast som regionsenter med eit levande sentrum og framtidsretta lokalsenterstruktur**

#### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- **Stord skal vera eit regionalt senter for handel, offentleg og privat tenesteyting**
- **Leirvik skal vera sentrum og møteplassen i byen**
- **Stord skal vera eit utdanningscenter for folk i alle aldrar**
- **Stord skal vera senter for idrett og sport**
- **Stord skal vera «kulturhovudstad» i regionen**

#### DETTE KAN ME GJERA

- Arbeida for betre samhandling med nabokommunar som naturleg soknar til regionsenteret
- Arbeida for å marknadsföra Stord og omland innan reiseliv og aktiv oppleving
- Leggja til rette for utvikling av sentrum i tråd med kommunedelplan Leirvik og reguleringsplan Leirvik sentrum
- Realisera strandpromenaden frå moloen til kyrkja
- Pendelbuss mellom Leirvik – Heiane og Skjersholmane.
- Rusta opp kulturaksen – Borggata – Kulturhuset – Vikahaugane.
- Realisera planar om parkar, byrom etc slik dei er definert i gjeldande planar
- Leggja til rette for privat/offentleg samarbeid og utbyggingsavtalar
- Utvikla samarbeidet/samspelet mellom HSH og næringslivet.
- Utvikla campus HSH som kompetansesenter
- Vidareutvikla idrettsanlegg som Vikahaugane Idrettspark, Prestagardsskogen idrettspark og Nysæter idrettsanlegg
- Vidareutvikla Eldøyssjøen Sjøsportsenter ved sikring/erverv av nødvendig tilleggsareal på land for utøving av fritids-, sjøsportaktivitetar og nasjonale arrangement for lag og organisasjonar.
- Etablera rostadion
- Lokalisering av innandørs hall for fotball
- Ferdigstilla kulturplan
- Arbeida for bygging av ny konsertsal
- Arbeida for etablering av fylkesgalleri
- Vidareutvikla museet (folke-, maritimt-, industrimuseum)
- Utvikla kystkulturen
- Utvikla kulturrangement/folkefestar som til dømes nynorskbarnebokfestivalen «Faltiriltu» og Stordfest.

## BYUTVIKLING, SENTERSTRUKTUR OG SAMFERDSEL

# Senterstruktur

**Ved dei siste revideringane av kommuneplanen har det vore fokus på rolledeleinga mellom sentra i kommunen med særleg vekt på Leirvik og Heiane. Erfaringane så langt understrekar behovet for begge sentra. Det er også kome fram eit behov under revideringa av kommuneplanen for å sjå nærmare på senterstrukturen i heile kommunen.**

Leirvik er sentrum i byen med viktige servicetilbod. Heiane er eit viktig supplement til sentrum som har knapt om areal. På denne måten utfyller Heiane og Leirvik kvarandre.

Det må likevel ikkje «gløymast» at Stord har fleire bydelar eller lokalsentra som treng fokus på vidare utvikling. Dette gjeld ikkje minst Sagvåg som er den nest største tettstaden i Sunnhordland – berre Leirvik er større. Ved denne revideringa vil ein difor sjå nærmare på heile senterstrukturen i kommunen.

Kommuneplanen definerer følgjande bydelar og lokalsenter i tillegg til Leirvik sentrum:

- Heiane/ Digernes/Eldøy
- Sagvåg/Litlabø
- Nordbygdo (Hystad/Rommetveit)
- Huglo

**Heiane/Eldøy/Kårevik** er prega av nyetablering av både nærings- og bustadmessig art. Heiane næringsområde har i seinare år blitt utvida og ombygd mellom anna med ny vegstruktur med gangvegar og fortog, etablering av Heiane Storsenter og nye næringsareal. Eldøy/Kårevik er i hovudsak bustadområde. Bydelen har stor gjennomgangstrafikk på E39 og trafikk til Kvinnherad via Skjersholmane. Heiane har også kommunale tenester innan teknisk sektor. Det er også bygd barnehage i området. Hero asylmottak er plassert sentralt på Heiane, likeins voksenopplæring. Fritidsaktivitetar er knytt til bowling og treningscenter. Heiane Storsenter har også apotek og kafeteria. Det er lagt nye planar for bustadutbygging i området Heiane sør, mellom anna med planar for skuleutbygging.

**Sagvåg/Litlabø** er største bydelen utanom kommunesenteret Leirvik. Bydelen har fleire bydelsfunksjonar relatert til

kommunale og private tenester og velferdstilbod. Dette inkluderer bankfilial, post, idrettslag, helsestasjon, fysiologisk institutt, tannlækjar, barnehagar, grunnskulane Tjødnalio, Sagvåg og Litlabø og Nysæter ungdomsskule.

**Nordbygdo (Hystad/Rommetveit)** er i hovudsak prega av bustadområde med nokre bydelsrelaterte tilbod. Bydelen har idrettsanlegg, post i butikk, barnehagar, grunnskulane Hystad og Rommetveit, Nordbygdo ungdomsskule og Høgskolen Stord/Haugesund. Delar av området er jordbruks- og skogsområde. Det er laga nye planar for bustadbygging i Tyse/Vestliområdet. I dette området er det også avsett areal for næringsutvikling, som eventuelt også kan gi rom for aktuelle bydelsfunksjoner.

**Huglo** har få funksjonar som kan relatert til bydelsfunksjon. Området har få

innbyggjarar, og har utfordringar knytt til fråflytting. Huglo har grunnskule og daglegvarehandel. Huglo er likevel eit viktig nærsenter og eit viktig landbruksområde i kommunen, der det er ønskjeleg å opprettehalda busetnad og lokalsamfunn. Det er nyleg utarbeidd eigen kommunedelplan for Huglo.

Bydelane skal kjenneteiknast med trygge oppvekstmiljø, gode tilbod til unge og eldre, tilbod innan offentleg og privat tenesteyting, torg og møteplassar, attraktive bustadområde for både unge og gamle, gode kollektivløysingar, samanhengande gang- og sykkelvegnett, etc. Dette betyr at det må setjast av nok areal i dei ulike bydelane til føremål som fremjar ei slik utvikling. Det bør såleis til ei kvar tid vera tilgjengeleg areal for bustadbygging i dei ulike bydelane/lokalsentra. Dette vil også sikra god og langsiktig bruk av infrastruktur som til dømes skular og barnehagar.



For å sikra god samfunns- og arealplanlegging er det ønskjeleg å utarbeida eigne kommunedelplanar/områdeanalysear for dei enkelte bydelane. Gjennom ein planprosess kan ein avsetja areal til bustad/nærings-/trafikk/offentlege føremål, og slik sikra framtidsretta utvikling av bydelane.

Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel (2002) (FDP) og Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (FP) har nokre føringar i høve bydels- og lokalsentra. FDP definerer senterstrukturen etter dei geografiske nivåa fylkessenter, regionsentra, komunesentra, bydelssenter eller lokal-

senter i kommunen og nærsenter. For senterstruktur på kommunalt nivå viser planen til at den skal fastsetjast i kommuneplanen. Det er i FDP og FP ikkje definert nærmare kva eit bydelssenter skal innehalde av funksjonar og tilbod for innbyggjarane.

## DELMÅL SENTERSTRUKTUR

**Bydelane og lokalsentra i kommunen skal vidareutviklast som gode bustad- og opphaldsområde, med rom for utvikling av næring og offentleg service.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

### DETTE KAN ME GJERA

Det skal setjast fokus på utvikling av bydelar og lokalsenter i tillegg til Leirvik sentrum:

➤ Heiane/Digernes/Eldøy

- Utarbeida kommunedelplan/områdeanalyse for Heiane/Digernes/Eldøy
- Definera bydelssentrum - setja av område til offentlege føremål
- Avklara rollefordeling mellom Heiane Storsenter og bydelssentrum
- Avklara fordeling og lokalisering av nye bustad- og næringsområde, samt utviding av eksisterande
- Lokalisera tomt for barneskule, barnehage, idrettsanlegg.
- Lokalisera opparbeida park/torg, grøntanlegg, turløyper etc.

➤ Sagvåg/Litlabø

- Utarbeida kommunedelplan/områdeanalyse for Sagvåg/Litlabø
- Vidareutvikla og oppgradera bydelssentrum
- Vidareutvikla næringsområde til sjø
- Vurdera lokalisering og omfang av nye bustadområde
- Lokalisera tomt for sjukeheim
- Betra tilhøva for inneidrettar, samt byggja ut turløyper, friluftsområde, etc..
- Vidareutvikla Sagvåg som senter for kystkultur og småbåtturisme

➤ Nordbygdo (Hystad/Rommetveit)

- Utarbeida kommunedelplan/områdeanalyse for Nordbygdo
- Definera lokalsenterområde – avsetja område til offentleg føremål
- Vurdera lokalisering og omfang av nye bustadområde
- Lokalisera og opparbeida park/torg, grøntanlegg, turløyper etc.
- «Binda saman» Prestagardsskogen Idrettspark og golfbanen.

➤ Huglo

- Realisera målsettingane i kommunedelplan Huglo

## BYUTVIKLING, SENTERSTRUKTUR OG SAMFERDSEL

# Samferdsel

**Stord ligg svært strategisk til som knutepunkt for kommunikasjonar, både lokalt i regionen og inn/ut av regionen. Stord har såleis både naturgitte og geografiske føresetnader for å vera kommunikasjonsknutepunktet i regionen. Stord har ei god hamn som ligg sentralt til i hovudskipsleia langs kysten. Hovudferdselsåra nord – sør langs kysten, Kyststamvegen, går over Stord. Flyplassen er også eit viktig supplement for effektiv persontransport inn og ut av sunnhordlandsregionen.**

Ei vidare utvikling av Stord som kommunikasjonsknutepunkt inneber ei sat sing på fleire område. På kort sikt er det behov for å utbetta eksisterande infrastruktur som vegar, ferje- og snøggbåttilbod. Spesielt vil det vera viktig å utbetta stamvegnettet, samt betra strukturen på internvegnettet i kommunen. Her har Statens vegvesen i samarbeid med kommunen utarbeidd ein forstudierapport som viser ulike løysingar for oppgradering av stamvegen med kryss og tilførselsvegar på strekninga Heiane – Kryss med Vestlivegen. Dette arbeidet må følgjast gjennom utarbeiding av kommunedelplan og reguleringsplanar med tanke på gjennomføring av både langsiktige og kortsiktige tiltak. Flyplassen er no sikra finansiering gjennom NTP med årleg statsstøtte. Det hastar også å få sluthandsama kommunedelplanen for sambandet Stord – Kvinnherad for å få ei løsing på framtidig lokalisering av ferjeterminalen.

Vidare er det viktig å betre det kollektive transporttilbodet i kommunen samt gang- og sykkelvegnettet.

På lengre sikt er det viktig å arbeida for eit ferjefritt samband mot Bergen (Hordfast) og fastlandssamband til Huglo. Vidare er det viktig å arbeida aktivt for standardheving av aust/ vest-sambandet over Haukeli.

Trafikktiljingar som vegvesenet har gjort, viser at ein stor del (ca 50 %) av trafikken på E39 mellom Vabakkjen og Heiane, er lokaltrafikk. Berekingar som er gjort, tilseier at i 2030 vil den samla trafikkmengda mellom Heiane og Vabakkjen vera mellom 15 – 20.000 kjøretøy pr døgn (ÅDT). Ut frå normalt tilseier dette ein 4-feltsveg (motorveg) på denne strekninga. I tillegg vil ei utbygging av «Digernesbyen» med første etappe «Heiane Sør» auka desse trafikktalet vesentleg.

Tal på trafikkulukker for Stord er store. I løpet av dei siste 15 åra har det på Stordøya fram til 2010 vore 25 dødsulukker, 15 som har blitt svært alvorleg skada og 125 alvorleg skada personar. Og berre i løpet av 2010 fram til hausten har det vore fleire nye ulykker på strekninga, av desse 2 dødsulykker. Årsaka til alle desse ulukkene er mange, men det er kryssområda, særskilt ved Vabakkjen, Ådland bru, Litlabøkrysset og Tveitakrysset, som er mest utsett.

Dette syner at det er viktig å finna gode og framtidsretta veg- og kryssløysingar for E39 – spesielt på strekninga Heiane – Ådlandsvatnet. Stord kommune har difor teke initiativ til å utarbeida ein kommunedelplan for oppgradering av E39 med kryss og tilførselsvegar på strekninga Heiane – kryss ved Vestlivegen. Som ein lekk i dette arbeidet har Statens veg-

vesen i samråd med kommunen nyleg utarbeidd ein forstudie for E39 Heiane – Ådland. Denne gir nokre førebels konklusjonar på ulike trafikktiltak, men det vil vera behov for å koma i gong med ein kommunedelplan og reguleringsplanar for vegstrekninga så snart som mogleg. Kommunen vil arbeida aktivt for at Statens vegvesen som tiltakshavar for stamvegen og fylkeskommunen som tiltakshavar for tilførselsvegane (fylkesvegar) skal gjennomføra planarbeidet og at tiltaka skal få prioritert i Nasjonal transportplan. Dei mest aktuelle framtidige traseane vert vist i arealdelen for å sikra arealbruken fram til det føreliggende planar. Det er også viktig å få gjennomført ein del strakstiltak som utbetring av Vabakkjenkrysset og planfri kryssing av Fv 544, og hastetiltak som fartsreduksjon på E39 til dess oppgraderingstiltaka er gjennomført.

Ein har erfaring med at utbygging av ein tenleg vegnett ofte tek lang tid på grunn av manglande løvingar frå vegstyremaktene. I dette høvet har både Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune gjeve uttrykk for at dersom kommunen legg opp til deltaking med lokal finansiering, kan prosjektet få høgare prioritet. Bruk av bompengefinansiering kan på denne bakgrunnen vera ein mogleg løysing, dette må vurderast nærmere i eiga utgreiing.



# DELMÅL SAMFERDSEL

**Stord skal ha eit effektivt, miljøvennleg og trafikksikkert transportsystem.**

## KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

## DETTE KAN ME GJERA

➤ Opprusting av vegnettet - både stamvegnett og lokale vegen på Stord

- Utarbeida kommunedelplan og reguleringsplanar for oppgradering av E39 med kryss og tilførselsvegar frå Heiane til Vestlivegen
- Gjennomføra akutte tiltak t.d. i form av fartsreguleringar på E39
- Gjennomføring av strakstiltak ved Vabakkjenkrysset og planfri kryssing av Fv 544
- Opprustning av E39 over Stord med kryss og tilførselsvegar (Stordpakken)
- Utarbeida ein trafikkanalyse for overordna vegsystem, sekundære vegen, kollektivtrafikktrasear, terminalløysingar og gang- og sykkelvegar
- Avklare lokalisering av ferjeleie for Kvinnheradsferja
- Opprusting av Rv 545 på vestsida av Stord
- Vurdera innføring av bompengefinansiering for å finansiera viktige samferdsletiltak i kommunen (Stordpakken)

➤ Arbeida for ferjefrie samband og betre vegsamband ut av regionen

- Arbeida for realisering av ferjefritt samband mot Bergen (Hordfast)
- Ferdigstilla kommunedelplan for fastlandsamband for Huglo
- Arbeida for opprustning av Haukelivegen
- Utbetra vegsambandet på «industriaksen» Bømlo – Stord – Kvinnherad – Odda.

➤ Utvikla tilboda knytt til hamnene

- Auka gjestehamnkapasitet og fasilitetar for båtturistar
- Arbeida for anløp av turistskip (avlastningshamn)
- Vurdera interkommunalt hamnesamarbeid
- Revidera kommunedelplan for hamn (hamneplanen)

➤ Utvida rutetilbod på kollektivtransport

- Arbeida for aukande frekvensar og opningstider for ferjer og snøggbåtar
- Arbeida for utvida rutetilbod og auka frekvens ved flyplassen slik at flyplassen vert eit reelt alternativ
- Arbeida for betre persontransport på sjø – snøggbåten skal vera «bussen» i Sunnhordlandsbassenget

➤ Utbygging av gang- og sykkelvegnett

- Utbygging av samanhengande hovudnett for gang- og sykkelvegar i samsvar med tiltaksplan i rapporten om turvegar og gang- og sykkelvegar
- Arbeida for eit samanhengande regionalt gang- og sykkelvegnett, knytt opp mot Nordsjøløypa.
- Realisera sykkelparkering i sentrum

➤ Utvikla gode parkeringsløysingar i sentrum

- Realisera parkeringsanlegg under Torget
- Vurdera privat/offentleg parkeringsselskap
- Utgreia ulike løysingar for parkeringsordninga i sentrum, til dømes soneparkering, differensierte avgifter.

Ein stor del av biltrafikken i sentrum er gjennomgangstrafikk mellom bustadområde og næringsområde (arbeidsplassar) både aust og vest for sentrum.

Det må gjennomførast tiltak som kan redusera gjennomgangstrafikken i sentrum samstundes som kollektive

løysingar og meir miljøvennlege tilbod må betrast. Døme på dette kan vera nye vegtrasear for å leia biltrafikk utanom sentrum og meir direkte inn på overordna vegnett, miljøtunnellar (Skrivarvegen, Vabakkjen), etc.

ting av gjennomgangstrafikk. Det må gjennomførast ein overordna trafikkanalyse som omfattar hovudvegsystem, sekundærvegar og kollektivtrafikktrasear, terminalløysingar og gang- og sykkelvegar.

Kommunedelplan Leirvik understrekar behovet for tiltak i høve til avlas-

Stord har ein relativt konsentrert og samanhengande busetnad der dei fleste bur og arbeider langs kystlinja avgrensa mot E39 og Rv545. Dette skulle tilsei gode vilkår for utbygging av eit effektiv kollektivsystem og gang/sykkelvegnett mellom dei ulike bydelane/lokalsentra.

Som ledd i eit overordna mål om reduksjon av utslepp av klimagasar og meir effektiv og miljøvennleg energibruk, skal kommuneplanen definera viktige kollektivaksar i kommunen. Tilrettelegging av nye byggjeområde bør av denne grunn i størst mogeleg grad leggjast langs desse kollektivaksane.



Oversyn eksisterande kollektivtilbod

Det vil vera viktig å byggja ut eit godt gang- og sykkelvegnett i kommunen som også tek omsyn til «transportsykling». Sykkelvegnettet bør vera «effektivt», dvs kortast mogleg avstand mellom målpunkt (bustad – arbeidsplass) og bør gjerne følgje trasear for hovudvegnettet. I sentrum må det leggjast til rette for gode og moderne løysingar for sykkelparkering. Det vert her vist til særskilt rapport om turvegar og gang- og sykkelvegar på Stord der hovudkonklusjonar og viktige trasear er vist i arealdelen. Der vert det peika på at det viktigaste enkelttiltaket for å få opp sykkelbruken er å etablera eit samanhengande sykkelvegnett.



Sykkelavstandar mellom bydelar

Det vil også vera viktig å fokusera på gode parkeringsløysingar i sentrum, til dømes parkeringsanlegg som kan byggjast ut i samarbeid mellom private og det offentlege. Det må utarbeidast ein overordna parkeringsstrategi der soneparkering, differensierte parkeringsavgifter, fordeling mellom lang- og korttids-parkering, plassering av parkerings-plassar (nær/fjern parkering) vert vurdert.



## SATSINGSMÅRÅDE

# Miljø, estetikk og trivsel

**Etter kvart som den materielle levestandarden aukar for mange av innbyggjarane, vert spørsmålet om livskvalitet meir aktuelt. Einsidig jag etter materielle gode kan gje redusert livskvalitet. Korleis har me det rundt oss? Korleis verkar det fysiske miljøet inn på trivsel, velvære og samhandling? I samfunnsplanlegginga vert det fysiske miljøet og den estetiske kvaliteten på uteromma stadig viktigare. Reine og vakre omgjevnader og kulturell aktivitet er trivselsfremjande. Trivsel og god livskvalitet er grunnleggjande for optimisme og utvikling og nyskaping. Kulturelt mangfold fører med seg ny kompetanse og nye idear. Eit samfunn der folk trivest er eit vilkår for nyskaping og framsteg. Jordbruket og bøndene er viktige i arbeidet og vedlikehaldet av kulturlandskapet.**

I dei siste tiåra har det vist seg at menneskeleg aktivitet kan vera eit trugsmål mot miljøet og dermed mot livskvalitetane våre. Menneskeskapte utslepp av klimagassar synest å ha påverka klimaet dei siste 50 åra. Noreg bør som eit rikt industriland visa vilje til å redusera eigne utslepp. I arbeidet for å få dette til spelar kommunane ei viktig rolle

## UTFORDRINGAR

### KLIMAUTFORDRINGAR

Bruk av energi og varer aukar ofte med den økonomiske veksten. Stord er ein kommune i vekst, og skal ein nå måla om eit meir energieffektivt samfunn, er det nødvendig med overgang til fornybare energikjelder. For å få ned klimagassutsleppa kan det verta nødvendig med tiltak som påverkar livsstilen til folk. Kommunen må vera budd på, og tilpassa seg, endringar i klimaet.

### NATURVERN – REKREASJON – BIOLIGISK MANGFALD

I periodar med sterk utbygging, slik Stord kommune opplever no, er det ei utfordring å sikra gode frilufts- og rekreasjonsområde for folk. Sameis er det viktig med ei streng prioritering av korleis ein nyttar det som er att av strandsona i kommunen. Det biologiske mangfaldet kan berre sikkast dersom det vert sett av større naturområde skjerna for utbygging

### ESTETIKK

For mange tilreisande er næringsområdet på Heiane det første møtet med

### MÅLSETJING

Stord kommune skal redusera klimagassutsleppa i tråd med Kyotoavtalen sine mål for Noreg og skapa eit meir energieffektivt lokalsamfunn.

Noreg har i Kyotoprotokollen forplikta seg til at utsleppa i 2012 ikkje skal liggja meir enn 1% over 1990-nivået. I 2007 er dei 11% over 1990-nivået.

Stord skal vera eit inkluderande samfunn der mangfold, kunnskap og trivsel er grobotn for optimisme og utvikling. Estetikk, miljø og kultur skal vera med å fremja ei slik utvikling.

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap og rekreasjonsområde skal forvaltas med tanke på ei berekraftig utvikling, og utvalde kulturminne og kulturmiljø skal vernast om som dokumentasjon av fortida og som ein ressurs for framtida.

Stord. Skal dette møtet opplevast positivt, må området få ei meir tiltalande utforming. Ved vidare utvikling av området må det leggjast vekt på trivselen og det fysiske miljøet.

I etablerte sentrumsområde er det ei utfordring å leggje til rette for dei små næringsverksemadene som er så viktige for bymiljøet. Ved fortetting er det også ei utfordring å få nye utbyggingsprosjekt tilpassa eksisterande bygningsmiljø.

### KULTURVERN

Kulturvern har blitt eit sentralt tema i samfunnsplanlegginga. Kommunen er ein stor forvaltar av kulturhistoriske

verdiar. I ein periode med sterk utbygging er det ei ekstra utfordring å verna om eksisterande bygningar og kulturmiljø.

### TRIVSEL

Ein føresetnad for god trivsel er at det finst gode aktivitetstilbod og kulturtilbod til alle aldersgrupper. Stord har alltid hatt sterk tilflytting. Å få til ei god integrering av alle innflyttarane er ei viktig utfordring



## DELMÅL KLIMA OG ENERGI

**Stord kommune sin klima- og energiplan får status som kommunedelplan for klima og energi og med regelmessig rullering. Ved revidering skal planen også omhandla klimatilpassing. Planen skal følgjast opp gjennom overordna planar, og handlingsplan for oppfølging skal utarbeidast årleg. Tiltak og verkemiddel i planen skal vera styrande for kommunen sin politikk.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Setja fokus på klimatiltak og klimatilpassing

### DETTE KAN ME GJERA

- Årleg utarbeida **handlingsplan** for oppfølging av klima- og energiplanen.
- Etablera lokalt/regionalt nettverk for klima og energi.
- **Miljøsertifisera** offentlege og private verksamder.
- Gjennomføra **kompetansehevande** tiltak, både for barn og vaksne
- Ta miljøomsyn ved innkjøp
- Leggja til grunn føre-var-prinsippet og kunnskap om lokale tilhøve ved tilpassing til klimaendringane
- Ta omsyn til auka nedbørsmengde og auka havnivå ved all planlegging

- Nyttar rett energi til rett bruk

- Bruka **fornybar energi** til oppvarming der det let seg gjera
- For nye utbyggingsområde bør det utarbeidast minst eitt alternativ utover oppvarming med elektrisk kraft
- Leggja til rette for bruk av **alternative drivstoff**.
- Naturgassnettet gir høve til å leggja inn biogass i nettet

- Redusera transportbehovet og bilbruken

- Leggja til rette for betre kollektivtilbod langs viktige trafikkårer.
- Etablera samanhengjande nettverk av gang- og sykkelvegar mellom bustadområde, sentrum, skular, friluftsområde og andre viktige knutepunkt.



# DELMÅL NATURVERN – REKREASJON – BIOLOGISK MANGFALD

**Kommunen vil leggja vekt på god arealforvaltning. Gjennom konsentrert utbygging sparar ein areal. Viktige naturområde og biologisk mangfald skal takast vare på og vernast om.**

## KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

## DETTE KAN ME GJERA

### ➤ Unngå unødig byspreiing

- Laga eigne kommunedelplanar for Leirvik, Sagvåg og Heiane, der estetikk og miljøbaserte byggeprinsipp skal ha stor vekt
- Utnyta eksisterande fortettingspotensiale og samstundes ta vare på dei grøne lungene

### ➤ Ivareta større samanhengjande areal for natur og friluftsliv

- Sikra mest mogeleg samanhengjande grøntdrag som bitt indre by saman med naturområda utofor
- Oppretthalda eit sterkt strandvern

### ➤ Ivareta det naturlege biologiske mangfaldet

- Utnyta tilgjengeleg kunnskap om biologisk mangfald og vilt
- Nytt lokale vekstar til å pynta på naturinngrep som t.d. vegskjeringar
- Randsonene til naturvernområda skal i kommuneplanen definera som omsynssoner
- Ta vare på bekkar, vatn og vassdrag og gjera dei tilgjengelege for folk flest, med vasskvalitet som tilfredstiller brukarinteressene
- Sikra førekomstane av dvergålegras.

### ➤ Gje folk i alle aldrar og på alle funksjonsnivå lett tilgjengeleg areal for rekreasjon og fysisk aktivitet

- Opparbeida stiar frå alle sentra i kommunen som leier fram til tur- og friluftsområde
- Gjera inngangane til turområda tilgjengelege med oppmerking og parkeringsplassar for bil og sykkel
- Sikra friområde i nærleiken av skular, barnehagar og bustadfelt
- Utarbeida ein særskild samla plan for turstiar med handlingsplan for gjennomføring
- Opparbeida samanhengjande gang-sykkelveg/kyststi frå Rommetveit/Hystadmarka til Skjersholmane med ulike forgreiningar. Miljø- og kyststien frå Skjersholmane via Sæbø til Eldøyssjøen vert ein viktig lekk i desse planane



## DELMÅL ESTETIKK

**Møtet med Stord skal gje positiv identifikasjon og attkjenning. Naturkvalitetane skal framhevast. Det skal leggjast vekt på at møtet med Stord, anten ein kjem via flyplass, veg eller sjø, set ei ramme som identifiserer kommunen og folket. Det skal leggjast vekt på utforminga langs trafikkårene. Ved utvikling av sentrumsområda (Leirvik, Sagvåg, Heiane) skal det leggjast vekt på estetiske og miljømessige kvalitetar.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Bruka identitetsberande element bevisst langs inngangsportane til Stord.
- Leggja til rette for oppleving av natur og kultur langs alle ferdsselsårer.
- Setja krav til estetisk utforming.

### DETTE KAN ME GJERA

- Medviten bruk av identitetsberande element ved plassering av signalbygg, ved planting langs vegen og i parkar (kristtorn og andre lokale artar), ved val av kunst i dei offentlege romma, ved vern av kulturminne mm.
- Innkjøringane og innseglingane til tettstadene vert gjort vakre og identitetsskapande
- Rydda langs vegane slik at fjorden og landskapet vert meir synleg for dei vegfarande
- Tettstadene skal haldast reine og frie for søppel
- Leirvik sentrum vert oppgradert til å bli eit attraktivt område for innbyggjarar og turistar
- Sambandsliner i sentrumsområde skal vera tydeleg merka og tilrettelagt for estetiske opplevingar undervegs
- Gjera industri- og næringsområde visuelt tiltalande
- Oppretta eit estetikkråd som kan gje fråsegner i kommunale saker
- Utarbeida estetiske retningsliner for hjelp ved byggeskikkpris
- Innføra ein byggeskikkpris



# DELMÅL TRIVSEL

**Stord skal vera trivselkommunen. Kommunen skal vera internasjonal og inkluderande.**

**Tilreisande skal på ein god måte bli integrerte i lokalsamfunnet. Stord kommune skal ha eit breitt utval av kulturtilbod. Bibliotek, kino og kulturskule skal ha god kvalitet.**

## KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Stord skal arbeida aktivt med tiltak som fremjar miljø, etikk og helse.

## DETTE KAN ME GJERA

- Aktivt folkehelsearbeid i skulen, på arbeidsplassen og i organisasjonane.
- Leggja vekt på blomepryda handlegater, torg og møteplassar.
- Oppretta økotun og kolonihagar.
- Vera ein pådrivar for å auka omfanget av rettferdig handel (fairtrade) og økologiske varer lokalt.
- Etablera betre utsalsvilkår for lokale matvareprodusentar, slik at kortreist mat vert eit reelt alternativ til transportkrevjande kjedemat.

- Stord skal vera ein inkluderande kommune.

- Leggja til rette for ei god integrering av alle innflyttarane
- Leggja til grunn prinsipp om universell utforming ved utarbeiding av planar og godkjenning av ulike prosjekt.
- Bumiljøa skal ha variert samansetjing. Variasjon skaper kreativitet.
- Gjennomføra utvekslingsprogram med regionar i andre land. Nord – sør arbeid.
- Tiltak som har til føremål å motverka mobbing i skulen og på arbeidsplassar.
- Støtta «inn-på –tunet» – prosjekt.

- Kommunen skal sikra at alle får høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk

- Spørja oss om det finst fysiske, psykiske, økonomiske, sosiale eller kulturelle årsaker til at deler av befolkninga ikkje deltar i eller får oppleva kultur.
- Leggja til rette for kunstnarar og kulturarbeidarar i offentleg regi. Gjennom kulturskulen, i den kulturelle skulesekken og liknande.
- Alle barn og unge i Stord skal ha tilgang til eit folkebibliotek med høg kvalitet. Biblioteket skal medverka til å skape leseglede og lesedugleik.
- Folkebiblioteket skal både for barn og vaksne vera ein sentral møteplass og ein stad for opplevelingar gjennom bøker og andre media. Folkebiblioteket skal vere ein informasjons- og kunnskapsbase for innbyggjarane.
- Vidareutvikla kulturskulen til eit kulturfagleg ressurssenter for Stord kommune. Kulturskulen skal gje tilbod til alle.
- Setja kulturskulen i stand til å gje tilbod innanfor nye kunstuttrykk som t.d. visuelle kunstfag, skapande skriving, design og foto/video m.m.
- Endring av støttekontakttenesta med å oppretta fritidskontakt.
- Yta kommunale tilskot til drift av lag og organisasjonar.
- Oppretta stilling med hovudansvar for tilbod til barn og unge.

- Kommunen skal syta for at det finst gode kulturarenaer.

- Vidareutvikla, rusta opp, og byggja på Kulturhuset. (kulturskule, bibliotek, kino, teater, konserter, utstillinger, øvingsrom m.m.)
- Setja Vidsteensparken i stand slik at det er lett å skipa til konserter, festivalar m.m.
- Stø arbeidet med å gjera gruveområdet til ein attraktiv kulturarena for fastbuande og tilreisande
- Gje årleg tilskot til private kulturbrygg og kulturanlegg.(Samfunnshuset, Utbygd grenadhus, Samhald)
- Opparbeida fast stor stemnepllass, som gjer det lettvint å arrangera festivalar og sirkus
- Syta for at det finst nok møteplassar for ungdom med ulike interesser



## SATSINGSMÅL

# Arbeid og næringsliv

**Næringslivet i Stord kommune og langs heile vestlandskysten har i perioden 2005 til 2008 vore prega av svært høg aktivitet med rekordstore ordrereservar som varer ut 2009 - 2010. Finanskrisa som ramma Noreg i 2008 skapar samstundes uvisse om framtidsutsiktene til næringslivet, særleg konjunkturfølsame sektorar som bygg og anlegg, detaljhandel og reiseliv.**

Utviklinga i næringslivet i kommunen vil i stor grad vera avhengig av aktivitetsnivået ved Aker Stord AS, Aker Elektro AS og Apply Leirvik AS. Aktiviteten i desse hjørnesteinsverksemndene avheng i stor grad av oljeselskapa sine vidare utbyggingsaktivitetar. Selskapa tevlar internasjonalt og har vunne store kontraktar der produksjonen skjer både lokalt og i utlandet. Dei siste åra har det finskeidige selskapet Wärtsilä Norway AS blitt ein viktig arbeidsplass i Stord kommune. Samstundes viser industrimiljøet i Eldøyane Næringspark at kommunen har mange spanande verksemder som har leiande kompetanse på verdsbasis innan sine teknologiområde.

Omstillinga til nye og framtidsretta arbeidsplassar er i full gang, og me har sett mange gode døme på at me har særleg gode føresetnader for å lukkast i strukturendringa.

## UTFORDRINGER

### FINANSURO

Finansuroa som kom inn over Noreg på ettersommaren 2008, har ført til meir restriktiv utlånpolitikk frå bankane. Både nye og etablerte verksemder opplever større krav til pant og høge renter for å få finansiering i bank. Uroa bidreg også til ei avventande haldning i

### MÅLSETJING

Stord skal

- vera ein leiande kommune i å tilby stabile og forutsigbare rammer for næringslivet.
- ha god infrastruktur som styrkjer kommunen som regionalt senter innan næring, forsking og utvikling (FoU), offentlege tenester, helse, kultur, m.m.
- ha gode tilbod innan tenester, utdanning og opplevingar som gjer Stord attraktiv for folk og verksemder.

marknaden, det fins allereie døme på at viktige prosjekt og beslutningar vert utsett. Høg oljepris har også ført til at investeringsvedtak i olje- og gassnæringa vert utsett. Dette fører saman med finanskrisa til ein kritisk situasjon, der ein dei nærmaste åra ventar monaleg lågare aktivitet i verftsindustrien lokalt, regionalt og internasjonalt.

### NYE MILJØKRAV

Dei globale klimautfordringane vil også påverka vår lokale industri. Verksemndene vil framover kunna oppleve nye og endra rammevilkår som t.d. Co2-avgifter, strengare utsleppskrav, og krav til bruk av miljøvenleg energi. Dette vil påverka verksemndene sin produksjon, teknologi og kostnadssstruktur.

### BREIDDE I ARBEIDSPLASSAR

Andre utfordringar er å utvikla arbeidsplassar i regionen som er utfordrande og interessante for ungdom som supplerer eksisterande arbeidsplassar. Døme på slike arbeidsplassar er innan design, film, media og andre kreative næringar. For å trekka til seg attraktiv arbeidskraft til industrien må ein ha ei breidde i arbeidsplassar slik at ein kan tilby arbeid og karriereutvikling også til ektefelle/partnar. Ei breidde i arbeidsplassar vil gje lokalsamfunnet "fleire bein å stå på", noko som er særskilt viktig i økonomiske nedgangstider.

### DELMÅL

1. Innovasjon og entreprenørskap kjenner til verksemndene sin næring
2. Nye arbeidsplassar innan reiseliv og kulturbaserte næringar
3. Miljøteknologi som forretningsmessig satsingsområde
4. Næringsretta kompetanse vert styrka
5. Sikra tilgong til risikovillig kapital
6. Styrking av Stord sin posisjon som lokomotivet i Sunnhordland
7. Offentleg forvaltning som er effektiv og gjev gode tenestetilbod
8. Vidareutvikla Stord som eit sentrum for handel og service



**DELMÅL 1**

# INNOVASJON OG ENTREPRENØRSKAP KJENNETEIKNA NÆRINGSILIV OG NÆRINGSUTVIKLING

Stord har i mange år vore det industrielle lokomotivet i Sunnhordland. Kommunen skal leggja til rette for utvikling og sikring av framtidsretta arbeidsplassar. Det framtidige industri- og teknologibaserte samfunnet i Stord vert kjenneteikna ved eit levande miljø for

- intraprenørskap, innovasjon og utvikling
- entreprenørskap/gründerkultur

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?****DETTE KAN ME GJERA**

<b>➤ Utvikla eksisterande industriverksemder og etablera nye teknologibaserte verksemder</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeida for gode og forutsigbare rammevilkår med særleg vekt på dei satsingsområda vår industri er avhengig av</li> <li>• Leggja til rette for knoppskyting frå dei større industriverksemndene</li> </ul>
<b>➤ Knyta næringslivet til FoU-miljø gjennom partnerskapsavtalar</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ta initiativ til alliansar mellom høgskule, universitet, kommune og næringsliv</li> </ul>
<b>➤ Styrkja samarbeidet mellom skule og næringsliv</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Søtta opp om arbeidet til Ungt Entreprenørskap for å få fleire elev-studentbedrifter og styrkja samarbeid mellom skule og næringsliv</li> </ul>
<b>➤ Retta fokus på miljøteknologi som framtidig forretningsområde</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennom næringsutviklingsselskapet SNU kan ein leggja til rette for eit tettare samarbeid mellom forskingsmiljø og industri for bruk av miljøvenleg teknologi</li> <li>• Tilby risikokapital til forretningsidear innan miljøteknologi gjennom fondet SNU Prosjektutvikling AS.</li> </ul>
<b>➤ Næringsutvikling i partnerskap mellom kommune, næringsliv og fagrørslle gjennom etablerte næringsutviklingsapparat</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I samspel med sentrale og regionale styresmakter leggja til rette for gode ordningar / vilkår for lokal næringsutvikling</li> <li>• Ha fokus på næringsutvikling gjennom næringsutviklingsselskapet SNU</li> <li>• Strategisk samarbeid med Business Region Bergen (BRB) for å profilera næringslivet i regionen mot viktige marknader</li> <li>• Støtta opp om arbeidet til industriinkubatoren Atheno</li> <li>• Påverka for eit sterkare samarbeida mellom næringane i kommunen</li> <li>• Lytta til og ha dialog med næringane gjennom bl.a. Stord Næringsråd</li> <li>• Samarbeida med lokalt næringsliv</li> <li>• Satsa på lokale nettverk</li> <li>• Det kommunale næringsarbeidet bør i sterkare grad rettast inn mot dei områda der industri/næringslivet er verdsleande og har konkurransefortrinn</li> </ul>



## DELMÅL 2

# NYE ARBEIDSPLASSAR INNAN REISELIV OG KULTURBASERTE NÆRINGAR

Stord er eit attraktivt reisemål, ein stad for oppleving, for sports- og kulturaktivitetar, for festivalar og arrangement av ulikt slag. Stord har rik og allsidig natur. Ytre Sunnhordland er unikt, og området er porten til Hardanger. Det er allsidige kulturaktivitetar og utesader for ein kvar smak. Dette næringsområdet kan utviklast og gje auka aktivitet og nye arbeidsplassar.

Kultur og næring har felles utfordringar i det å skapa og foredra verdiar, selja, finna marknader, tilby høg kvalitet og gjennomføring. For Stord-samfunnet er det viktig å sjå nye muligheter og å finna nye vegar for å skapa og foredra. Samarbeid mellom kultur og næringsliv har mange muligheter, og for næringslivet kan eit samarbeid tyda nye vegar til suksess.

Selskapet Fanari AS vart etablert i byrjinga av 2008. Fanari har som målsetnad å fremja og styrka kulturbaserte og kreative næringar i regionen. Stord kommune skal, som medeigar i Fanari, medverka til å vidareutvikla dei kreative næringane i regionen. Kommunen skal leggja til rette for at Fanari kan arbeida med å synleggjera kunstnarar, designarar, musikarar og andre aktørar som igjen kan medverka til å utvikla Stord om ein attraktiv kommune å bu og arbeida i.

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

### DETTE KAN ME GJERA

- |  |  |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ <b>Regionalt samarbeid om utvikling av Sunnhordland som attraktiv reiselivsdestinasjon</b></li> <br/> <li>➤ <b>Reislev vert eit uttalt satsingsområde for kommunen gjennom eigen reiselivsplan</b></li> <br/> <li>➤ <b>Samarbeid mellom kommune, Stord hamn og handelsnæringa for å tilby attraktive hamner på Leirvik og i Sagvåg</b></li> <br/> <li>➤ <b>Stord kommune står opp om arbeidet til Fanari</b></li> <br/> <li>➤ <b>Det vert sett fokus på kunst og kultur i alt utviklingsarbeid</b></li> <br/> <li>➤ <b>Skapa møteplassar for kreativitet og kunstnarlege uttrykk</b></li> <br/> <li>➤ <b>Det vert utvikla nye arbeidsplassar innan reiseliv og aktiv oppleving</b></li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Støtta opp om arbeidet til Samarbeidsrådet for Sunnhordland for å utvikla Sunnhordland som attraktivt reisemål</li> <br/> <li>• Utarbeida reiselivsplan for Stord kommune</li> <li>• Etablira lokalt reiselivsforum som kan marknadsføra Stord innan reiseliv og aktiv oppleving</li> <li>• Ha eit langsigtig perspektiv på utvikling av Stord som merkevarenamn</li> <li>• Rullera reiselivsplanen og kulturplanen</li> <br/> <li>• Utvikla Leirvik hamn som ei attraktiv hamn for båtturistar i nært samarbeid med handelsnæringa i sentrum</li> <li>• Betra skiltinga i kommunen</li> <li>• Aktivt marknadsføra tilbod til tilreisande som t.d. fri utelege av syklar til tilreisande</li> <li>• Arbeida vidare med utvikling av Stord, Leirvik som cruisedestinasjon</li> <br/> <li>• Gjennom sitt eigarskap i Fanari kan kommunen utvikla Fanari til å bli eit kontaktskapande forum for aktørar innan dei kreative næringane i Sunnhordland</li> <br/> <li>• Vidareutvikla kulturbygg og anlegg for idrett og friluftsliv</li> <li>• Leggja godt til rette for kulturelle arrangement / festivalar / konferansar m.m.</li> <br/> <li>• Øyremerka finansiell støtte til faste tiltak som er med på å byggja identitet</li> <li>• Støtta viktige kulturarrangement som Stordfest, nynorsk barnelitteraturfestival «Falturiltu», Barne- og ungdomsteaterfestivalen, handballfestivalen m.m.</li> <br/> <li>• Leggja til rette for ei fellessatsing på småskala reiseliv og småskala matproduksjon for å kunna tilby unike opplevingar for tilreisande og fastbuande</li> </ul> |
|--|--|

**DELMÅL 3**

## MILJØTEKNOLOGI SOM FORRETNINGSMESSIG SATSINGSOMRÅDE

Miljøteknologi er naudsynt for å møta dagens og framtidas miljøutfordringar nasjonalt og globalt, og kan samstundes auka verdiskaping lokalt og regionalt. Innan fleire nisjar og teknologiområde er Noreg og verksemder i vår region leiande eller har potensiale til å verta leiande innan miljøteknologi, t.d. innan den maritime sektoren og olje- og gassverksemda. Nyskapingsarbeid innan miljøteknologi er såleis eit viktig satsingsområde i næringsutviklingssektoren.

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?****DETTE KAN ME GJERA**

› Forretningsutvikling innan miljøteknologi vert synleggjort for næringslivet i Stord

- Leggja inn miljøteknologi som tema på etablerte møteplassar som t.d. Stordkonferansen

› Det vert skapt møteplassar mellom bedrifter og mellom bedrifter og FoU-miljø

- Gjennom SNU og øvrig verkemiddelapparat hjelpe enkeltverksemder som arbeider med prosjekt innan miljøteknologi
- Utvikla regional kompetanse innan miljøteknologi i samarbeid med Høgskulen Stord / Haugesund

› Offentlege støtteordningar og politiske rammevilkår stimulerer til utvikling av ny miljøteknologi

- Arbeida for at offentlege støtteordningar og politiske rammevilkår stimulerer til utvikling av ny miljøteknologi
- Kommunen stiller miljøkrav i sine bestillingar til underleverandørar

› Støtt og synleggjera gode miljøprosjekt i regionen

- Leggja til rette for utvikling av næringsklynger for å stimulera til innovasjon innan miljøteknologi



**DELMÅL 4****NÆRINGSRETTA KOMPETANSE VERT STYRKA**

Kompetanse vil i framtida vera avgjerande for verksemder si konkurransekraft i ein marknad med internasjonal konkurranse.

**VIKTIGE ELEMENT I DENNE UTVIKLINGA:**

- FoU og kompetansealliansar vil vera viktige for ei positiv næringsutvikling i regionen
- Etter- og vidareutdanning som tilbyr interaktive kurs når ein treng det. Oppgradering og sertifisering vert suksesskriterier
- Kompetanskartlegging og kompetansemekling som gjev verksemndene i regionen tilgang til kurs/opplæring til beste pris og kvalitet.

Høgskolen Stord / Haugesund (HSH) vil vera ein sentral samarbeidspartner for offentleg verksemd, næringsliv og næringsutviklingsaktørane for å tilby næringsretta forskings - og utdanningsprogram. Viktige mål vil vera å synleggjere HSH som kompetanseinstitusjon, og vidareutvikla spisskompetansen i regionen.

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?****DETTE KAN ME GJERA**

- **HSH samarbeider vidare med næringsliv (priv./off.) om utforming av nye modulbaserte fagtilbod og fagplanar, herunder utdanning innan innovasjon og entreprenørskap.**
- **Stø opp om HSH som kompetanseressurs i regionen.**
- **Etablera arenaer for samspel for regionale utviklingsaktørar**

- Utvikla kompetanseprogram som gjev auka evne til å meistra endring i arbeidsliv og livssituasjon/yrkeskarriere
- Arrangera faste årlege konferansar for presentasjon og korreksjon av HSH sine satingsområde innan forsking og utdanning
- Utvikling av masterprogram innan teknologifag i samarbeid med HSH
- Arbeida med Ugt Entreprenørskap i skulen
- Etablering av eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv gjennom til dømes praksisnærundervisning og Ugt Entreprenørskap
- HSH etablerer, i samarbeid med vertskommunar og aktuelle næringslivsaktørar, eit eige kompetanse- og utviklingssenter
- Tilby bedriftsinterne opplæringsprogram i samarbeid med NAV, SNU og andre for å styrkja basiskompetanse, fagretta kompetanse og annan kompetanse innan t.d. styrearbeid, arbeidsrett og prosjektleiing

**DELMÅL 5****SIKRA TILGONG TIL RISIKOVILLIG KAPITAL**

Stord har i lang tid hatt behov for tilgong til risikovillig kapital for investering i lokale verksemder. Det vert viktig å samarbeida med finansmiljø / aktørar som vil investera i Stord og på den måten arbeida for ei styrking av det lokale næringslivet.

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?****DETTE KAN ME GJERA**

- **Marknadsföra Stord og næringslivet i kommunen overfor kapitalmiljø**

- Arbeida for fortsatt statleg/fylkeskommunal tilføring av midlar til næringsutvikling og prosjektutvikling
- Marknadsföra Stord mot kapital/investorar
- Styrkja kommunalt næringsfond
- Gjennom næringsselskapet SNU og SNU Prosjektutvikling AS tilby risikokapital til nyetablerte verksemder

**DELMÅL 6**

# STYRKING AV STORD SIN POSISJON SOM LOKOMOTIVET I SUNNHORDLAND

Stord vil marknadsføra kommunen og regionen sine sær preg og muligheter både mot dagens innbyggjarar og dei me ønskjer til kommunen. Stord er regionssenteret i Sunnhordland og skal arbeida for å:

- skapa interesse for Stord som stad for etablering av nye verksemder
- skapa positive haldningar til Stord mot kapitalinteresser, etablering av nye verksemder
- tiltrekka og halda på kvalifisert arbeidskraft
- tiltrekka reisande som ønskjer å vitja Stord for å handla og/eller utnytta kultur- og aktivitetstilbod

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?****DETTE KAN ME GJERA**

➤ <b>Marknadsføra Stord mot andre kommunar, regionar og sentrale mynde</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeida differensiert presentasjonsmateriell for etablerarar, arbeidssøkjarar og reiseliv.</li> </ul>
➤ <b>Aktivt samarbeid med naboregionane om samferdsle og næringsutvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utstrekkt samarbeid med andre kommunar i overordna strategisk næringsarbeid gjennom selskapet Business Region Bergen</li> <li>• Støtta opp om Stord Næringsråd si deltaking i Næringsalliansen</li> </ul>
➤ <b>Marknadsføra mulighetene i Stord for kapital og arbeidskraft</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Delta på høvelege messer</li> <li>• Alltid oppdatert informasjon om Stord og dei mulighetene me tilbyr innan næringsliv, kultur, utdanning og natur</li> </ul>
➤ <b>Attraktivt næringsareal for nye verksemder</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leggja til rette for næringsareal ved sjø gjennom utvikling av næringspark i Grunnavågen i Sagvåg</li> </ul>
➤ <b>Synleggjering av sterke verksemder og kompetansemiljø</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skapa/leggja til rette for/initiera større arrangement, festivalar og konferansar</li> <li>• Samarbeida med lokale organisasjonar og arrangement</li> </ul>
➤ <b>Byggja identitet - STORD som merkevare</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alltid positiv, målretta omtale av Stord</li> </ul>
➤ <b>Utvikla gode kommunikasjonstilbod inn og ut av kommunen og til resten av regionen</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikra regularitet i ferjekorrespondansen nord – sør og innad i regionen</li> <li>• Sikra ein god korrespondanse mellom Kvinnherad og flyplassen på Stord</li> </ul>
➤ <b>Utvikla ein ny modell for regional arbeidsretta rehabilitering (BRA) lokalisiert i Sævarhagen på Stord</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• I nært samarbeid med viktige partnarar i industri, offentlege arbeidsplassar, fagrørla, HSH, NAV og i helseføretaket kan kommunen vera ein aktiv tilretteleggjar for etablering av ein ny modell innan arbeidsretta rehabilitering (BRA) som skal førebyggja og redusera sjukefråvær</li> </ul>



**DELMÅL 7****OFFENTLEG FORVALTNING ER EFFEKTIV OG GJEV  
GODE TENESTETILBOD**

Leggja til rette for gode rammevilkår for næringslivet gjennom eit godt tenestetilbod og ei effektiv offentleg forvaltning både for nyetablerarar, eksisterande bransjar og verksemder.

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?**

- Skapa tydelege og berekraftige rammevilkår for næringslivet
- Sikra gode tenestetilbod
- Eit godt og effektiv næringsutviklingsapparat

**DETTE KAN ME GJERA**

- Arbeida for forenkling av byråkratisk regelverk også mot sentrale styresmakter
- Vidareutvikla og forenkla offentleg service og tenestetilbod
- Støtta opp om næringsutviklingsarbeidet som skjer gjennom kommunen sitt næringsutviklingsapparat SNU, og arbeidet til industriinkubatoren Atheno.

**DELMÅL 8****STORD VERT VIDAREUTVIKLA SOM SENTER FOR  
HANDEL OG SERVICE**

Stord er i dag eit senter for handel og service i sunnhordlandsregionen. Likevel viser statistikk av handelen er relativt låg når ein tar omsyn til omland og det potensialet som ligg i å utnytta dette. Handelslekkasjen, særleg til Haugalandet, er relativt stor, men målet vil vera å gjera tilboden så breitt at handelslekkasjen vert redusert og omsetnaden aukar. Kommunen vil leggja til rette for og stimulera til vidareutvikling av handelsnæringa i Stord som dermed kan gi nye arbeidsplassar i kommunen.

**KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?**

- Marknadsföra Stord sine fortrinn som eit handelssenter
- Arbeida for å vidareutvikla eit vakkert sentrum med gode møteplassar
- Unngå restriksjonar som kan verka hemmende på vidare utvikling
- Stimulera kremmarånd, vidare vekst og positiv haldning til handel
- Betra kollektivtrafikken

**DETTE KAN ME GJERA**

- Marknadsföra / omtala Stord og dei tilboda me har med ei bevisst og positiv haldning
  - Leggja til rette for auka båtturisme i Leirvik, Sagvåg og elles i kommunen
  - Etablera sentrumsnære parkeringsplassar
  - Plassering av ladestasjonar for elbilar
- Etablera møteplassar
  - Etablera, vidareutvikla og leggja til rette for aktivitetar, attraksjonar og andre trivselstilbod for heile familien.
  - Rusta opp Vidsteenparken til konserter, festivalar m.m.
  - Gjera Fyrøya tilgjengeleg for ålmenta
- Lytta til / ha dialog med næringa gjennom bl.a. Stord Næringsråd
  - Utvikla produksjon og salskanalar for lokal mat
  - Planleggja og setja i gong tiltak for å styrkja næringsutvikling i Leirvik i samarbeid med private aktørar
  - Arbeida for etablering av eit bransjeråd i øvre Borggata for å få ein god miks av butikkar i denne delen av sentrum
  - Ha tilgjengelege næringstomter/areal på Heiane og i sentrum
- Betra kollektivtilbod frå/til ferje/Skjersholmane/ framtidig ferjekai
  - Knyta Heiane og Leirvik sentrum tettare saman gjennom betra kollektivtilbod
  - Styrka kollektivtilboda om kveldane og i helgene
  - Etablera snøggbåten som «bussen» i Sunnhordlandsbassengen

**SATSINGSMÅL**

# Oppvekst

**Alle barn og unge skal oppleve trygge og gode oppvekstkår. Oppvekstområdet i kommunen femner om barnehage, grunnskule, kulturskule, PP-teneste, barnevern, førebyggjande tiltak og tilbod frå lag og organisasjoner.**

**Vidaregåande skule og høgskulen er viktige samarbeidspartar.**

Organisering av tilbod skal vera resultat av samspel mellom aktørar, og fleksibel bruk av materielle, menneskelege og økonomiske ressursar.

**STYRINGSDOCUMENT FOR OPPVEKST**

Stord kommunestyre vedtok 21.06.07 Styringsdokument for oppvekst i Stord kommune (2007-2015) som omtalar målsetjing, utvikling og oppgåver for barnehage, skule, kulturskule, kulturtenester, førebyggjande tenester og samarbeid med frivillige lag/organisasjoner og arbeidslivet.

Dette dokumentet er direkte fylgje av satsingsområdet Oppvekst i Kommuneplanen 2004-2015. Gjennomførte tiltak og nye styringssignal er grunnlaget for justeringar av innhaldet i revidert utgåve av planprogrammet for oppvekst i kommuneplanen.

Kommuneplanen har skulebruksplanen som delplan, der vert det vist samanhengar mellom arealdel/utbyggingsområde og skuletilbod. Barnehageutbygging for å oppfylla lovfesta rett til barnehageplass er eit kommunalt ansvar. Sjølv om kommunen samarbeider med private om utbygging, må dette også sjåast i samanheng med areal/utbyggingsområda.

Utforming av skular vert gjort i tråd med kommunale prinsipp for skulebygg, og for barnehagar vert krav om utforming i lovverket følgd opp gjennom godkjenningsprosedyrar.

**UTFORDRINGAR FOR OPPVEKSTOMRÅDET**

- barn, unge og føresette opplever høg kvalitet i barnehage – skule og kulturskuletilboda
- samarbeid om førebyggjande arbeid
- byggja opp identitet og positiv haldning til heimstaden

- barnehage og skule samarbeider med lag og organisasjoner om kulturtilbod, fysisk aktivitet og friluftsliv
- samarbeid mellom barnehage, skule og arbeidsliv
- barn og unge opplever satsing på kreativitet og kultur

Samarbeidspartane blir i hovudsak: Barnehage, skule, kulturskule, kulturtenester, sosial- og førebyggjande tenester, frivillige lag/organisasjoner og arbeidslivet.

**DELMÅL**

1. **Tilbod til barn og unge er tilpassa interesser og anlegg og tek omsyn til fagleg og sosial utvikling. Kreativitet og kultur, fysisk aktivitet og helse vert vektlagt.**
2. **Barn og unge får positive møte med andre land og kulturar, og samstundes styrkja tilhøvet til eigen kultur og eigen identitet.**
3. **Kvaliteten på tenestene vert sikra gjennom brukarmedverknad, sam-**

ordning, og ved bruk av aktuelle kvalitetssystem.

4. **Einingar som arbeider med barn og unge, er organisasjoner med kompetanse for læring og utvikling.**
5. **Sikra barn og unge tilstrekkelege, trygge og stimulerande leike- og opphaltsareal i utbyggings- og fortettingsområde**

«Styringsdokumentet er forpliktande for alle einingar som arbeider med barn og unge, og måloppnåing skal evaluerast jamleg og systematisk.» (Styringsdokumentet side 3)

For perioden 2009-2015 skal det vera særleg fokus på desse utfordringane:

**BARNEHAGEN**

- Barnehagen vert ein tydelegare del av utdanningssystemet
- Språkmiljø og språkmeistring
- Kompetanseutvikling og kvalitets-sikring

**MÅLSETJING**

Styringsdokumentet har som mål å sikra

- at barn og unge i Stord får utvikla talenta sine og oppleve meistring i kvardagen
- at tiltak har universell utforming og det blir gitt tilpassa opplegg og opplæring
- at det er kvalitet i tiltak i barnehage, grunnskule og andre einingar med tiltak for barn og unge.
- samanheng frå barnehage til og med vidaregåande skule, med vekt på læring og sosial utvikling
- samanheng mellom skule og fritid, med felles verdiar som forpliktar alle som arbeider med barn og unge
- at barn og unge er med på samarbeidsprosjekt med andre skuleslag, med arbeidsliv og samfunn og at dei er del av prosjekt utanfor Noreg sine grenser.





### KULTURSKULEN

- Samarbeidstiltak kulturskule-barnehage-skule-institusjonar og sjukeheim
- Generasjons- og kultureovergripande aktivitetar
- Nye organiséringsformer og arbeidsmåtar

### GRUNNSKULEN

- Organisering, arbeidsformer, arbeidsmåtar og vurdering - særleg

i lys av tilpassa opplæring, kreativitet og kultur

- Praktisk og fagleg dugleik, med vekt på grunnleggjande dugleik og kunnskap når det gjeld munnleg bruk av språket, lesing, skrifteleg bruk av språket, rekning, IKT og sosial læring
- Finna løysingar som gjer at elevane får 1 time fysisk aktivitet/friluftsliv kvar dag
- Systematisk samarbeid med lag/organisasjonar og arbeidsliv.

- Samarbeid grunnskule-vidaregåande skule og høgare utdanning

### ANDRE TENESTER

- Tverrfagleg samarbeid og systemretta arbeid for barn som treng hjelpe fra fleire einingar.
- Førebyggjande arbeid slik at barnet så tidleg som råd er trivst og utviklar seg ut frå sine føresetnader.

# DELMÅL 1: OPPVEKST

**Tilbod til barn og unge er tilpassa interesser og anlegg og tek omsyn til fagleg og sosial utvikling.  
Kreativitet og kultur, fysisk aktivitet og helse vert vektlagt.**

## KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Barnehagane og skulane skaffar seg god kjennskap til barna/elevane sine sterke sider
- Tilpassa opplegg har som mål å gje barn/unge meistringsopplevelingar
- Leggja til rette for kreativ utfalding og kulturelt mangfold
- Kulturskulen viktig støttespelar og samarbeidspart for grunnskulen
- Fylgja opp sentrale målsettingar om fysisk aktivitet og helse
- Fremja samarbeid med arbeidslivet, lag og organisasjonar og mellom aktuelle einingar
- Opne barnehagar og skular
- Universell utforming i vid forstand

## DETTE KAN ME GJERA

- Laga allsidige læringsituasjonar der ein vekslar mellom praktiske aktivitetar og teori
- Skulefritidsordningar med lokale satsingar på kultur og fysisk aktivitet i samarbeid med aktuelle instansar
- Målretta kompetanseoppbygging
- Vidareutvikla Den kulturelle skulesekken til også å omfatta barnehagane
- Barnehage/skule og heimane samarbeider målretta om kosthald, fysisk aktivitet og positive samversformer
- Utforma fysisk miljø som fremjar praktisk arbeid og kreative uttrykksformer
- Barnehagane og skulane samarbeider med arbeidslivet om yrkesrettleiing, entreprenørskap og elevverksemder
- Fritidsverkstader i barnehagane og skulane på ettermiddagstid
- Utvikla lokalt Vil vite-senter i samarbeid med aktuelle instansar
- Barnas hus etter modell av Bergen

# DELMÅL 2: OPPVEKST

**Barn og unge får positive møte med andre land og kulturar, og samstundes styrkja forholdet til eigen kultur og eigen identitet.**

## KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Stord kommune vektlegg integrering og kommunikasjon i forholdet mellom nordmenn og dei som kjem hit frå andre land
- Barnehagane og skulane er med i utvekslingsprosjekt med fleire samarbeidsland
- Støtta møteplassar der ulike kulturar viser sine særdrag, åleine eller saman med andre
- Sjå norsk kulturuttrykk i samanheng med andre land sine uttrykk.
- Stord kommune er aktiv deltagar i samarbeid med venskapskommunar i ulike land

## DETTE KAN ME GJERA

- Barn frå andre land er integrerte i barnehagane og skulane i Stord
- Fadderordningar mellom norske og utanlandske familar
- Fordela busetnad for dei som kjem frå andre land
- Vektleggja språk og språkutvikling i barnehage og skule
- Foreldra vert ressurs for barnehagane og skulane for å støtta opp om mangfold
- Kommunen har kontaktperson for internasjonalisering i barnehage og skule
- Barnehagane og skulane er aktive deltagarar i utveksling og tek imot deltagarar frå andre land
- Foreldrenettverk der norske og utanlandske føresette er med
- Internasjonale prosjekt som involverer næringsliv, lag og organisasjonar og ulike aldersgrupper
- Utvikla kulturuttrykk som del av entreprenørskap i skulen



## DELMÅL 3: OPPVEKST

**Kvaliteten på tenestene vert sikra gjennom brukarmedverknad, samordning og ved bruk av aktuelle kvalitetssystem.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Barn og unge vert sett på som kompetente og ansvarsmedvitne deltagarar på område som gjeld deira liv og framtida deira.
- Føresette og barn/unge får innverknad på kvalitet i tilboda
- Kommunen har system som sikrar kvalitet i barnehage, skule og andre tiltak for barn og unge
- Det er systematisk samordning av tiltak retta mot barn og unge som treng hjelp frå fleire einingar.
- Kvart oppvekstområde har sin koordinator og kontaktperson mellom skulane og lag/organisasjonar

### DETTE KAN ME GJERA

- Barnehagane og skulane brukar elevane som ressurs i det daglege arbeidet og legg til rette for deltaking og samarbeid
- Fritidstilbod og skule har mest muleg felles verdiplattform og syn på barn og ungdom som ressurs
- Kvalitetssystem vert fylgd opp med refleksjon og tiltak i kvar eining
- Styringsdokument for oppvekst er oppdatert i tråd med kommuneplanen og sentrale planar
- Det er samanheng mellom tilboda i barnehage og skule
- Tilsette i ulike einingar samarbeider om førebyggjande og systemretta tiltak
- Koordinering av tiltak retta mot enkeltbarn og heimar som treng hjelp frå ulike profesjonar og einingar.

## DELMÅL 4: OPPVEKST

**Einingar som arbeider med barn og unge, er organisasjonar med kompetanse for læring og utvikling.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Leiarane har kompetanse om lærande organisasjonar og endringsarbeid og gjennomfører tiltak for alle tilsette
- Dei tilsette har profesjonell haldning til innføring av nye retningslinjer, planar og satsingsområde
- Arbeida for auka midlar til kompetanseheving og utviklingstiltak
- Dei tilsette vert sett i stand til å gjennomføra endrings- og utviklingstiltak.
- Bruka rett kompetanse på rett stad til rett tid.
- Utvikla strategiar for rekruttering og marknadsføring av Stord kommune

### DETTE KAN ME GJERA

- Einingane har system for formell og uformell læring
- Innføra system for kompetansekartlegging og kor ulik kompetanse er viktig for gode resultat
- Søkja/ ta imot tilbod om aktivt samarbeid med forskingsmiljø, t.d Høgskulen Stord - Haugesund
- Vera aktive på arenaer der det er aktuelt med rekruttering til stillingar
- Gjennomføra mentor-ordning for nyutdanna i barnehage og skule
- Ha gode fadderordningar for nytilsette i einingane
- Tilsette må ha god kunnskap om fag og om organisasjonen

## DELMÅL 5: OPPVEKST

**Sikra barn og ungdom tilstrekkelege, trygge og stimulerande leike- og oppholdsareal i utbyggings- og fortettingsområde**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Tverrfagleg planlegging
- Gjera delmålet gjeldande både for nye anlegg og for eksisterande område
- Omfattar også trafikksikringstiltak der barn og unge ferdast
- Kartlegging av aktuelle område
- Ta vare på fri natur som del av barn og unge sitt leike- og rekreasjonsområde

### DETTE KAN ME GJERA

- Sikra ulik kompetanse inn i planleggingsgrupper for utbyggingsområde
- Lytta til barn og unge sine meningar
- Gjennomføra kartlegginga «Barnetråkk» for aktuelle område
- Sikra variert terreng kring barnehage og skule
- Gjennomgåande sykkelvegar i kommunen, skild frå gang- og biltrafikk



## SATSINGSMÅL

# Rehabilitering, helse og omsorg

**Stord kommune har mange tilhøve som gjev grunnlag for trivsel og god helse for folk. Det er ein mellomstor kommune med relativt tett busetnad. Tilhøva ligg til rette for ei lettdriven organisering av tenestetilbodet som kan endrast i samsvar med endra behov hjå innbyggjarane. Tenestetilbodet er godt utvikla, organisasjonen har godt kvalifiserte fagfolk, og nærliek til utdanningsinstitusjonar kan gje tilfredsstillande tilgang på personell. Kommunen har eit solid næringsliv som har vist seg tilpassingsdyktig til endring av krav og samstundes mykje urørd natur og lett tilgang til sjøområde for fritidsaktivitetar. Utviklingstrekka gjev utfordringar som gjer at helsetenestene må vera med i planlegginga slik at ein legg til rette for at innbyggjarane får høve til å gjera gode val for eiga helse.**

## UTFORDRINGAR

### 1. Auke i talet på eldre og folk med kroniske sjukdommar

Stord kommune vil få fleire eldre innbyggjarar i tiåra framover. Det vil og verta fleire med kroniske sjukdommar og funksjonssvikt knytt til demens, psykisk sjukdom og rusproblem. Utfordringar er auka trong for medisinsk oppfølging og omsorgstiltak. Dei som ikkje er mest hjelpetrengande vil bu i eigen heim og krevja oppfølging her. Pårørande vil ha behov for avlasting for å klara å stå i omsorgsoppgåver over tid.

Berre auken i talet på personar over 80 år, vil medføra eit behov for omfattande bygging av institusjonsplassar med heildøgnsomsorg. Dersom ein brukar staten sine måltal, vil kommunen måtte bygga totalt 68 nye plassar innan 2021.

### 2. Auke i talet på yngre personar med bistandsbehov

Det er ein auke i talet på yngre med ulike bistandsbehov og med eit større spekter av helsemessige og sosiale problem.

Utfordringa er at dei skal ha ein stad å bu, ha arbeid og aktivitet og ei individuell tilpassa teneste for å redusera konsekvensane av den sviktande funksjonen.

Innan 2015 må kommunen ha etablert 20 nye arbeids- og aktivitetstilbod for denne gruppa.

### 3. Større helseskilnader i befolkninga

Det er store skilnader i helse mellom kjønn, sosiale lag, etniske grupper og visse skilnader er aukande. Utfordringa til kommunen vert å påverka faktorar som direkte eller



indirekte fremjar helse og trivsel, førebyggjer sjukdom, skade og lidning.

### 4. Auka statlege krav og forventningar frå innbyggjarane

Statlege reformer og nye lover skal møtast med tiltak i kommunen. Innbyggjarane har krav og forvent-

ningar til tenestetilbodet. Utfordringa blir auka krav til samhandling, effektivitet og endring av tenestetilbodet i samsvar med dette. Det vert også ei utfordring å få nok fagfolk og som har kompetanse i samsvar med nye krav.

## MÅSETJING

Stord kommune skal leggja til rette for at folk kan gjera gode val for eiga helse og arbeida for at sosiale skilnader i helse vert reduserte. Lærings og meistringstiltak har fokus.

Dei som treng sosiale-, helse- og omsorgstenester skal få tilbod på lågast effektive nivå.

Tenestene skal leggja vekt på brukarmedverknad, samhandling og interkommunalt samarbeid der det ligg til rette for det.

## DELMÅL

1. Helse- og sosiale tenester er ein naturleg del av planarbeidet i kommunen
2. Folkehelsearbeid ligg til grunn for utviklinga av tenestetilbodet
3. Universell utforming ligg til grunn for nye tiltak
4. Personar med størst behov vert prioritert og har god tilgang til tenester
5. Tenestetilboda er samordna og har høg kvalitet
6. Helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande tiltak er vektlagt
7. Samarbeid med frivillige og andre er ein del av det totale tenestetilbodet
8. Tilsette inviterer til brukarmedverknad
9. Samarbeid mot helseføretak, høgskulen og universitetsmiljø kring forsking og utvikling av kompetanse

## DELMÅL 1

### Helse- og sosiale tenester er ein naturleg del av planarbeidet i kommunen

#### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Alle sakhandsamarar har kunnskap om «Helse i plan»
- Helse- og sosialpersonell og brukarar av tenester vert trekt inn ved alt planarbeid

#### DETTE KAN ME GJERA

- Kompetanseheving for sakhandsamarar
- Helse og sosial avgjer kva som er relevante planprosessar
- Utviklingsgruppa er adresse og initierer vidare arbeid
- Medisinsk-fagleg rådgjevar vert trekt inn i saker om miljøretta helsevern

## DELMÅL 2

### Folkehelsearbeid ligg til grunn for utviklinga av tenestetilbodet

#### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Ha status over risiko-område til ei kvar tid
- Prioritering innan folkehelsearbeid
- Fleire har kunnskap om sosiale skilnader i helse og trivsel
- Ha eit tverrfagleg samarbeid for å utvikla gode inn-på-tunet-tilbod og styrkja kommunen som kjøpar av slike tenester

#### DETTE KAN ME GJERA

- Regelmessig kartlegging av risikogrupper og problemområde
- Folkehelsekoordinator har særskild ansvar for tilrådingar i plan og utviklingsarbeid
- Folkehelsekoordinator og medisinsk-fagleg rådgjevar vert tekne tidleg med i relevant utviklings- og planarbeid
- Oppretta tverrfagleg forum med fokus på konsekvensar for og utvikling av folkehelsetilstanden i Stord



## DELMÅL 3

**Universell utforming ligg til grunn for nye tiltak**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Universell utforming tidleg inn i alt plan og utviklingsarbeid, læra av gode døme
- Kompetanse på fag og lovverk, gjerne interkommunalt organisert
- Har fokus på at alle kan delta i arbeidsliv og fritidstilbod

### DETTE KAN ME GJERA

- Personell med kompetanse om universell utforming skal inn i plan- og ubyggingss prosessar
- Private utbyggjarar får krav om kompetanse i universell utforming
- Syta for tverrfagleg kompetanse innanfor universell utforming
- I planlegging av offentlege bygg ta omsyn til arealbehov for god universell utforming
- Vurderer omfang av universelt utforma bustader ved planlegging av nye byggjefelt

## DELMÅL 4

**Personar med størst behov vert prioritert og har god tilgang på tenester**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Gode system for å kartleggja og vurdera behov
- Politisk aksept for å prioritera dei med størst behov også i vanskelege einskildsaker
- Bruka tilgjengeleg analysemateriell
- Utnytta mulige løysingar i samband med Samhandlingsreforma

### DETTE KAN ME GJERA

- Jamleg fokus på etikk og haldningar i prioritieringsdebatten
- Hjelpar personar til å få rettane sine
- Kompetansebygging for dei som fordeler ressursar
- Behalda kommunalt areal og vurdera opp mot eige behov
- Ved alle nye areal som vert lagt ut, skal det setjast av eige areal til tilpassa bustader og eventuelle dagtilbod
- Tilgjengeleg informasjon til alle
- Bygging av nye sjukeheimspllassar og bustader for vanskelegstilte
- Auka fokus på dag- og aktivitetstilbod
- God samhandling mellom tenesteområda

# DELMÅL 5

## Tenestetilboda er samordna og har høg kvalitet

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Ved å ha formaliserte fora for samhandling på systemnivå
- Ved å ha formaliserte fora for samhandling i einskildsaker
- Fokus på kompetanseutvikling og brukarkompetanse i høve vurdering av trøng hjå folk (systemnivå/einskildsaker)

### DETTE KAN ME GJERA

- Utvikla dei tverrfaglege møta
- Arbeid i samhandlingsutval og -råd vert prioritert
- Lokale samhandlingsprosjekt vert prioriterte i høve ressursar
- Tidleg innsats og arbeid etter lågast-/best effektive omsorgsnivå
- Fastlegane skal vera med i einskildsaker
- Vaktordningar/ turnus som gjev grunnlag for kontinuitet overfor dei med særskilde behov
- Elektronisk samhandling på tvers av fag og nivå
- Kompetanseutvikling i samband med Samhandlingsreforma
- Tilsetja erfaringsmedarbeidarar

# DELMÅL 6

## Helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterende tiltak er vektlagt

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Kommunale budsjett- og finansieringsordningar legg til rette for eller er ikkje til hinder for slike tiltak
- Ressursfordeling tek omsyn til helsefremjande og førebyggjande tiltak

### DETTE KAN ME GJERA

- Funksjonsvurdering og -nivå har fokus i høve tildeling av støtte utover lovfesta rett
- Tidleg innsats etter ei kost-nytte vurdering
- Risiko for forverring og potensial for forbetring ligg til grunn for tildeling av støtte
- Tverrfagleg samarbeid (utover RHO) ligg til grunn i førebyggjande tiltak
- Prioriterer nærmiljøanlegg i utbyggingsområde
- Lett tilgang til tur- og sykkelstiar



## DELMÅL 7

**Samarbeid med frivillige og andre er ein del av det totale tenestetilbodet**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Kommunen har tilsett særskilt personell som har fokus mot samarbeid med frivillige
- Kommunen støttar frivillige med strategiske kompetansetiltak og rettleiing i einskildsaker
- Kommunen legg attraktivt til rette for samarbeid
- Nyte av frivillig innsats må gjerast synleg

### DETTE KAN ME GJERA

- Opprettar koordinatorfunksjon
- Inngår partnarskapsavtalar
- Utvidar støttekontaktordninga mot trond for fritidskontakt og meistringstiltak
- Inviterer til samarbeid for å utvikla tiltak til nye målgrupper
- Trekkjer fram dei gode døma

## DELMÅL 8

**Tilsette inviterer til brukarmedverknad**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Arrangera høyringar
- Brukarrepresentantar i utviklings- og planarbeid
- Nyttar brukarane sin kompetanse

### DETTE KAN ME GJERA

- Tilretteleggja informasjon
- Inkludera brukarar til å delta i utviklingsprosjekt
- Regelmessig bruk av brukarundersøkingar
- Bruk av refleksjonsgrupper som metode for auka brukarmedverknad/-deltaking
- Ha fokus på brukar sine ønske/mål ved kartlegging og val av tiltak
- Utvida bruk av individuelt plan som verktøy
- Brukar hjelper brukar

## DELMÅL 9

**Samarbeid mot helseføretak, høgskulen og universitetsmiljø kring forsking og utvikling av kompetanse**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Møteplassar og nettverksbygging med forskings- og familjø
- Stimulera og leggja til rette for forsking og utvikling på kommunalt nivå

### DETTE KAN ME GJERA

- Etablera interkommunalt kvalitets- og fagutviklingsteam
- Leiarar legg til rette for FOU
- Utvikla kompetanse i høve å nyttiggjera seg av sentrale tilskot

# Arealdelen

**Arealdelen skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og den samla arealbruken i Stord kommune.** Gjennom arealplanen skal det sikrast areal til bustadbygging, næringsutvikling, offentleg og privat tenesteyting, skular og institusjonar, idrettsanlegg, gravplassar m.m. Det skal vidare sikrast areal til samferdselsanlegg og annan teknisk infrastruktur, grøntstrukturar som naturområde, turdrag, friområde og parkar. Det skal setjast større fokus på jordvern. Sikring av areal til landbruks-, natur- og friluftsføremål skal sjåast i eit langsiktig perspektiv. Samstundes skal og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona vurderast. Som ressurskommune for universell utforming er det spesielt viktig at dette vert ivaretake då dette er vårt varemerke.

## STATUS

Samla landareal i Stord kommune er 144 km<sup>2</sup>. Av dette utgjer Huglo, Føyno og Nautøy ca 15 km<sup>2</sup>. Om lag 100 km<sup>2</sup> er i låglandet (Under 300 m.o.h.). Myr og ferskvatn under skoggrensa er 6 km<sup>2</sup>. Utbygde areal utgjer om lag 14 km<sup>2</sup>, bandlagte areal til kraftlinjer og vegareal utgjer 5 km<sup>2</sup>. Dyrka areal utgjer 7,5 km<sup>2</sup> og landareal verna etter naturvernlova 1,5 km<sup>2</sup>.

Utbygginga i kommunen har i stor grad skjedd på areal langs ein akse frå Sagvåg via Heiane og Leirvik mot Rommetveit der hovudvegsystemet utgjer markagrenser i høve til større, samanhengande landbruks-, natur- og friluftsområde innover på øya. Samstundes har ein søkt å unngå ei nedbygging av strandsona, sjølv om dei største industriverksemidene ligg på næringsareal som grensar til sjø. Det har og vore ei målsetting å sikra samanhengande grøntstrukturar/turvegar som fører frå bustadområde til dei større frilufts- og naturområda både innover på øya og mot strandsona.

## UTFORDRINGER

Hovudutfordringa er å få til ei balansert og berekraftig forvaltning av landbruks-, natur- og friluftsområde som og sikrar areal til samfunnsbygging i tråd med landskapskonvensjonen.

Ved revidering av arealdelen skal ein vidare dekka dei behov for areal som følgjer av dei oppgåver som skal løysast innan dei ulike satsingsområde, og då særleg innan byutvikling.

Dei største arealbehova er knytta til bustadbygging, næringsføremål, trans-



portføremål, idrett og friluftsformål m.m., og på sjøsida til fiske, ferdsel, hamneføremål og havbruksnæringa. Presset på sjøarealet er difor aukande. Det er difor eit forsterka behov for kartlegging av strandsona og strandsonaneplanlegging.

Kommunen må og stimulera til fortetting i eksisterande utbyggingsområde og meir konsentrert utbygging i Sentrum og sentrumsnære område samstundes som nødvendige grøntstrukturar skal sikrast.

Ei hovudoppgåve i arealplanlegginga vert å fastleggja utviklingsretning for framtidig byutvikling, såkalla utviklingskorridorer, og sikra framtidige markagrenser for landbruks- og grøntområde. I den samanheng skal ein definera kjerneområde for landbruk og sikra eit sterkare jordvern i samsvar med nasjonale føringar.

Ikkje minst ut frå eit miljø- og trafikk-sikringsperspektiv er det viktig å gjenomföra ei samla areal og transportplanlegging. Det vil her vera naturleg å vidareutvikla aksen Sagvåg – Heiane – Leirvik – Rommetveit med bustad-

og næringslokaliseringar og samtidig vidareutvikla denne aksen som transportkorridor med vegsystem, kollektivtrafikk og gang/sykkelvegar.

Ut frå dagens situasjon er og viktig å få sett i gang ei oppgradering av E39 med tilhøyrande kryss og tilførselsvegar på strekninga Heiane – Ådland bru. Her har Statens vegvesen og kommunen utarbeidd med ein forstudie med tanke på seinare kommunedelplanprosess. I samband med vurdering av langsiktig arealdisponering er det viktig å avsetja areal for framtidige vegkorridorer og hindra gjenbygging før traseane er endeleg fastsett.

Det er difor viktig som ein lekk i kommuneplanlegginga å få utarbeidd ein overordna trafikkanalyse som kan gje premissar for vidare planarbeid. I den samanheng lyt det og utarbeidast ei støysonekart som kan liggja ved arealdelen. Den overordna analysen må omfatta hovud- og sekundærhovudvegsystem (E39, fylkesvegar og viktige kommunale vegar), kollektivtrafikktrasear, terminalløysingar og hovudnettet for gang- og sykkelvegar.



Når det gjeld folketalsutvikling og behov for nye husvære, er det ei målsetjing at det skal vera tilgang på bustader samstundes i alle bydelane. Her vil det og vera viktig å sjå tidspunkt for aktuell utbygging opp mot skulekapasitet, trafikksikring, annan teknisk infrastruktur m.m. og vurdera behovet rekkekølgekrav. For tida er det god kapasitet ved Rommetveit skule, medan bustadbygging sør for Heiane vil forsterka behovet for ny skule eller annan kapasitetsauke i dette området.

Som i tidlegare kommuneplan, ligg det ved eit oversyn som viser reguleringsplanar og område som skal/kan utbyggjast med anslag over bustad som kan byggjast ut.

Formannskapet har i oppstartvedtaket sitt ved denne revideringa gjeve uttrykk for sterk bekymring når det gjeld dekning av næringsareal, og i den samanheng opna for framskunding av utbygging i nye område sør for Heiane.

I arealdelen skal det og setjast fokus på å gje folk lett tilgjenge til parkar

og friluftsområde for leik og fysisk aktivitet. Det er viktig å sikra grøntkorridorer for turvegar frå alle bustadfelt og sentra i kommunen til større tur- og friluftsområde. Turvegane skal sjåast i samanheng med gangsykkelvegnettet. Dette tema vert utgreidd gjennom eit særskilt prosjekt med støtte frå fylkeskommunen. Hovudkonklusjonar, viktige trasear og strukturar som framgår av prosjektrapporten vert vist i arealdelen.

Ved arealplanlegginga skal ein og søkja å unngå konflikt med kulturminne. Freda kulturminne skal visast på arealkartet som omsynssoner.

Det er og viktig å kartleggja mogeleg flom og rasutsette område (jord/leire, steinsprang).

Det er vidare viktig å vidareføra dei miljøbyprinsippa som vart trekt opp i kommuneplan 2004 – 2015.

For å nå målet om eit likestilt og universelt utforma samfunn er det naudsynt med omtanke og innsats på alle nivå i samfunnet. Det er viktig å tenkje «føre var»-prinsippet med god planlegging ved etablering av nye bustadområder, næringsbygg, ved renovering av gater/plassar og bygg og andre arealdisponeringar. Dette gjeld for alle delmåla under arealdelen.

## Miljøbyprinsipp

Med miljøbyprinsipp i arealsamanheng meinar ein at det skal leggjast til rette for ei byutvikling basert på mellom anna:

- at ikkje personbil- og tungtransport fører til triveselsmessige og helsemessige ulemper i område der folk bur og oppheld seg til dagleg
- at det er tilrettelagt for kollektivtransport langs viktige trafikk-årer, som bind saman bykjernen med buområde, service- og handelsenstra og viktige friluftsområde utanfor bykjernen
- at det blir laga eit samanhengande nett av gang- og sykkelstiar i trivelege omgjevnader, som gjer det lett å ferdast frå bustadområda til bykjerne, bygdesentra, servicesentre, skular, friluftsområde og andre viktige knutepunkt og slik at denne måten å forflytta seg på kan bli eit reelt alternativ til bruk av bil
- at byen får eit mest mogeleg samanhengjande grøntdrag som bitt indre by saman med naturområde i utkanten , innan rimeleg- gangavstand frå buområda
- at det er tilgang til grøntareal/leikeareal ved barnehagar, skular og bustadområde, utan kryssing av traffikkert veg, og til grønt-aeral av ein viss storlek, innan rimeleg avstand
- at bekkar, vatn og vassdrag er teke vare på og gjort tilgjengelege- for folk flest, med vasskvalitet som tilfredsstiller brukar-interessene
- at verneverdige kulturminne og kulturmiljø er teke vare på i ein funksjonsell samanheng med omgjevnadane

### MÅLSETJING

Kommuneplanen sin arealdel skal vera det overordna styrande plandokument for all arealbruk i kommunen. Planen skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og visa formål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

## DELMÅL

1. Kommunen skal fastleggja utviklingsretninga for framtidig byutvikling og definera langsiktige strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål (bustad, næring, offentleg og privat tenesteyting), og kommunen skal unngå unødvendig "arealspreiing".
2. Det skal stimulerast til fortetting i eksisterande utbyggingsområde både ved tilrettelegging av mindre felt, deling av større tomter og meir konsentrert utbygging i sentrum og sentrumsnære område. Samstundes er det viktig å sikra nødvendige grøntstrukturar.
3. Det skal definera langsigktig, strategiske grenser (markagrenser) for arealbruk som sikrar vern av viktige landbruks-, natur – og friluftsområde som i nødvendig grad skal visast med omsynssoner.
4. Kjerneområda for landbruk og skogbruk skal definera og kartfestast i arealdelen med omsynssone.
5. Funksjonell strandsone skal definerast og innarbeidast i arealdelen.
6. Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgjenge til areal for leik og fysisk aktivitet ved at det vert sikra samanhengande grøntkorridorar med turstiar som fører fram til friareal og friluftsområde. Turstiane skal og sjåast i samanheng med gangsykkelvegnettet.
7. Det skal gjennomførast ein overordna trafikkanalyse som skal gje premissar for ein samordna areal – og transportpolitikk som omfattar overordna vegsystem, sekundere vegen, kollektivtrasear, terminalløysingar og gang – sykkelvegar.
8. Kommunedelplan for trafikksikring skal rullerast.
9. I arealplanlegginga skal ein søkja å unngå konflikt med kulturverninteressene og freda kulturminne skal visast som omsynssoner.

## DELMÅL 1: AREALDELEN

**Kommunen skal fastleggja utviklingsretninga for framtidig byutvikling og definera langsiktige strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål (bustad, næring, offentleg og privat tenesteyting), og kommunen skal unngå unødvendig "arealspreiing".**



### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- Framtidig utvikling og utbygging skal i hovudsak skje i område rundt Leirvik og Sagvåg med utviklingsretninga mot Heiane / Digernes og Rommetveit/Grov

### DETTE KAN ME GJERA

- Nye område for utbygging vert ved revidering av arealdelen lagt til dette utviklingsbeltet.
- Viktige grønstrukturar som gjev tilkomst frå sjøsida inn mot innanforliggjande landbruks-, natur- og friluftsområde, skal sikrast i arealdelen og gjennom seinare reguleringsplanar.
- Ved lokalisering av nye utbyggingsområdet skal det leggjast vekt på å finna langsiktige, strategiske grenser for utviklingsbeltet mot LNF-område.

## DELMÅL 2: AREALDELEN

**Det skal stimulerast til fortetting i eksisterande utbyggingsområde både ved tilrettelegging av mindre felt, deling av større tomter og meir konsentrert utbygging i sentrum og sentrumsnære område. Samstundes er det viktig å sikra nødvendige grøntstrukturar.**

### KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?

- I føresegnene til arealdelen vert det opna for høgare utnyttingsgrad i eksisterande/regulerte utbyggingsområde.

### DETTE KAN ME GJERA

- Kartleggja fortettingspotensiale i utbygde/eldre område.
- Leggja til rette/oppgradera kommunaltekniske anlegg (veg, vatn og avløp) for å sikra kapasitet og miljøstandard.
- Auka byggjehøgder og meir konsentrert utbygging i sentrum og sentrumsnære område, jamfør kommunedelplan for Leirvik.
- Sikra grøntstrukturar og leikeareal gjennom meir bruk av effektive fellesløysingar.
- Ved revidering av eksisterande reguleringsplanar skal fortetting vera eit fokusområde.

## DELMÅL 3: AREALDELEN

**Det skal definerast langsiktig, strategiske grenser (markagrenser) for arealbruk som sikrar vern av viktige landbruks-, natur – og friluftsområde som i nødvendig grad skal visast med omsynssoner.**

Med bakgrunn i det som er sagt om utviklingskorridorar, er det naturleg å sjå E39 frå Digernes til Heiane vest som ei langsiktig, strategisk grense (markagrense) mot nord-vest og vidare frå Heianekrysset mot Åland og Grov. På same måte vert Fv 545 frå kryss ved Heiane til Valvatna, og vidare frå Sagvåg til Dybvik grensa mot nord-aust.

Elles vil det og vera ein del meir lokale langsiktige grenser for å sikra LNF –område som til dømes:

- Rommetveitvegen frå Førlandskrysset til Prestegarden mot landbruksområdene i vest(mellom E39 og Rommetveitvegen).
- Ny turveg frå nytt bustadfelt på Tyse og opp til E39 mot landbruksområdene i nord som er samanhengande fram til Førlandskrysset.
- Sævarhagsvegen, Rommetveitvegen og Storhaugvegen er grense mot Hystadmarka og tilstøytande landbruksområde i nord.
- Verftsvegen og Langelandsvegen er grense mot Høyland og Søre Tveita
- Vegen til Skjersholmane vert grensa mot Horneland og Byrkjeland.

Viktige LNF- område er sikra som omsynssoner.

## DELMÅL 4: AREALDELEN

### Kjerneområda for landbruk og skogbruk skal definerast og kartfestast i arealdelen med omsynssone.

I samarbeid med Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland og Stord og Fitjar felles landbruks og miljøkontor er kjerneområda for landbruk(jordbruk) definerte og kartfesta. Landbruksområda er i arealdelen viste som omsynssonar. Ved definering av kjerneområda er det lagt til grunn retningslinene frå Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet. Det er her teke utgangspunkt i følgjande kriterium:

- Skapa "langsiktighet og "forutsigbarhet" i forvaltninga
- Viktige for matproduksjonen (størleik, arrondering, topografi, jordsmonn, klima)
- Verdfulle kulturlandskap (verdfulle kulturmiljø og kulturminne, viktige friluftsliv og rekreasjon,
- næringsutvikling m.m.)

#### FØLGJANDE KJERNEOMRÅDE FOR LANDBRUK ER LAGT INN SOM OMSYNSSONAR:

##### 1. Digernes

Dette kjerneområdet omfattar jordbruksarealet på Digernes-garden, eit kulturlandskap av regional verdi. Her vert det drive aktivt med m.a. sauehald, juletre- og vedproduksjon, pyntegrønt og ordinær skogsdrift.

##### 2. Byrkjeland – Horneland

Eit samanhengande jordbruksområde som omfattar desse to gardane.

Her er aktiv jordbruksdrift som i hovudsak er tufta på dei stadeigne ressursane i området.

Det er dei to mjølkeproduksjonsbruka som karakteriserer drifta i dette kjerneområdet. Resten vert drive som leigejord av dei same bruka. Her er også ein del skogsdrift.

Skogen til desse to gardane ligg i all hovudsak vestom Rv 544 (skogområdet "Digernes").

Kjerneområdet for jordbruk strekkjer seg også vest/sørvest for E39 då her er dyrka eindel siste 20-30 åra.

##### 3. Høyland/Bjelland – Søre Tveita

Dette er eit sentrumsnært kjerneområde som strekkjer seg frå Eldøyane Næringspark/"Aker" i sør til Landåsen i nord, frå Kristtornskogen Golfpark til jordbrukslandskapet ved Tveitavatnet. Det omfattar gardane Søre Bjelland (gnr. 40/1), Høyland og Søre Tveita. I tillegg til intensiv jordbruksdrift er her også viktige kulturlandskapselement. Her er det no 2 mjølkeprodusentar (Høyland og Tveita), i tillegg til bynært landbruk (tilleggsnæringer; Kristtornbua, Golf) og juletre- og pyntegrøntproduksjon.

##### 4. Stuva – Nedre Litlabø

Kjerneområdet omfattar gardane Stuva, Kannelønning og Nedre Litlabø, eit variert jordbrukslandskap som har vore prega av intensiv jordbruksdrift (Stuva), med innslag av verdfulle kulturlandskap. Driftsformene er no kjøtproduksjon på sau og storfe (ingen mjølkeproduksjon).

##### 5. Vatna – Øvre Økland

Eit jordbruksområde nord for Åldlandsvatnet, som strekkjer seg frå dyrka jord med høg produksjonsverdi (Vatna) til Øvre Økland der kulturlandskapsverdien er den viktigaste. Driftsformene er i hovudsak kjøtproduksjon på storfe og mjølkeproduksjon (1 bruk; Vatna).

##### 6. Ådland

Sentrumsnært kjerneområde med kulturlandskap som hovudkriterium.

Sauhald i varetek dette kulturlandskapet.

##### 7. Haga – Nedre Økland

Eit langstrakt jordbruksområde som strekkjer seg frå grensa til Hystad Naturreservat i sør til Nedre Økland og inn mot grensa til HSH-området i nord.

Viktig kulturlandskap; Haga/Hovaneset. For det aktuelle området ligg det i føresegnehøgda i gjeldande kommuneplan følgjande føresegen; «*Eit nærrare avgrensa landbruksområde i Nordbygda (Haga-Nedre Økland) skal bandleggast til område for landbruk.*

##### 8. Kyvik – Tyse/Stord prestegard

Eit stort kjerneområde som strekker seg frå beitelandskapet i Kyvik i nord til Vestlivegen i sør.

Dette er eit av dei beste jordbruksområda i kommunen, tidlegare prega av intensiv drift med mykje mjølkeproduksjon.

No er drifta meir ekstensiv, i hovudsak kjøtproduksjon på storfe.

I sørøstre delen av dette kjerneområdet er jordbruksarealet noko mindre samanhengande enn i resten av kjerneområdet, m.a. med innslag av lauvskog. Skogteigane (barskogen) som tilhører gardane i området ligg på oppsida av E39.

#### **9. Fjellgardane**

Kjerneområdet strekkjer seg frå Vad/Haugland i sør/sørvest til Førland i nord/nordaust.

Området er karakterisert ved mange småbruk og eit variert/kupert og særegne kulturlandskap. Driftsformene er sauehald og storfehald (kjøtproduksjon + 1 mjølkeprodusent).

#### **10. Grov**

Dette området har størst verdi som kulturlandskap. Bruka er små og vert drivne med sau og storfe (ikkje mjølkeproduksjon).

#### **11. Nord-Huglo**

Nordhuglo er eit av dei aller beste jordbruksområda i kommunen, med mykje dyrka jord av høg produksjonsverdi. Her er 3 mjølkeprodusentar. Nokre av bruka vert drivne som leigejord.

#### **12. Sør-Huglo**

Sørhuglo er, som Nordhuglo, også svært godt jordbruksområde, med dyrka jord av høg produksjonsverdi. Her er eit aktivt og godt produksjonsmiljø og er nok det best drivne jordbruksområdet i Stord kommune. Her finn me også den einaste mjølkeproduksjons-samdrifta i kommunen. Her er 3 mjølkeprodusentar, samt eit bruk med svinehald som ligg heilt i norgestoppen.

#### **13. Tveit**

Tveit-garden er sett av som kjerneområde på grunn av sine særegne og verdfulle kulturlandskapskvalitetar, jf. Landbruksplanen. Dette vert godt teke med sauehald, i tillegg til at ein del av jordbruksarealet vert nytta som leigejord av brukarane på Sørhuglo.

#### **14. Haukanes**


Haukanes-garden er også sett av som kjerneområde på grunn av sin kulturlandskapsverdi, jf. landbruksplanen.

Jordbruksarealet/kulturlandskapet vert halde i hevd av ein av eigarane på sørhuglo som også eig Haukanes.

Følgjande viktige større landbruksområde (**skogbruk**) er vist som LNF-område:

- Digernes
- Landåsen (samanhengende utmarksområde mellom Storavatnet/Valvatnafleet i vest, Fv 545 og E 39 i sør og aust, og busetnaden lang Litlabøvegen i nord)
- Nesskogen/Sætrevik
- Dyvik/Petarteig
- Litlabø/Vad
- Grov/Førland
- Børteit/Mehammer

Det føreligg på noverande tidspunkt ikkje tilsvarande definisjon på kjerneområde for skogbruk. Skogbruksområda er difor berre lista opp og ikkje kartfesta som omsynssonar.



## DELMÅL 5: AREALDELEN

### Funksjonell strandsone skal definerast og innarbeidast i arealdelen.

Det er utarbeidd eigen rapport om strandsonekartlegging i Stord kommune. Denne kartlegginga er samordna med opplegget for strandsoneplanlegging i regi av Samarbeidsrådet og det er nytta felles metode for statuskartlegging i 100-metersbeltet og ved kartlegging av funksjonell strandsone som er definert slik:

*«Den sona som står i innbyrdes direkte i samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Sona kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet»*

Kartlegging av funksjonell strandsone er ein metode til å kartlegga strandsoneverdiane, og kunna definera ei grense som kan erstatta 100-meters grensa som forbodsgrense, jamfør Plan- og bygningslova §1-8.

Statuskartlegginga viser at 60% av strandsona i Stord kommune er inngrepssfri, herav er 47% tilgjengeleg. Tilsvarande er gjennomsnittstala for Sunnhordland 73% og 50%.

Den kartlagte funksjonelle strandsona er på Stord lagt inn i kartet med omsynssoner. 100-metersgrensa ligg som forbodsgrense, og i tillegg er det i bygeområde lagt inn byggegrense. På Huglo er den funksjonelle strandsona lagt inn dels som ny forbodsgrense til erstatning for 100-metersgrensa, og dels som byggegrense i utbygde område. I ein del tilfelle er byggegrensa også lagt framom eksisterande bygg for å unngå dispensasjonssaker ved på- og ombygging av eksisterande bygg. Ved tilhøve der eldre reguleringssplanar framleis skal gjelda, der det berre er vist føremålsgrense utan byggegrense, er det og markert byggegrense mot sjø i arealdelen. Elles ville grensa for 100-metersbeltet automatisk blitt gjort gjeldande som byggegrense etter revideringa av kommuneplanen. For nærmere informasjon vert det vist rapport av 20.oktober 2010 om strandsonekartlegging i Stord kommune.

## DELMÅL 6: AREALDELEN

### Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgjenge til areal for leik og fysisk aktivitet ved at det vert sikra samanhengande grøntkorridorer med turstiar som fører fram til friareal og friluftsområde. Turstiane skal og sjåast i samanheng med gangsykkelvegnettet.

Denne målformuleringa er ei videreføring av delmål i tidlegare kommuneplan. Med bakgrunn i tidlegare målsetjingar og delmål har kommunen med finansiell støtte frå Hordaland fylkeskommune utarbeidd prosjektrapporten "Grøntstruktur, turvegar og samanhengande gang- og sykkelvegar".

Planprosjektet "Grøntstruktur, turvegar og samanhengande gang- og sykkelvegar" er gjennomført som ein del av revideringsarbeidet for kommuneplanen 2010-2021. Prosjektet er sett i gang på bakgrunn av vedtak / målsetjingar i kommuneplanen 2004-2015. Hovudmålsetjinga har vore betring av folkehelsa gjennom tilrettelegging for fysisk aktivitet ved å gje folk i alle aldrar lett tilgjenge til tur - og friluftsområde, og utvikla eit samanhengande gang - og sykkelvegnett frå bustadområde til skule, servicesentra, arbeidsplassar, turområde m.m. I arbeidet med denne rapporten har og andre perspektiv vorte trekt inn, og spesielt målsetjingar knytt til klima og miljø har vore viktige.

Prosjektet har utført eit grunnleggjande og omfattande arbeid med kartlegging og vurdering av grøntstrukturar, turvegar og gang- /sykkelvegar.

Erfaring viser at det viktigaste einskildtiltaket for å få auka sykkelbruk, er å opparbeida eit samanhengande sykkelvegnett.

Ein har sett det som praktisk å redigera rapporten i følgjande 2 hovudbolkar:

- Bolk I som handlar om grøntstruktur og turvegar
- Bolk II som tek føre seg hovudnettet for gang- og sykkelvegar.

Hovudkonklusjonar, viktige trasear og strukturar er innarbeidd i arealdelen. Det er viktig at dette blir følgd opp med handlingsplanar og i nødvendig grad ved innarbeidning i reguleringsplanar.

## FRAMTIDIG TURVEGNETT – UTFORDRINGAR OG TILTAK

Kartlegginga i rapporten viser at Stord har eit omfattande nett av turvegar som kan nyttast til ulike formål. Turvegnettet vert nytta til trening (jogging/skigåing), turorientering og generelt som rekreasjon.

Generelt er utfordingane når det gjeld turvegar, låg standard, og at det manglar tilkomst til turområde, gode parkeringstilhøve osv. Målsetjingar om universell utforming er også ei stor utfording. Låg standard og vanskelege punkt på turvegane kan gjera at vegane er vanskeleg tilgjengelege for alle. Hinder som må utbetrastr er passering av bommar og grinder, og kloppar /bruer over bekkefar. Stor stigning og ujamn veg er også ei sterkt begrensning for tilgjengenget. Merking av vegen er også eit viktig tiltak for å gjera turvegane meir tilgjengelege.

Utfordingar med forslag til tiltak er lista opp under det enkelte turområde. Tiltaka kan delast i ulike kategoriar. Nedanfor er dei ulike tiltaka sett opp under følgjande hovudpunkt: Nye turvegar, oppgradering av turvegar / stiar, parkeringstiltak og merking.

### NYE TURVEGAR

I enkelte område kan nye turvegar eller stiar opna opp for nye turtrasear, og auka bruken av turområda. Turvegsamband som vert foreslått etablert er:

LANDÅSEN:	Frå Rørtjødno til Almås og Nysæter via Valvatnafleet og Knurrøyo
VALVATNAVÅGEN:	Etablera gangsamband langs skrenten i sjøkanten inst i Valvatnavågen
DJUPADALEN:	Frå Djupadalen til Valvatnavågen (gjerde stengjer for samband i dag)
VALVATNAFELTET:	Betra sti tilknytinga frå Valvatnafeltet mot turveg og Djupadalen
DIGERNES:	Samband frå busslomme ved E39 mot Digernesvegen og Digernesklubben
ÅDLANDSVATNET :	Tursti langs sørssida av Ålandsvatnet frå Ålland bru til Vatna
ÅDLANDSVATNET:	Turveg langs nordsida av vatnet frå Saneset til Vatna
HAUGLANSKVEDNO:	Etablera betre stisamband mellom Hauglandsvedno og Fjellstova
KYSTSTI:	Samanhengande tursti frå Moloen til HSH
KYSTSTI :	Samband mellom Kviteluren og Sævarhagsvikjo
KYSTSTI:	Turveg langs sjøen i Øklandslio og Strongalio
KYSTSTI:	Gangvegsamband langs sjøen mellom Alnavågen og Eldøy (via Sæbø)
KYSTSTI:	Etablering av samband mellom Bråtalio og Speleemannsnest
KYSTSTI:	Etablera samanhengande tursti frå Alnavågen til Sæbø og Kårevik

### OPPGRADERING AV EKSISTERANDE STIAR TIL MERKA TURSTIAR

LITLABØ:	Merka og oppgradera stien frå Revasteinane til Sætralio
LITLABØ:	Merka og oppgradera stien frå Ulvatjødno til Revasteinane
LITLABØ:	Oppgradera turveg frå Hustredalen til Rødkleiv m/lys
LITLABØ:	Merka sti til utsiktsplass i Hjartåsen

### OPPGRADERING AV EKSISTERANDE STI /TURVEG TIL UNIVERSELLT UTFORMA TURVEG

LANDÅSEN:	Opparbeida kortare sløyfer med universell utforming
LANDÅSEN:	Ved enkel omlegging på enkelte strekningar med stor stigning, kan lysløypa oppfylla krava til kategori A med omsyn til stigning.
VALVATNA:	Utbetring og tilrettelegging av strekning nærmast Valvatna, for universell utforming.
NESSKOGEN:	Opparbeida strekningar med universell utforming på turvegsløyfe gjennom Nesskogen (del av noverande turnett).
DIGERNES/VALVATNA:	Tilrettelegga vegen mellom Digernesvegen og Valvatnavågen med universell utforming. Det må gjerast tilpassingar for passering av bom og grind.

SAGVÅG:	Universell utforming av turveg fra Nysæter idrettsanlegg til Hustredalen.
LITLABØ:	Universell utforming av turveg på strekning fra Rødkleiv til rastepllass ved Fiskarelvo.
LITLABØ:	Oppgradering av turveg fram til Ulvatjødno for universell utforming.
ÅDLANDSVATNET:	Tiltak for eksisterande turveg langs Ålandsvatnet Omlegging av enkelte bratte strekningar. <ul style="list-style-type: none"><li>• Opparbeida møteplassar (for rullestol el. barnevogner) og rastepllassar m/benkar.</li><li>• Tilknyting mot gangbru ved Åland Bru må utbetraast.</li></ul>
ÅDLANDSVATNET:	Opparbeiding av universelt utforma turveg langs Frugardselvo.
ÅDLANDSVATNET:	Universell utforming av turveg mellom Vad og Hauglandskvedno.
KYSTSTI:	Universell utforming av heile kyststien
HUNDÅSEN:	Universell utforming av turveg

#### PARKERING

LANDÅSEN:	Utbetring /utviding av parkeringsplass ved Skjepåsen og betra tilkomst forbi bom.
LANDÅSEN:	Asfaltering (og evt. utviding) av parkeringsplass ved Vabakkjen, merking av HC-plass.
SAGVÅG:	Betra parkering i Dyvik (Dyvikesåto /Utslettefjellet).
ÅDLANDSVATNET:	Parkeringsplassar bør opparbeidast ved Øvre Økland og ved Stuva.
ÅDLANDSVATNET:	Etablering av parkering for rørslehemma langs Vadvegen.
VATNADALEN:	Utvida parkering ved skistadion (start på lysløypa).

#### MERKING

VATNADALEN:	Betre merking av Nordsjøløypa.
LANDÅSEN:	Betre merking av Nordsjøløypa.

#### ANDRE TILTAK

ROMMETVEIT:	Etablering av sikker kryssing av E39.
KYSTSTI:	Eins utforming/gjenkjennung av strandpromenaden i sentrum.

Ein overordna visjon er å opparbeida ein samanhengande kyststi langs strandsona i kommunen. I rapporten er det vist trasear for fleire parsellar som utgjer deler av kyststien.

### HOVUDNETT FOR GANG- OG SYKKELVEGAR - TILTAKSPLAN

Tabellen under viser nødvendige tiltak for å få eit samanhengande hovudnett for gåande og syklende i Stord kommune.

HOVUDNETT FOR GANG OG SYKKEL		
Generelt	Detaljerte strekingsvise planer Prioritering av tiltak og kostnader	
Område	Strekning	Tiltak
E39 og Heiane	Føyne - Heiane	Skilting og generelt info om vegval
	Heiane - Tveita	Opparbeide nytt tverrsnitt: Gang- og sykkelveg langs E39 skilt med min 3 m rabatt.
	Langelandsvegen	Sykkelveg med fortau
	Tveita - Vabakken	Utvide breidda på dagens gang- og sykkelveg til 3 m. Vurdere behov for sykkelveg med fortau
	Vabakken - Åland bru - Vestlivegen	Opparbeide nytt tverrsnitt: Gang- og sykkelveg langs E39 skilt med min 3m rabatt
	Grov - grense Fitjar kommune	Opparbeide nytt tverrsnitt: Gang- og sykkelveg langs E39 skilt med min 3m rabatt
	E39 Skjersholmane - Heiane	Opparbeide nytt tverrsnitt: Gang- og sykkelveg langs E39 skilt med min 3 m rabatt der det manglar.
	Hornelandsvegen	Manglar ca 800 m fortau.
	Fv. 59 Verftsvegen	Opparbeide 150 m gang- og sykkelveg ved Tveita.
	Fjellgardsvegen	Fortau/ brei skulder vurdere behov for tiltak

Sagvåg – Litlabø	Fv. 545 Grense. F. K - Dyvik	Opparbeide gang- og sykkelveg åtskilt frå rv. med rabatt. Skilting av sykkelveg.
	Fv. 545 Sagvåg sentrum	Opparbeide nytt tverrsnitt: Sykkelfelt, fortau, køyrebane med opparbeiding av miljøgate.
	Fv. 545 Sagvåg - Heiane	Utvide breidda på dagens gang- og sykkelveg til 3 m. Vurdere behov for sykkelveg med fortau
	Fv. 70 Jensanesvegen	Gang- og sykkelveg på resterande del (er under prosjektering)
	Fv. 67 Gruvevegen	Utviding av vegprofil med gang- og sykkelveg åtskilt med 3 m rabatt
Leirvik sentrum	Rv. 544 Vabakkjen - Hamnegata - Kattatveit - Ådland bru	Tosidig fortau og gjennomgående sykkelfelt mellom gode overgangs- system ved systemskifta. Betre vedlikehald og skilting av sykkelveg.
	Fv. 68 Saghaugen / Kjøtteinsvegen	Gjennomgående løysing med sykkelfelt/fortau eller blanda trafikk/fortau
	Skrivarvegen/Borggata	Tosidig fortau og gjennomgående sykkelfelt mellom gode overgangssystem ved systemskifta. Betre vedlikehald
Ådland, Hystad, Haga og Rommetveit	Fv. 61 Hystadvegen - Rommetveitvegen - HSH	Tosidig fortau og gjennomgående sykkelfelt. Betre vedlikehald og skilting av sykkelveg
	Fv. 68 Ådlandsvegen / Tysevegen	Prosesjonsveg/ gangveg/ fortau og gjennomgående sykkelfelt. Betre vedlikehald og skilting av sykkelveg
	Fv. 58 Vestlivegen	Etablere gang- og sykkelveg
Huglo	Fv. 56 Huglavik - Tveit/Haukanes	Fortau/brei skulder vurdere behov for tiltak
<b>ANDRE TILTAK</b>		
Parkering	Plan for sykkelparkering Krav til sykkelparkering i Stord kommune sine parkeringsnormer	
Skilting	Plan for skilting langs hovudrutene	
Informasjon	Kart som syner hovudrutene for sykkel og sykkelparkering Informasjonskampanje for å informere om sykeltiltak	
Drift og vedlikehald	Gjennomføring av ein sykkelveginspeksjon av heile hovudnettet (innan 10 år?) Opprette nettbasert skjema for tilbakemeldingar frå syklistar om manglar og skader på sykkelvegnettet Avklaring og integrering av vedlikehaldsrutinar mellom dei ulike veghaldarane Sikre god standard gjennom strøing/salting og feiling	
Nettverks- og kunnskapsoppbygging	Gjennomføring av reisevaneundersøking/ Sykkeltellingar Melde seg inn i Sykkelenettverket	
Bommar -stengsle - belysning	Tilstrekkeleg belysning Fjerning/utbetring av bommar og stengsle langs sykkelruter	

## DELMÅL 7: AREALDELEN

**Det skal gjennomførast ein overordna trafikkanalyse som skal gje premissar for ein samordna areal – og transportpolitikk som omfattar overordna vegsystem, sekundere vegen, kollektivtrasear, terminalløysingar og gang – sykkelvegar.**

Spørsmålet om ein overordna trafikkanalyse er spesielt peikt på frå Hordaland fylkeskommune i samband med uttale til planprogrammet. Kommunen har fått utført viktige element i ein slik overordna analyse gjennom følgjande utgreiingar:

- Forstudie for oppgradering av E39 med kryss og tilførselsvegar på strekninga Heiane til Ådland
- Rapport for hovudnettet for gang- sykkelvegar, turvegar m.m.
- Kommunedelplan for Kvinnheradsambandet
- Forprosjekt for kollektiv- og trafikkloysingar i Leirvik av 1. desember 2008 og 14. juni 2010
- Kommunedelplan Leirvik, kapittel om kollektivtrafikk og terminalløysingar

På noverande tidspunkt attstår det ein samla analyse av busstrasear, busstopp/terminalar og ruteopplegg i høve til framtidig utvikling av kommunen før ein kan slutføra arbeidet med ei overordna totalanalyse i samsvar med delmålet.

## DELMÅL 8: AREALDELEN

**Kommunedelplan for trafikksikring skal rullerast.**

Eksisterande plan er låg føre i november 2003. Planen gjeld for perioden 2004 til 2007. Arbeidet med å revidera planen har starta opp ved årsskiftet 2010/2011 og forventast ferdig første halvår 2012.

## DELMÅL 9: AREALDELEN

**I arealplanlegginga skal ein sökja å unngå konflikt med kulturverninteressene og freda kulturminne skal visast som omsynssoner.**

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø med plan for bygningsvern vart vedteken av kommunestyret 26.11.2009. Planen listar opp og kartfestar verneverdig enkeltobjekt og kulturmiljø. Kommunestyret sitt vedtak inneber at bumiljøet i Aslaksvikjo og Gamle Grand vert trekt ut av planen.

Dei verneverdige enkeltobjekta og kulturmiljøa i den vedtekne kommunedelplanen er no lagt inn på kommuneplankartet med omsynssone H570-158 – 237 bevaring kulturmiljø – bygningsvern.

I tillegg er alle automatisk freda kulturminne lagt inn med omsynssone på kommuneplankartet.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor desse omsynssonene skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på, og om nødvendig sikrast varig vern gjennom reguleringsplanvedtak.

Enkeltobjekt eller område som er regulert til spesialområde vern i reguleringsplanar som framleis skal gjelda, er ikkje i tillegg vist med omsynssone på plankartet.

Enkeltobjekta og kulturmiljøa i kommunedelplanen og som no er vist med omsynssone på kommuneplankartet er eit utval av kva som finst av kulturminne i ulike deler av kommunen. Premissane til kommunedelplanen slår fast at det er mange verfulle bygningar og miljø som ikkje er komne med, men at dei likevel kan få vern gjennom reguleringsplanar. Og det vil alltid vera plikt til å undersøkja om det kan vera automatisk freda kulturminne i eit område ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak.

# Spesielle omsyn



## UTBYGGINGSMØNSTER OG SKULE- OG BARNEHAGEKAPASITET

Skulebruksplanen 2008 – 2015 vart sist revidert ved kommunestyrevedtak 18.12. 2008.

Målsetjinga til skulesektoren er å gjen-nomføra ei ny revidering av skulebruksplanen etter at det i kommuneplanen er fastlagt kvar ny bustadbygging skal skje.

Situasjonen i dei tre oppvekstområda i kommunen:

### Leirvik/Langeland

Barneskulane Leirvik og Langeland har i dag elevtal som til saman er oppunder det som skulane toler med dei fysiske tilhøva som gjeld. Spesielt har Langeland skule utfordringar i høve til plass, og det kan vera aktuelt med utviding/ombygging for å få plass til dei elevane som naturleg bur i skulen sitt nærområde.

Nye utbyggingsplanar i Heiane-området vil føra til behov for ny skule med plassering i eller nær nye bustadfelt. Ein ny skule kan også ta imot born fra eksisterande felt, som t.d. Hornelandsvågen. Dette kan avlasta Langeland skule. Ein total analyse av situasjonen vil vera nødvendig for å sjå behov samla sett.

Leirvik skule tek imot barn frå sentrum, og elevtalet er stabilt og det er lite ledig kapasitet på skulen.

Med nye byggefelt i sentrum, vil Leirvik skule bli for liten. Det er ikkje aktuelt med vidare utbygging på tomta for Leirvik skule, då skulen allereie har lite uteareal. Ein ny skule bør derfor planleggjast i samband med nye bustadfelt, som t.d. feltet på Lønning.

Stord ungdomsskule tek imot elevar frå barneskulane Leirvik og Langeland, og ved planlegging av opprusting/nybygg for denne skule, må det takast omsyn til at kapasiteten må vera 1-2 klassar meir på kvart steg enn det er i dag.

Når det gjeld barnehageplassar, har kommunen plikt til å skaffa plass til dei som har rett til plass. Utbyggingsplanar i Heiane sør vil høgst sannsynleg føra til behov for barnehage i området i tillegg til dei som er der frå før. Det er viktig at kommunen kan syna til avsett tomt der det er behov, slik at vidare barnehageutbygging ikkje vert tilfeldig.

I sentrum er det allereie planlagt to barnehagar. Sæ barnehage skal byggjast ny. Trygge barnehager AS planlegg barnehage i Lønningsfeltet. Slik skulle

behovet med planlagt utbygging nær Leirvik sentrum vera stetta med det behovet ein ser i dag.

### Hystad/Rommetveit/Huglo

Barneskulane Hystad og Rommetveit tek imot elevar i dette området, og til-samen har dei nok kapasitet slik stoda er i dag. Fordelinga av elevar mellom dei to skulane kan vera ei utfordring frå år til år, då busetnaden er skeivt fordelt i områda rundt skulane. Nye bustadfelt kan føra til at grenser mellom skulane vert endra, slik at fleire elevar vil gå til Rommetveit skule som har ledig kapasitet.

Huglo skule har lite elevar, og god plass til dei som soknar til skulen så langt ein har oversyn over.

Nordbygd ungdomsskule tek imot elevar frå barneskulane i området, og har kapasitet til dette med høve til utvi-ding dersom det skulle bli nødvendig.

I Hystad/ Rommetveit området er det nok barnehageplassar slik ein ser det i dag. Huglo barnehage vart lagt ned frå 01. august 2009 grunna lite barnetal-grunnlagn for å driva barnehage.

### Sagvåg/Litlabø/Tjødnalio

Barneskulane Sagvåg, Litlabø og Tjødnalio har god kapasitet til elevane i området i dag. Dette vil også gjelda etter eit eventuell utbygging av bustad-området i Rukjen og andre mindre felt i området. Ei mogeleg større utbygging i Almåsområdet kan gje utfordringar for Tjødnalio skule, men her vert det viktig å sjå tilhøva i samanheng med utfordrin-gane kring Heiane/Langelandsområdet og eventuell ny skule i dette området.

Nysæter ungdomsskule tek imot elevar frå barneskulane i området, og har kapasitet slik stoda er i dag. Også her kjem samanhengen mot Leirviks-området inn på sikt.

Slik situasjonen er i dag er behovet for barnehageplassar i Sagvåg og Litlabø-området dekka, men med planlagt bustadutbygging vil det verta behov for

fleire plassar i området. Mest aktuelt synest det med i plassering i området kring Tjødnalio/ Almås.

## FORUREINA GRUNN OG VATN

Det er påvist fleire forureina område, på land, i ferskvatn og i sjøen. Årsaka til ureininga er anten:

- Utlekkasje frå berggrunnen når denne vert sprengt og vert utsett for nebør
- Gruvedrift og steindeponi
- Tidlegare industri med utslepp eller utsig frå gamle deponi

Dei mest belasta områda er:

### Stordø kisgruber på Litlabø (nedlagt ca. 1965)

Miljøtilstanden i Kisvelo og Storavatnet er godt kartlagde. Krev store investeringar for å tilbakeførast til normaltilstand. SFT og Bergmeisteren er kontakta. Men det har ikkje vore framdrift i saka.

### Heiane Næringsområde med Meatjødno

Miljøtilstanden godt kartlagt. Tiltak igangsett av Stord kommune- og utbyggjar. Vassflate/parkområde er etablert i området der Meatjødno ligg. Sigevatnet er samla og ført til sjø på godkjent utsleppspunkt i Digernessundet. Ved vidare utbygging i området av Heiane vest og Heiane sør er det viktig å ha fokus på forureining i berggrunnen.

### Djupadalen/Valvatnavågen

Djupadalsbekken og sjøbotn innst i vågen er ureina som følgje av nedpleneringa av Heiane næringsområde. Det vil bli betre miljø-tilstand når sigevass-tiltaka har vore i drift ei tid.

### Massedeponi

Det er behov for at kommunen hjelper til å finna deponeringsplass for inerte massar (forureiningsfrie) som anlegg-bransjen kan nytte til mellomlagring og deponering.

Det er difor lagt inn i arealdelen forslag til massedeponi på Litlabø og på Horneland.

### Sagvåg hamn

Det er tidlegare påvist at indre hamn er sterkt forureina, område med daud botn. Gamal ureining frå industri (sagbruk, båtbygging, mekanisk industri), samt kloakkutslepp. PCB og andre miljøgifter er påvist. Ingen spesielle tiltak iverksett, men kloakkforureininga vil etter kvart avta når avskjerande leidningsanlegg vert gjennomført i samsvar med tiltak i Hovudplan for avlaup og vassmiljø.

### Aker Stord – indre hamneområde

Påvist tidlegare PCB ureining på sjøbotnen. Tiltak gjennomført på ein god måte av Aker Stord.

### Leirvik hamn – Skotaberg

Påvist PCB på sjøbotnen langs land på visse delar. Utbyggjar har iverksett tiltak.

### Valvatna avfallspllass (nedlagt)

Plassen vart nedlagt i 1993. Det vert produsert søppelgass (vesentleg metan) som er ein drivhusgass.

Til saman utgjer desse områda så store og viktige areal at ein må ta omsyn til dei ved planlegging av framtidig areal-bruk i kommunen.

### TILTAK PÅ ENERGISIDA

Kommunen ynskjer overgang frå el-kraft til alternativ energi, både fornybar energi og naturgass, når det gjeld oppvarmingsføremål.

Det skal difor leggjast til rette for bruk av vassboren varme, naturgass eller biogass for alle nye byggeområde. Det skal også dokumenterast at Teknisk forskrift sine krav om energi kan oppfyllest, jamfør § 1.9 og § 1.10 i føresegnene. Naturgass bør kunna nyttast som alternativ varmekjelde i bygg i Stord kommune.

### KOMMUNALTEKNISKE FELLESANLEGG

Det er utarbeidd eigne kommunedel-planar for vassverket og avlaupsverket. Desse vil verta revidert i samsvar med

det utbyggingsmønsteret som vert vedteke i kommuneplanen.

### Vassforsyning

Det er behov for å sikra leveringstryggleiken.

Ein må vurdera fleire utjamningsreservoar. Det må leggjast vekt på å forsterke leidningsnettet ved å etablere ringleidningssystem og nye hovudleidningar slik at det vert lettare å oppretthalda vassforsyninga ved stort forbruk og leidningsbrot. Det er også behov for oppgradering av reservevassforsyninga frå Ravatnet. Det må bli eit større fokus på lekkasjekontroll. Det er også viktig å prioritere utskifting av gamle røyr. Dette er nødvendig for å auka leveringstryggleiken og sikra vassbehova til kunden.

### Avløp og vassmiljø

Planane for avløp og vassforsyning må tilpassast dei nye reinsekrava som er gjeldande. Dette vil få stor påverknad for heile nettet. Nye reinseanlegg, pumpestasjonar og transportleidningar må planleggjast og byggjast. Med dei nye reinsekrava tvinger det seg også fram at leidningar der spillvatn og overflatevatn er samla, må delast opp. Dette gjeld så vel kommunale som private leidningar. Sanering av nett og pumpestasjonar må gjennomførast for å ta i vare det lokale miljøet.

### AREAL TIL ULIKE FØREMÅL

#### Byggeområde for bustader

I gjeldande kommuneplan 2004 - 2015, arealdelen, er det sett av areal til utbygging som ikkje er teke i bruk så langt i planperioden. Dei største einskildområda for bustader som ikkje er tekne i bruk:

• Almås I, II og III	350 bustader
• Almås innmark	120
• Rukjen	130
• Vikanes	50
• Lønningsåsen	240

**Sum 890 bustader**

I tillegg ligg det inne andre mindre byggeområde inkludert ei viss fortetting som utgjer 816 bustader. I føresegnene

til kommuneplanen er det opna for at eksisterande reguleringsplanar ved revidering kan gjevast høgare utnytting for å kunna gjennomføra slik fortetting der dette er naturleg. Samla sett

er det såleis mogeleg å byggja ut om lag 1 700 bustader innan for gjeldande kommuneplan.

I gjennomsnitt er det for i 12-års-perioden rekna med eit behov på 150

bustader pr år som utgjer 1 800 eininger for perioden.

Ved denne revideringa er det lagt inn følgjande nye byggeområde:

NR	Område	Formål i gjeldande KP	Formål i ny KP		Av dette - til bustadområde:	
				Areal (m <sup>2</sup> )*	Areal (daa.)	Antal bustader
1	<b>Horneland</b>	LNF	BUSTAD (1110)	7 626	7,6	8
2	<b>Rommetveit</b>	LNF	BUSTAD (1110)	5 249	5,2	5
3	<b>Frugarden</b>	LNF	BUSTAD (1110)	8 351	8,4	8
5	<b>Vikanes</b>	LNF	BUSTAD (1110)	2 278	2,3	2
7	<b>Sagvåg (Podlen)</b>	Næring	KOMBINERT FORMÅL (1800)	8 463	6	48
10	<b>Tyse</b>	LNF	KOMBINERT FORMÅL (1800)	97 109	55	88
11	<b>Heiane sør (Hatland)</b>	LNF	KOMBINERT FORMÅL (1800)	590 866	150	240
12	<b>Hystad</b>	LNF	BUSTAD (1110)	92 588	70	120
13	<b>Hystad</b>	LNF	BUSTAD (1110)	3 612	3,6	6
16	<b>Tyse (Vestlio)</b>	Idrettsanlegg	BUSTAD (1110)	27 843	27,8	45
18	<b>Nes</b>	LNF	BUSTAD (1110)	4 696	4,7	5
27	<b>Eldøy</b>	LNF	BUSTAD (1110)	1 882	1,9	2
28	<b>Ådland (Krækjen)</b>	LNF	BUSTAD (1110)	14 607	14,6	24
<b>Sum areal i m<sup>2</sup></b>				<b>865 170</b>	<b>357 100</b>	
<b>Sum bustader</b>						<b>601</b>

\*=korrigerte areal frå RBO pr.03.02.2011

Areal ifølge KU -Tyse

Areal ifølge KU -Heiane Sør er 250 daa. Anslag i KU= 500 bustader fordelt på 60 % einebustader og 40 % rekkehus

Merk: Bustadarealet er redusert frå 250 til ca 150 pga buffersonene mot Tømmervik. (totalareal redusert frå 590 til 488)

I tillegg kjem spreidd utbygging med 31 eininger, jamfør liste B til føresegnene slik at samla tal på nye bustadar vert avrunda til 890.

Som det framgår er det i forslaget til revidert kommuneplan innarbeidd 601 nye bustader. Det er føresett at bustadområda i gjeldande plan vert vidareført inn i den nye planen, slik at det samla sett er rom for bygging av om lag 2301 bustader. Dette talet ligg 501 over det som er stipulert behov i 12-årsperioden.

I den samanheng må det takast omsyn til følgjande moment:

- Det er eit politisk ønskje at det samstundes skal vera tilgang på bustadområde/byggeområde i alle bydelar.
- Det er lagt vekt på å sjå den samla arealdisponeringa i eit langsiktig perspektiv med omsyn til utviklingskorridorar og strategiske langsiktige grenser, jamfør delmål 1 og delmål 2, slik at bustadbehovet må sjåast for ein tilsvarande lengre periode.
- Det knyter seg uvisse til korleis dei einskilde reguleringsplanane vil bli utforma.

## OVERSYN SOM VISER KORLEIS BUSTADENE FORDELER SEG PÅ ULIKE DELER AV KOMMUNEN

Område	Bustadeiningar		
	Einebustad	Konsentrert	Totalt
<b>Føyno</b>	Eksisterande planar	1	0
	Nye	0	0
	<b>Sum</b>	1	0
<b>Sagvåg</b>	Eksisterande planar	394	534
	Nye	7	48
	<b>Sum</b>	401	582
<b>Leirvik</b>	Eksisterande planar	102	527
	Nye	117	165
	<b>Sum</b>	219	692
<b>Rommetveit</b>	Eksisterande planar	19	17
	Nye	80	179
	<b>Sum</b>	99	196
<b>Huglo</b>	Eksisterande planar	23	0
	Nye	0	0
	<b>Sum</b>	23	0
<b>Spreidd/fortetting</b>	Eksisterande planar	59	30
	Nye	31	0
	<b>Sum</b>	88	30
<b>Samla sum</b>		<b>831</b>	<b>1500</b>
			<b>2331</b>

Det er ynskjeleg å byggja fleire generasjonsbustader eller bustader med livsløpsstandard, og leggja til rette for sentrumsnære bustadprosjekt med fellesareal og lett tilgjengelege servicetilbod. Dette vil ein søkja løyst i samband med godkjenning av reguleringsplanar.

## AREAL TIL KOMMUNALE INSTITUSJONAR

Det vert føresett avsett tomt til ny skule i område Heiane sør. Denne vil verta innpassa i samband med utarbeiding av områdereguleringsplanen. Det vil verta bygd fleire omsorgsbustader etter behov fleire stader. Det kan også byggjast omorgsbustader som del av kombinerte fortettingsprosjekt sentralt i byen. Eventuell sjukeheim i Sagvåg kan byggjast som sjukeheimsfløy til eksisterande omsorgsbustader i Buneset 11.

## AREAL TIL FRITIDSBYGG

Det er ikkje avsett nye areal til fritidsbygg utover det som vart lagt inn i kommunedelplanen for Huglo, vedteken 16.12. 2010.



## Næringsareal

Heiane vest er bygd ut innan for dei rammer som gjeldande kommuneplan

gjev. Dette har skapt eit sterkt behov for nytt sentralt næringsareal. Dette er mellom anna bakgrunnen for at for-

mannskapet ser det aktuelt å forsera kommuneplanrevideringa, særleg då med tanke på Heiane sør.

NR	Område	Formål i gjeldande KP	Formål i ny KP		Av dette til næring: Areal (daa)
				Areal (m <sup>2</sup> )*	
7	Sagvåg (Podlen)	Næring	KOMBINERT FORMÅL (1800)	8 463	8 463
9	Heiane Vest	Park/LNF mm.	NÆRING (1300)	56 932	56 932
10/14	Tyse	LNF	KOMBINERT FORMÅL (1800)	97 109	24 000
11	Heiane sør	LNF	KOMBINERT FORMÅL (1800)	590 866	190 000
22	Tømmervikjo	LNF	NÆRING (1300)	21 710	21 710
<b>Sum areal i m<sup>2</sup></b>			<b>775 080</b>	<b>301 105</b>	

I tillegg eig kommunen eit areal på om lag 200 mål ved flyplassen. Totalt sett er tilgangen på nye næringsareal god. Men tilgangen på sjønære areal med gode djupnetilhøve er avgrensa.

## Areal til idrett

Det er føresett plassert nye baneanlegg/idrettsanlegg i Heiane sør som må sjåast i samanheng med nytt skuleanlegg og innpassast i samband med utarbeiding av områdereguleringsplanen. Utover dette er ikkje sett av noko nytt areal til idrettsføremål. Det er heller ikkje kome innspel om dette. Mykje av utviklinga i den komande perioden vil skje på alt etablerte og regulerte areal. Mange av anlegga treng rehabilitering noko som sjeldan endrar arealdisponeringa. Ved utbygging av offentlege område som skular og barnehagar er det sett krav om tilstrekkeleg areal til aktivitet. Spesielt tenker me på utvikling av Heiane og den framtidige "Digernesbyen". Det er og trong for areal ved Tjødnalio skule/barnehage for utviding av aktivitetsområde ved vidare utbygging i nærliggjande område.. Dette ligg i dag inne som offentleg føremål. Å sikra meir/oppretthalda dagens areal rundt skulanle{idrettsområda, slik at her er høve til utvikling, er og viktig.

Hestesportsenter på Tyse er tenkt å flyttast frå dagens posisjon nordvestover mot E-39.

## Friluftsliv

På arealkartet er det lagt inn eksisterande og framtidige turvegar og turstiar med bakgrunn i kartleggingsarbeid og vurderingar med forslag til nye trasear som er utført i samband med prosjektet "Grøntstruktur, turvegar og samanhengande gang-/sykkelvegar". Stort sett er dette eksisterande turvegar/stiar som det er verd å ta vare på eller oppgradera. Vidare er det teikna inn ein del nye turvegar/stiar som koplar saman eksisterande løpenett.

Her bør nemnast:

- Sti rundt Ålandsvatnet
- Samanbinding rundt Dalskardsvatnet
- Kyststien - Rommetveit
- Samankopling rundt Storavatnet og med Landåsen
- Hauglandskvedno – Sjoalemøyro/ Grov
- Frugarden/Frugardselva
- Gullskar - Gullberg
- Alnavågen – Sæbø
- Landåsen – Stua
- Dyvikesåto
- Utslettefjedlet
- Rutle – Hustredalen
- Gang/sykkelveg Litlabøvegen

Hovudmålet er at det bør vera minst 1 universelt tilrettelagd turveg/sti i kvart av oppvekstområda. For å halda oppe fysisk aktivitet heile året er lyssetjing på nokre av dei og ei stor føremón. Ein vil ta stilling til utforminga av stiane i samband med planhandsaminga for kvar einskild av dei. Informasjon om stiar/turvegar samt eintydig merking og gode parkeringstilhøve er også viktig for å få folk meir aktive. Det er viktig å skjerma dei grøntområda som ligg att, spesielt dei sentrumsnære.

## Friluftsområde

Stord har store samanhengende naturområde som vert nytta til friluftsliv. Enkelte viktige rekreasjonsområde er av stor verdi og utgjer 'fellesei' for alle innbyggjarane i kommunen, uansett kvar ein bur. Dette er i første rekke fjellområda, frå Stovegolvet i sørvest, til Mehommarsåto i nord, og området frå Heio og ned mot Lundarstøl. Dei lågareliggjande heiene eller fjellområda vest for Ravatnet (Mennene / Prestavarden m.fl.) er også av stor verdi som eit samanhengande turområde, med samband mot Sæterbø og Fitjarfjellet. Nedanfor fjellområda har vi i kommunen eit nærast samanhengande skogsområde frå Litlabø til Agdestein, som blir nytta til ulike typar friluftsliv. Som felles rekreasjonsområde er likevel det samanhengande skogsområdet Storavatnet – Valvatna – Skjepasen –

Landåsen det mest brukte i kommunen. Området, her omtala som Landåsen, har ei geografisk sentral plassering mellom Sagvåg, Litlabø og Leirvik, og er avgrensa av Storavatnet, Sagvågsvegen (fv. 545), E39 og Litlabøvegen (Fv67). Landåsen omfattar eit areal på om lag 5000da, med eit omfattande nett av turvegar. I kommunen er det også mindre område som vert nytta til friluftsliv i nærmiljøet.

Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune har i samarbeid med kommunane kartlagt regionalt viktige friluftslivområde i fylket.<sup>1</sup> Regionale friluftsområde er her nytta om område med stort nedslagsfelt og mange brukarar, anten totalt eller i høve til folkemengda i regionen. Områda kan vera større, samanhengjande tur- og naturområde langs kysten, i skogen eller i fjellet, men kan og vere min-

dre område med spesielle kvalitetar som gjer at området har regional verdi. Stord har 12 område registrert. Fleire av områda er rangert som svært viktige friluftslivområde (A), andre som viktige (B). Gruppe C er registrerte friluftsområde. Dei registrerte områda er delt i følgjande kategoriar: Utfartsområde, Strandsona og Marka-område (nære turområde).

1	Mehammarsåto – Kattnakkjen	Utfartsområde	A
2	Huglo –Storsøyø	Strandsona	B
3	Hystadmarkjo	Strandsona	A
4	Sponavikjo	Strandsona	A
5	Ållandsvatnet	Strandsona	A
6	Baståsen – Grimsåsen	Marka	B
7	Sætråsen - Bjødnahifjellet	Utfartsområde	C
8	Storavatnet	Strandsona	A
9	Dåfjorden	Strandsona	B
10	Føyne – Nautøy	Strandsona	A
11	Digernes	Marka	B
12	Landåsen	Marka	A

For å sikra eit betre vern, er desse områda med unntak nr 1 og 7 er lagt inn som omsynssoner på arealkartet.

Badeplassar og friluftsområde langs sjøen er viktige område for friluftsliv i kommunen. Storavatnet og Ållandsvatnet, og øyane Huglo, Storsøy, Føyne og Nautøya er også kartlagt som viktig område for friluftsliv. (sjå ovenfor).

Det finst mange lune viker og badestrenger langs kysten av Stord. Ei rekke av strendene er kommunale.

- Jektavikjo
- **Ållandsvatnet**
- **Sponavikjo**
- **Sætravikjo**
- Fletaneset
- Vaskeriplanet

#### • **Nautøyø**

- Båtsvikjo
- Fuglavikjo

#### • **Breivikjo**

- Todlaneset

#### • **Dagfinnsvikjo**

- Kyvikjo

- Hystadvikjo

- Melkevikjo (**Hystadmarkjo**)

- Apalvikjo (**Hystadmarkjo**)

- Alnavågen

#### • **Vikasanden, Huglo**

(Områda som er vist med **feit skrift**, vert forvalta av Friluftsrådet Vest.)

### Fritidsbygg (hytter, rorbuer, naust)

Utover dei endringar som er vedteke i kommunedelplan Huglo, og det som er

føreslått for einskildtomter i Dåfjorden, jamfør § 2.3 i føresegne, er det ikkje opna for nye fritidsbygg i høve til gjeldande plan.

### Areal til gravlund

Behovet for gravplassar i perioden, reknar ein med kan dekkast av areal avsett i gjeldande kommuneplan ved Frugarden og areal avsett på Kattatveit i kommunedelplan Leirvik, vedteken 6. desember 2007.

### Samferdsel

Det er utarbeidd eigen forstudie for oppgradering av E39 med kryss og tilførselsvegar på strekninga Heiane – kryss ved Vestlivegen. Forstudien har etter høyring vore handsama i kommunestyret 16.12.2010 som gjorde vedtak om å nytta forstudien som grunnlag for vidare

<sup>1</sup> Fylkesmannen i Hordaland / Hordaland Fylkeskommune, 2008: Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av viktige område i Hordaland [Prosjektrapport 2008]



arbeid med prosjektet, og samstundes arbeida for å få prosjektet innarbeidd i komande NTP-periode.

Kommunestyret stilte seg og positiv til å nytta lokal delfinansiering med bompengar og bad om at prosjektet vart marknadsført som "Stordpakken".

På denne bakgrunn er det bandlagt ein korridor langs E39 som dekkar dei

nest aktuelle alternativa, slik at ein hindrar disponering av arealet til anna føremål i påvente utarbeiding av eigen kommunedelplan for E39, jamfør §5.10 i føresegndene.

Lokalisering av nytt ferjeleie med tilførselsveg i Kvinnheradsambandet vert løyst gjennom eigen, pågående kommunedelplanprosess.

#### **Anna arealføremål**

Det vert her vist til kapittel 2,3,4 og 5 om føresegner til arealføremåla i føresegndene som ligg ved som eige vedlegg.

# Samanstilling av konsekvensutgreiingar for kommuneplanens arealdel

## 1. INNLEIING

I samsvar med § 4-2 og §11-13 i lov om planlegging og byggesaksbehandling skal det utarbeidast konsekvensutgreiing i samband med kommuneplanens arealdel. Planskildringa skal innehalda ei særskilt vurdering og skildring av planens verknader for miljø og samfunn i tråd med krava i §4-2.

Planprogrammet gir nærmere føringar for kva som skal konsekvensutgreia. Dei ulike tema som skal utgreiaast er vist i tabellform (jf. side 24-25 i planprogrammet). I planprogrammet heiter det vidare:

«Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiaast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. Særskilte undersøkingar parallelt med planarbeidet skal skildraast nærmare. Private utbyggjarar som fremjer forslag for private utbyggingsområde, må leggja fram og kosta nødvendig skildring og konsekvensutgreiing.»

Alle nye utbyggingsområde må konsekvensutgreia. Omfanget av konsekvensutgreiinga varierer mellom dei ulike utbyggingsareal, men også mindre arealendringar medfører krav om konsekvensvurdering.

Tema som skal utgreiaast er lista opp i planprogrammet, saman med oversikt

over kvar tilgjengeleg informasjon er å finna. Nokre av tema som skal vurderast er av generell karakter og kan ikkje spesielt knyttast til det einskilde utbyggingsområde i arealdelen av kommuneplanen. Spesielt for mindre utbyggingsområde er det såleis lite relevant å konsekvensutgreia store samfunnstema. Dette gjeld t.d. energi, kriminalitet, og enkelte fokusområde innafor folkehelse. Det er likevel viktig at desse

tema vert belyst, slik at det kan føretas ei konsekvensvurdering av den samla arealbruken i kommuneplanen. Nokre tema er difor vurdert på overordna nivå, og teke inn i generell del i kommuneplanen. Dette gjeld også vurdering av kva konsekvensar det valde utbyggingsmønsteret samla sett får i høve til kommunen sin planstrategi og kommunale målsetjingar vedk. senterstruktur, oppvekst og miljø med meir.



## 2. KVA VERT UTGREIDD I KONSEKVENSETGREIINGA (KU):

### MILJØ:

Tema FOKUS /KVA SKAL VURDERAST \* Indikator / Kriterier for konsekvens

➤ Forureining	<ul style="list-style-type: none"> <li>Klimagassutslepp<sup>1</sup></li> <li>Anna utslepp til luft</li> <li>Forureining av jordbotn, vassdrag og sjø<sup>2</sup></li> <li>Støy</li> </ul>	Klima- og energiplanen sine mål for klimagassutslepp. Avløpsplanen for Stord sine mål for forureining av jordbotn, vassdrag og sjø
➤ Naturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>Naturgrunnlaget /naturtyper</li> <li>Biologisk mangfald<sup>3</sup></li> <li>Fisk og vilt</li> </ul>	Arealbeslag Raudlisteartar, verdfulle naturtyper Viktige trekkruuter og beiteområde for vilt <sup>4</sup>
➤ Friluftsliv	<ul style="list-style-type: none"> <li>Turstiar og grøntkorridorer<sup>5</sup></li> <li>Viktige turområde<sup>6</sup></li> <li>Tilgang til nærmiljøanlegg, leikeplassar mm<sup>7</sup></li> </ul>	Viktige /prioriterte turvegar Regionalt og lokalt viktige rekreasjonsområde Prioriterte anlegg
➤ Strandsone	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kartlegging av funksj. strandsone som grunnlag for nye tiltak<sup>8</sup></li> <li>Havbruk</li> </ul>	Jf. kartlegging av funksjonell strandsone Tilgjengeleg strandsone
➤ Kulturminne og kulturmiljø	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kulturhistoriske verdiar i tiltaket sitt influensområde.</li> </ul>	Verdi / vernestatus/påverknadsgrad: Automatisk freda kulturminne <sup>9</sup> Kulturmiljø-verneverdi <sup>10 11</sup>
➤ Landskap	<ul style="list-style-type: none"> <li>Estetiske verdiar i landskapet</li> <li>Den visuelle opplevinga av omgjevnadene</li> <li>Endringar som følgje av nye tiltak</li> </ul>	Verdfulle landskap Estetiske kvalitetar, opplevingsverdi <sup>12</sup> Landskapsendringar /endring av landskapets karakter
➤ Sikring av jordressursar	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avgang på dyrka mark og skogbruksareal</li> <li>Kulturlandskap</li> <li>Kjerneområde for landbruk<sup>13</sup></li> </ul>	Eksisterande og potensielt landbruksareal [AR50] <sup>14</sup> Bonitet <sup>15</sup> Kjerneområde for landbruk
➤ Energi	<ul style="list-style-type: none"> <li>Energiforbruk</li> <li>Energilosningar<sup>16</sup></li> </ul>	Tilgjengeleg nett Potensiale for energieffektive løysingar

<sup>1</sup> Klima- og energiplan for Stord (2008) / klimakalkulator ([www.klif.no](http://www.klif.no)) / luftkvalitetinfo ([www.luftkvalitet.info](http://www.luftkvalitet.info))

<sup>2</sup> Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2004-2015

<sup>3</sup> Kartlegging og verdisetting av Naturtyper i Fitjar og Stord. Fitjar og Stord kommunar og Fylkesmannen i Hordaland 2008

<sup>4</sup> Forvaltningsplanen for hjort på Stord (Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor 2005) Viltkartlegging 2004

<sup>5</sup> Samanhengande turvegar, gang- og sykkelvegar på Stord (2010)

<sup>6</sup> Fylkesmannen i Hordaland / Hordaland Fylkeskommune, 2008: Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av viktige område i Hordaland (Prosjektrapport 2008)

<sup>7</sup> Plan for anlegg for idrett, friluftsliv og kulturanlegg (2009)

<sup>8</sup> Strandsonekartlegging i Stord kommune – Funksjonell strandsone - Stordøya og Huglo (2010)

<sup>9</sup> Askeladden (databasen for kulturminneregister)  
<http://askeladden.ra.no>

<sup>10</sup> Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Stord kommune (2009)

<sup>11</sup> Plan for bygningsvern - del av kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (2009)

<sup>12</sup> Den europeiske landskapskonvensjonen (2004)

<sup>13</sup> Kart over kjerneområde for Landbruk (2010)

<sup>14</sup> Landbruksplan for Stord og Fitjar 2005-2015

<sup>15</sup> Gardskart <http://gardskart.skogoglandskap.no>

<sup>16</sup> Klima- og energiplanen for Stord (2008).

**MILJØ:**

Tema	FOKUS /KVA SKAL VURDERAST *	Indikator / Kriterier for konsekvens
➤ Transportbehov	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trafikkanalyse/ÅDT</li> <li>• Konsekvensar for kollektivløysingar</li> <li>• Behov for gang/ sykkelvegar <sup>17</sup></li> </ul>	Samordna areal- og transportplanlegging <sup>18</sup> Tilgjengeleg g/s-veg Trafiksikring Tilgjengeleg kollektivtilbod
➤ Senterutvikling og utbyggingsmønster	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Effektar på etablerte sentra</li> <li>• Tilhøve til definerte utviklingskorridorar</li> </ul>	Kommunale målsetjingar om senterstruktur (avstand til eksisterande senter, busetnadsstruktur mm)
➤ Folkehelse	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilhøve for utsette grupper</li> <li>• Sosiale skilnader i helse og levekår <sup>19</sup></li> <li>• Sosiale miljøfaktorar og nettverk</li> <li>• Tilhøve for fysisk aktivitet</li> <li>• Tiltak for sunt kosthald</li> <li>• Møteplassar</li> <li>• Inkludering og integrering</li> <li>• Tobakk- og alkoholforbruk<sup>20</sup></li> <li>• Støyførebygging</li> <li>• Radonkartlegging</li> </ul>	Aktivt nærmiljø / God miljøkvalitet Trafikktryggleik  Sosial samkjensle(tilhørighet)  <i>Støy</i> - jf. støykrav i veileder <sup>21</sup>
➤ Tilgjenge til uteområde og gang/ s.vegnett	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Universell utforming</li> <li>• Trafiksikring</li> <li>• Gang /sykkelvegar og turstiar</li> <li>• Leikeområde og turområde</li> </ul>	Retningslinjer for universell utforming <sup>22</sup> Tilgjengeleg gang/sykkelvegnett <sup>23</sup> Gode grøntkorridorar Barriereverknader i høve til tilgjenge
➤ Kriminalitetsførebygging	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak i Stord kommune (SLT) <sup>24</sup></li> <li>• Problemorientert politiarbeid [POP] <sup>25</sup></li> <li>• Anti-mobbearbeid og haldningsskapande verksemid i Stordskulen</li> <li>• Tiltak innanfor fysisk planlegging som kan bidra til å forhindra straffbare handlingar i bustadområde og på offentlege plassar.</li> </ul>	Føringar i sjekkliste : Tryggleik / oversikt <sup>26</sup>
➤ Barn og unge sine oppvekstvilkår	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Universell utforming</li> <li>• Omsyn til miljø</li> <li>• Redusert bilkjøring / bilfrie bustadområde</li> <li>• Aktivitetsområde for ulike aldersgrupper og ulike aktivitetar</li> <li>• Bervara fri natur i samsvar med resultatat av kartlegging av barnetråkk</li> <li>• Ta vare på kulturlandskap og kulturminne</li> <li>• Tilgang til barnehage, skule, idrettsanlegg, leikeplassar, fritidsklubb i nærområdet</li> <li>• Lokale og område for lag og organisasjonar sine aktivitetar</li> </ul>	Retningslinjer for universell utforming  Konsekvensar for etablerte barnetråkk, leikeplassar, skule m. m. gode møteplassar/aktivitets-område. Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge <sup>27</sup>



<p>➤ Infrastruktur</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vegsystem</li> <li>• Energi</li> <li>• Komm.tekniske anlegg VA<sup>28</sup></li> <li>• Breiband</li> <li>• Skule<sup>29</sup></li> <li>• Barnehage-tilbod</li> <li>• Idrettsanlegg / leikeplassar<sup>30</sup></li> </ul>	<p>Tilrettelegging i høve til eksisterande og planlagt infrastruktur</p>
<p>➤ Beredskap og ulukkesrisiko</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nye tiltak sin verknad for beredskap og ulykkesrisiko</li> </ul>	Jf. Akseptkriteria i ROS-analysen for : Naturrisiko/Verksemndrisiko /Beredskapstiltak/ Sårbare objekt <sup>31</sup>
<p>➤ Kommune- økonomi og -tenester</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kapasitetsgrenser</li> <li>• Økonomiplan / budsjett</li> </ul> <p>Temaet vert vurdert i samband med økonomiplan / budsjett, som er handlingsdelen til kommuneplanen.</p>	Konsekvensar for tenestetilbodet (organisering / samla tilbod) <sup>32</sup>

\*Tema merka med grå skrift er lite relevant for arealdelen av kommuneplanen.

<sup>16</sup> Klima- og energiplanen for Stord (2008).

<sup>17</sup> Samanhengande turvegar, gang- og sykkelvegar på Stord. Rapport 2010.

<sup>18</sup> Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging T-5/93.

<sup>19</sup> Bustadsosial handlingsplan for Stord kommune / Rehabilitering, helse og omsorgsplan

<sup>20</sup> Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2008–2012.

<sup>21</sup> SFT:Veileder til Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging.

<sup>22</sup> Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming. MD 2008. Deltaking for alle – universell utforming, Fylkesdelplan 2006–2009, Hordaland Fylkeskommune. Rettleiar – universellutforming av publikumsbygg. Stord kommune 2009.

Universell utforming i Leirvik sentrum – prinsipp og overordna system for føringssljer. Stord komm. 2009.

<sup>23</sup> Trafiksikringsplanen 2004–2007

<sup>24</sup> Stord kommune si nettside – om SLT

<sup>25</sup> Samarbeid mellom Stord kommune og Stord lensmannskontor for å hindra rus- og kriminalitetsutvikling hos ungdom på Stord

<sup>26</sup> Bedre planlegging, færre farer. Kriminalitesforebyggende sjekkliste for planleggere. (Det krim.foreb.råd 1997) Føre var- rapportar 2006-2009 (SK – utekontakten)

<sup>27</sup> RPR for barn og unge (MD, T-2/08)

<sup>28</sup> Kommunedelplan for vassforsyning 2006-2017  
Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2004-2015

<sup>29</sup> Skulebruksplan for Stord kommune 2008-2015

<sup>30</sup> Plan for anlegg for idrett, friluftsliv og kulturanlegg (2009)

<sup>31</sup> Stord kommune ROS-analyse nye utbyggingsområde (KP-dok 2010)

<sup>32</sup> Budsjett og økonomiplan for Stord kommune 2010-2018

### 3. METODE – INNDELING AV KONSEKVENTS

Ved vurdering av konsekvens er det føreteke ei vurdering av kva følgjer den føreslårte utbygginga får for dei ulike tema. Konsekvensvurderingane vert gjort på eit overordna nivå, og det er nyttar ein tredelt skala for vurdering av konsekvens:

- Positiv konsekvens (+)
- Ingen konsekvens (0)
- Negativ konsekvens (-)

Det er også nyttar kombinasjon av karakterane + /- /0, for å visa grad av konsekvens. Karakter -/0 tyder t.d. på liten eller ingen negativ konsekvens. Grad av konsekvens (stor negativ, liten negativ osv.) vil også framgå av teksten under konsekvensar. Ved samla vurdering av konsekvens er tema som er av stor betydning tillagt større vekt, utan at dette er vist med tal. For miljøtema er omsyn av stor regional og nasjonal

verdi nemnt særsiktig, og medfører større grad av konsekvens for det enkelte tema, og for den samla vurderinga. I enkelte tilfelle er særleg viktige tema merka med stjerne (\*).

Vurdering av konsekvens vert gjort med utgangspunkt i noverande situasjon (0-alternativet).

## 4. ROS-ANALYSE

Det er utarbeidd eigen Risiko- og sikkerhetsanalyse for dei ulike utbyggingsområda.<sup>33</sup> Konklusjonane frå denne er lagt inn som eige tema i samanstillinga av konsekvensutgreiingane. Det vert vist til ROS analysen for nærmere utgreiing omkring tema som er omhandla.

### AKSEPTKRITERIUM

Ved gjennomføring av ROS-analysen for nye utbyggingsområde er det lagt til

grunn eit sett med akseptkriterium. Ros-analysen føreset at akseptkriteria vert godkjent av kommunen saman med kommuneplanen.

- Verksemderisiko (Risikoverksemder, forureina grunn, skipsfart, brannvesen)
- Sårbare objekt (Frilufts- / Verna område, Kulturminne)

### RISIKOTYPAR

ROS-analysen er ulike typar risiko vurdert:

- Naturrisiko (Skred, flom i vassdrag, høg vasstand, sterkt vind, ekstremnedbør, skog-/lyngbrann, radon)

33. RISIKO- OG SÅRBARHETSANALYSE Av forslag til nye utbyggingsområde ved rullering av Stord kommune sin arealdel av kommuneplanen for perioden 2010-2011. Stord kommune okt. 2010.

## KONSEKVENSUTGREIING AV UTBYGGINGSMRÅDA

Der det er utarbeidd særskilde konsekvensutgreiinger (eigne rapportar) er desse lagt til grunn for konklusjonane i samanstillinga. Dette gjeld fylgjande område:

Område nr.	Område	Rapport
10/14	Tyse	KONSEKVENSUTGREIING TYSE, STORD KOMMUNE 2010 (Plan Vest / J. Tufteland as / Akvator )
11	Heiane Sør	KONSEKVENSUTGREIING HEIANE SØR, STORD KOMMUNE (Plan Vest / J. Tufteland as / Akvator )
12	Hystad	KONSEKVENSUTGREIING HYSTAD GNR.26, BNR.1 M.FL. STORD KOMMUNE (Gøtz as 2010)
16	Vestlio	KONSEKVENSUTGREIING VESTLIO, ØREHAUGEN SØR OG NORD, STORD KOMMUNE (Plan Vest /
17	Ørehaug	J. Tufteland as / Akvator )
22	Tømmervik	KONSEKVENSUTGREIING TØMMERVIK DEL AV GNR.48, BNR.1 STORD KOMMUNE (Gøtz as 2010)
25	Kvernaneset (Ladberget)	KONSEKVENSUTGREIING KVERNANESET STORD KOMMUNE (Akvator 2010)

Konsekvensutgreiingane er utarbeidde av konsulentar, i samråd med kommunen, og med bakgrunn i føringar gitt i planprogrammet. Konklusjonane frå desse KU-rapportane er lagt inn i samanstillinga, i hovudsak utan endringar. Der ein har funne det turvande, er det i samanstillinga gjort mindre endringar, og også lagt til moment som ikkje er nemnt i konsekvensutgreiinga, men som ein ser som viktig for vurderinga av tiltaket.

Det er i enkelte tilfelle utgreidd tema som går ut over temainndelinga, nye tema er då vist med pil i tabellen. Døme:

- Vegsystem

For dei andre områda er det gjort ei enkel konsekvensvurdering på bakgrunn

av synfaring og kjende data (sjå fotnotar til kap.2). Konsekvensvurderinga vert presentert på same måte i tabellform under det enkelte utbyggingsområdet. I enkelte tilfelle er det gitt supplerande opplysingar som vedlegg til tabellen.

### FYLGJANDE OMRÅDE ER KONSEKVENSVURDERT:

- |       |                        |    |   |
|-------|------------------------|----|---|
| 1     | Horneland (Byrkjeland) | 11 | Heiane sør (Hatland/Digernes)               |
| 2     | Rommetveit             | 12 | Hystad                                      |
| 3     | Frugarden              | 13 | Hystad                                      |
| 4     | Petarteig (Dåfjorden)  | 14 | Tyse- (tidl. Hestesport)<br>(Sjå område 10) |
| 5     | Vikanes                | 15 | Tyse E nytt hestesport                      |
| 6     | Kyvik                  | 16 | Tyse - (Vestlio)                            |
| 7     | Sagvåg                 | 17 | Tyse - (Ørehaug)                            |
| 8     | Skjersholmane          | 18 | Nes / Sætrevik                              |
| 9     | Heiane Vest            | 19 | Kyvik                                       |
| 10/14 | Tyse                   | 20 | Vikanes                                     |
|       |                        | 21 | Sagvåg                                      |
|       |                        | 22 | Tømmervikjo                                 |
|       |                        | 23 | Stokken                                     |
|       |                        | 24 | Stuva (Litlabø)                             |
|       |                        | 25 | Kvernaneset                                 |
|       |                        | 26 | Horneland                                   |
|       |                        | 27 | Eldøy                                       |
|       |                        | 28 | Ådland                                      |



# 1 HORNELAND (BYRKJELAND)

**7,6 DAA.**

**Eigedom:** **Gnr. 46, bnr. 1**

**Status i gjeldande plan:** LNF-område utan bestemmelse om spreidd utbygging

**Føreslått regulert til :** Bustader (1110)

## TILRÅDING ETTER KU:

Området vert lagt ut til bustader i planperioden, men utbygging bør sjåast i samband med skulekapasitet og utvikling av tilliggjande areal. Området må inngå i områderegulering saman med Heiane Sør (omr.11), der vegløsing (kjøreveg og gang/sykkelveg) mot Digernes må visast i samband med planen. Det vert stilt rekkjefølgjekrav i høve til skulekapasitet

Området kan byggjast ut med 8 - 11 bustader.



## BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå **VI eiendom**. (sjå vedlegg). Utbyggjar ønskjer å tilrettelegga eit område langs Hornelands-vegen for utbygging av einebustader.

## LOKALISERING / STATUS:

Området er ein teig av 46/1, og grensar til gnr. 48, ligg 45-48moh, aust for E39 (vegarm mot Skjersholmane), og grensar til veg til Digernes (p.t. stengt) og Hornelandsvegen. Avstand til E39 (hovudtraseen) er ca. 200m. Området grensar i nord mot næringsområdet på Heiane og i aust mot bustadområde i Olderdalen, og i sør aust til spreidd busetnad. Mot sør grensar området til skog og dyrka mark. Området i sør er ein del av kjerneområde for landbruk.

## INNLEIANDE VURDERING :

Evt. utbygging av området bør vurderast i samanheng med disponering av kringliggjande område, vegnett og infrastruktur og for å avklara trøng for buffer mot landbruk. Området grensar til kjerneområde for landbruk.

## SAMLA KONSEKvens:

Miljø	Utbygging berører ikkje verdfulle naturypar, og i liten grad dyrka areal, men randsona mot landbruksområdet / kulturlandskapet på Byrkjeland vert noko berørt.	-
Samfunn	Positiv konsekvens i høve til nærleik til senter og tilgjenge til friområde. Manglande infrastruktur (skule) gir negativ konsekvens.	0

## 2 ROMMETVEIT

**5,2 DAA.**

**Eigedom:** Gnr. 21, bnr. 3 (teig1) og bnr.10 (teig 2)

**Status i gjeldande plan:** LNF-område utan spreidd utbygging

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING ETTER KU:

Området kan byggjast ut til bustader. Området må avgrensast mot gardsveg i sør og nord, og mot framtidig vegline i aust. Område B-2-nord kan byggjast ut som felt, medan B-2-sør må sjåast som fortettingsområde.

Området kan byggjast ut med 5-10 bustader, alt etter utbyggingsform.

Tilgrensande område i vest (like søraust for tunet på Rommetveit) får endra status fra LNF til Eksisterende bustader.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigar Harald Tveit (eiged. 21/3-10). Område B-2-sør redusert i høve til innspelet frå grunneigar

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til eksisterande busetnad kring gardstunet på Rommetveit. Arealformålet er foreslått endra frå LNF til bustadbygging. Området avgrensast av gardsveg i sør og trase for ny hovudveg i aust. Området er pr. i dag dyrka /dyrkbar mark.

### INNLEIANDE VURDERING:

Området ligg inneklemt mellom veg og busetnad på Rommetveit. Området er difor vurdert som marginalt i høve til jordbruk, og er ikkje medteke i kjerneområdet for landbruk. Framtidig trase for omlegging av fylkesvegen berører eigedomen, og avgrensning av arealformålet må ta omsyn til denne.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	<u>Liten</u> negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>KULTURMINNE/KULTUMILJØ (Busetnaden berører visuelt tunmiljøet og kulturlandskapet ikring Rommetveit-garden)</li> <li>LANDBRUK: Reduksjon av dyrka mark, men arealet er marginalt.</li> <li>LANDSKAP: Kulturlandskap vert visuelt berørt.</li> </ul>	-
Samfunn	Positiv konsekvens for SENTERUTVIKLING og UBYGGINGSMØNSTRE: <ul style="list-style-type: none"> <li>Utbygging er med å styrkja grunnlag for Rommetveit skule, og lokalsenter i Nordbygdo.</li> </ul> Elles ingen vesentleg konsekvens for samfunnet.	+/0

## 3 FRUGARDEN

**8,3 DAA.**


**Eigedom:** **Gnr. 27, bnr. 1 og brn. 760**

**Status i gjeldande plan:** LNF-område utan spreidd utbygging

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING ETTER KU:

I samsvar med vedtak i Forvalningsstyret vert Lønnelund (B3-2) lagt inn i som bustad-område i KP. Det vert også rådd til at eit område sørvest for Ådlandsvegen (B3-1) og eit område nord for tunet i Frugarden (B3-3) vert teke inn som bustadområde. Sistnemnde område grensar til noverande bustadområde i Furulyvegen. Områda kan byggjast ut med 8-15 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Grunneigar har kome med innspel, og ønskjer utbygging av bustader / næring, friluftsområde / kulturvern. Søkjær har presentert skisse til plan for eigedomen, som viser utbygging av bustader nordaust for tunet og langs begge sider av Ådlandsvegen (m.a. Lønnelund). Innspelet er delvis teke til følgje, men ein vil ikkje rá til ei utbygging som berører gardstunet og strandsona nærmast Frugardselva. Forvalningsstyret i Stord har bedt om at Lønnelund (foreslått regulering) vert teke inn som bustadområde i K-plan. Foreslått utbygging omfattar 3 delområde.

### LOKALISERING / STATUS:

Eigedomen grensar i nord til Midtre kyrkjegard, og i nordvest til eksisterande busetnad på vestsida av Ådlandsvegen. Foreslått utbyggingsareal omfattar eit areal mellom Frugardselva og Ådlandsvegen (3-1) Lønnelund(3- 2), og eit areal nordaust for tunet Frugarden (sør for midtre kyrkjegard) (3-3).

### INNLEIANDE VURDERING :

Frugarden grensar til noverande og planlagt gravplass i Frugarden. Arealet er marginalt som landbruksområde, men har verdfullt og viktig kultuhistorisk landskap. Utbygging av området er vurdert i samanheng med vedteken regulering for gravplass. Viktig grøntkorridor langs Frugardselva må ivaretakast. Langs område 3-2 er det difor sett av ein buffer på min. 35 m mot elva. Sør for krysset med Tysevegen vert det ikkje tilrådd å byggja ut arealet vest for Ådlandsvegen, men å bevara arealet som grøntsone. Det må setjast av areal til ny gang/ sykkelveg langs austsida av Ådlandsvegen, som også kan nyttast som framtidig prosesjonsveg frå kyrkja til gravplassane.

### SAMLA KONSEKvens:

Miljø	Negativ konsekvens for KULTURMINNE /KULTURMILJØ og LANDSKAP: <ul style="list-style-type: none"> <li>Deler av utbygginga vil berøra verdfullt tunmiljøet og kulturlandskap visuelt</li> <li>Utbygginga i Lønnelund vil påverka miljøet kring Møllebrua visuelt (negativ konsekvens).</li> <li>Foreslått utbygging i området vil ha negativ konsekvens for kulturlandskapet i området.</li> </ul>	-
Samfunn	Positiv konsekvens i høve til TRANSPORTBEHOV og SENTERSTRUKTUR (styrking av Leirvik sentrum). Elles ingen vesentleg konsekvens for samfunnet.	0


## 4 PETARTEIG

**1,3 DAA.**

**Eigedom:** Gnr. 63, bnr. 3

**Status i gjeldande plan:** LNF-område utan spreidd utbygging

**Foreslått regulert til :** LNF- spreidd fritids-busetnad (5220)



### TILRÅDING ETTER KU:

Det vert rådd til ei avgrensa utbygging av naust i området. Området er i dag urørt, men ligg nært inntil eksisterande næringsområde og planlagt bustadfelt. Tiltaket har negative konsekvensar for miljøet, m.a. ved at grunnområdet Petarteigspøya må mudrast og tilhøyrande strandsone vert berørt, og ved at utbygginga berører viktig friluftsområde. Positive konsekvensar er knytta til at utbygging av naust kan gje eit betre grunnlag for planlagt bustadfelt, og veg til naustområdet kan gjera strandsona meir tilgjengeleg for ålmenta. Området ligg perifert, og samfunnsmessige konsekvensar av tiltaket er elles små.

Før utbygging må miljøkonsekvensane i tilknytning til mudring av sjøen utgreiast nærmere.

Tilkomst til naustområdet må samordnast med tilkomst til friluftsområde.

### BAKGRUNN:

Arealet vert lagt ut på grunnlag av innspel frå grunneigar. Tiltaket omfattar omdisponering av ein del av strandlinja til veg og område for naust og båtplassar, i tilknytning til regulert bustadområde. Tiltaket føreset mudring av del av Petarteigspøya.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg ved Nordre Dåfjorden, like nord for Dåfjordvegen. Området er i dag naturområde (LNF), og ligg inntil regionalt viktige friluftsområde i Dåfjorden (B).

### INNLEIANDE VURDERING :

Omdisponering av strandsona til naust og båtplassar berører LNF-område og eit friluftsområdet som er vurdert som regionalt viktig (B). Funksjonell strandsone er kartlagt i området. Ein bør generelt vera restriktiv til omdisponering av strandsona, dette må vurderast i høve til allmenn bruk og tilgjenge til strandsona.

### SAMLA KONSEKVENSETT:

Miljø	<p>Tiltaket har negativ konsekvens i høve til</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Forureining (konsekvensar i høve til mudring må undersøkjast nærmere)</li> <li>• Landskap</li> <li>• Friluftsliv (regionalt viktig friluftsområde)</li> <li>• Strandsona</li> </ul> <p>Som avbøtande tiltak bør det tilretteleggjast med sti-tilkomst til friluftsområdet i samband med utbygging av nausttomtane.</p>	-
Samfunn	<p>Naustutbygging kan styrke grunnlaget for utbygging av bustadfeltet i Dåfjorden.</p> <p>Medfører elles ingen vesentlege konsekvensar for samfunnet.</p>	0

## 5 VIKANES

2,3 DAA.

**Eigedom:** Nr. 58, bnr. 1

**Status i gjeldande plan:** LNF-område utan spreidd utbygging

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING ETTER KU:

Arealet ligg innanfor restriksjonssona for flyplassen, og delvis innanfor funksjonell strandsone. Konsekvensutgreiinga har avdekk fleire negative konsekvensar m.o.t. miljø (landskap, naturmiljø, strandsone) og samfunnstema (folkehelse, oppvekstvilkår, støy, mm). Tilgrensande areal i aust, som i gjeldande plan er vist som bustader, kan imidlertid verte utnytta på ein betre måte om dette arealet også vert lagt til. Etter ei samla vurdering vert området difor lagt ut som bustadfelt. Byggjegrense må fylgja funksjonell strandsone.

Området kan byggjast ut med 5-7 bustader.



### BAKGRUNN:

Arealet vert lagt ut på grunnlag av innspel frå grunneigar, der det er søkt om utviding av arealet som er avsett til bustader i gjeldande K-plan.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg på Vikanes, nordvest for snuplassen på Vikanesvegen.

### INNLEIANDE VURDERING :

Arealet gjeld utviding av eit område på Vikanes som er avsett til bustadområde i neverande K-plan. Det er gode utsiktstilhøve, og Arealet ligg inntil neverande busetnad på Vikanes, frå området er det ca 1 km til Sagvåg skule langs gamlevegen og g/s veg langs rv.545. Bussrute til Vikanes ca 1 g.pr.time. Det meste av det omsøkte området ligg innanfor restriksjonssona for flyplassen. Evt. bygging i dette området er underlagt særskilte krav til høgde o.a.. Området ligg om lag 200m utanfor støysona for flyplassen. Området ligg delvis innanfor det som er definert som funksjonell strandsone. Terengforhold og nærleik til strandsona tilseier at store deler av det omsøkte området bør utelatast som bygeområde. Eit redusert areal (B5) er vurdert som utbyggingsareal, og vurdert i KU.

### SAMLA KONSEKVENSETT:

Miljø	Liten /ingen konsekvens for naturmiljø, friluftsliv og landbruk. Negativ konsekvens i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• Landskap (bygging kan medføra store konsekvensar for landskapsbiletet)</li> <li>• Strandsone (Berører delvis funksjonell strandsone)</li> </ul>	-
Samfunn	Negativ konsekvens i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• Transportbehov (lang avstand frå sentra)</li> <li>• Folkehelse (støy) og</li> <li>• Tilgjenge til uteområde.</li> </ul> Elles ingen vesentlege konsekvensar for samfunnet	-

## 6 KYVIK

## 2,6 DAA.

**Eigedom:** Gnr. 19, bnr. 19 og 51

**Status i gjeldande plan:** LNF/nei-område

**Foreslått endra til :** LNF- spreidd (uendra)

### TILRÅDING ETTER KU:

Eigedomane vert vist som LNFR, men vil gjennom føresegner få same status som LNF- spreidd bustadbygging (5210). Bygging i området vert regulert gjennom føresegner til KP. Eigedomen vert teke med på liste over eigedomar, der det vert tillate tilbygg / nybygg, under visse føresetnader.

Jf. føresegnerne §3.4, som regulerer bygging på område for LNF m/ spreidd utbygging og på særskilte eigedomar som er lista opp i eige vedlegg (vedlegg C).



### BAKGRUNN:

Saka er basert på innspel frå grunneigarar, og det er søkt om å endra planstatus frå LNF til Bustad. Det aktuelle området er utbygd med 2 heilårsbustader.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg i nordre del av Kyvik (Rommetveit), sør for Kvernaneset, og grensar til strandlinia i aust og sør, til Rommetveitvegen i vest og til naturmark (Friområde) i nord.

### INNLEIANDE VURDERING :

Saka er generell og gjeld mange tilsvarende eigedomar i kommunen. Det vert lagt opp til ei eins handsaming av alle.

Eksisterande bustadeigedomar bør ha mulighet for å oppretthalda som bustader. Det er vurdert om bustadeigedomar i strandsona bør få endra status frå LNF-nei område til Bustadområde. Konsekvensar for strandsone, friluftsliv og landskap er vurdert i saka, og viser ein del negative konsekvensar ved ei omregulering.

Det vert vurdert som ei betre løysing å oppretthalda området som LNF-spreidd, med særskilte føresegner. Framtidig planstatus vil samsvara med noverande bruk av området som bustad, og gjera at evt. tilbygg på eigedomen kan handsamast utan dispensasjon.

**Tiltaket medfører ingen endring av planformål og konsekvensutgreiing vert difor ikkje lagt ved.**

## 7 PODLEN

**8,5 DAA.**

**Eigedom:** **Gnr.56, bnr. 155**

**Status i gjeldande plan:** Område for næring

**Foreslått regulert til:** Kombinert byggje- og anleggsformål (1800)

### TILRÅDING ETTER KU:

Det vert tilrådd ei omregulering som legg til rette for utbygging av eigedom 56/155 for kombinert næring og bustad. Hovudformålet i området bør fortsett vera næring, med utbygging av bustader på deler av arealet (øvre etasjar). Andel bustader bør avgrensast, slik at det ved utbygging vert sikra gode soltilhøve og tenlege uteareal for bustadene. KU har avdekkta negative konsekvensar i høve til støy, forureining og folkehelse. Før utbygging må det utarbeidast reguleringsplan, der krav til utnyttingsgrad, MUA og trafikkforhold vert fastsett. Krav om utgreiing vedk. støy, forureining, soltilhøve o.a. skal også følgjast opp på reguleringsplannivå.



Området kan byggjast ut med 25-50 bustader, alt etter utbyggingsform.

### BAKGRUNN:

Areal et er basert på innspel frå Vevos as, der det er søkt om utbygging av bustader på noverande næringsareal. Som grunnlag for søknaden er det vist 5 alternative forslag, med høg utnytting og inntil 80 bustader.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg ca 500m aust for Sagvåg sentrum. Arealet grensar i vest til bustadvegen Podlen, i sør til bustader (Podlen), i nord til rv.545 og til bustadvegen Tjødnalio i aust. I K-plan er alle tilgrensande areal vist som bustadområde.

### INNLEIANDE VURDERING :

Generelt er det stor trøng for næringsareal i kommunen, og omdisponering av eksisterande næringsareal bør ikkje skje utan at særlege grunnar ligg føre. Det må vurderast kor eigna området er i høve til bustadbygging: trafikknært / vanskelege soltilhøve, men sentrumsnært og nært skule med god kapasitet. Området ligg lågt i høve til terrenget i sør, og pga soltilhøve vert området vurdert som mindre eigna til bustader. Ei kombinert utnytting av området som næring i 1.etg. og bustadområde i øvre etasjar kan vurderast i KP. Bruk av grøne tak som uteareal bør vurderast som del av felles uteområde.

Området har vore lite attraktivt for næringslivet. Viktig for Sagvåg sentrum å styrke nærmiljøet med stabile bumiljø samansett av ulike grupper. Podlen er «porten» til Sagvåg og bør vere estetisk tiltalande.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Tiltaket medfører ingen vesentlege konsekvensar for miljøet.	-
Samfunn	Området har positiv konsekvens i høve til transportbehov (ligg nær off.veg og kollektivtransport) Negative konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• Folkehelse (støy/ forureining frå veg)</li> <li>• Barns oppvekstvilkår (lite sol og uteareal)</li> </ul>	0/-

## 8 SKJERSHOLMANE (BÅTHAMN)

56 DAA.

**Eigedom:** Gnr. 46, (del av) bnr 2

**Status i gjeldande plan:** LNF / Fri

**Foreslått regulert til :** Småbåthamn

### TILRÅDING ETTER KU:


Førebels konsekvensvurdering viser ein del negative konsekvensar med tiltaket, m.a. i høve til klima og naturinngrep, men viser også positive konsekvensar i høve til enkelte samfunnstema. Kommunedelplan for ferjesambandet Stord - Kvinnherad er ikkje vedteken. Ettersom status for ferjeleiet dermed ikkje er avklart, må det takast omsyn til bruksinteresser knytta til noverande bruk som ferjekai. Evt. nedlegging av ferjeleiet på Skjersholmane kan imidlertid endra føresetnadene for båthamn her. Med bakgrunn i dette føreslår rådmannen at utbygging av området som småbåthamn ikkje vert fremja i denne planperioden. Båthamn i området kan evt. vurderast når plan for ferjeleie til Kvinnherad er avklart.



Ved handsaming av framlegg til revidert kommuneplan i møte 16.03.2011 vedtok formannskapet å innarbeida småbåthamna i planframlegget.

### BAKGRUNN:

Foreslått planendring er basert på innspel frå Heiane Sør as. Tiltaket omfattar småbåthamn på Skjersholmane, i følge prinsippskisse m/ 230 plassar ved ny molo og utriggarar på utsida av noverande molo.



### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til oppstillingsplass for Skjersholmane Ferjekai. Arealet ligg utanfor (sørvest for) moloen. Grensar i vest til kabelanlegg for høgspent (sjøleidning).

### INNLEIANDE VURDERING :

Som grunnlag for vurdering av innspelet har kommunen sett krav om behovsvurdering når det gjeld båtplassar. Heiane Sør har gjennomført ei behovskartlegging, jf. vedlegg.

Plasseringa vil medføra nedbygging av noverande naturområde og utfylling i sjø. Dette inneber endringar av kystlinia, med natur og landskap. Området er verutsett.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØ: Tap av naturmark i strandsona</li> <li>FRILUFTSLIV: Inngrep i bruk av strandsona</li> <li>LANDSKAP: Kystkonturen vert endra</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV: God utnytting av eksisterande vegnett</li> <li>Negative konsekvensar i høve til Infrastruktur: Manglende VA-anlegg og og infrastruktur.</li> </ul>	0/+

## 9 HEIANE VEST

78,8 DAA.


**Eigedom:** Nr. 46, bnr.80, 289 m.fl.

**Status i gjeldende plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Næringsbygning (1300), Lebelte (3800) og Kombinerte grøntstruktur-formål (3020)

### TILRÅDING ETTER KU:

Det vert tilrådd ei avgrensa utviding av eksisterande næringsområde Heiane Vest. Utvidinga vil effektivisere utnyttinga av eksisterande område med omsyn til areal og infrastruktur. Foreslått areal er redusert i høve til opphavleg innspel, av omsyn til grøntstruktur og vilttrekk. Det vert i planen vist lebelte mellom næringsområdet og tilgrensande naturområde. Høgspentline medfører byggeforbod på deler av området.



### BAKGRUNN:

Heiane Vest as har kome med innspel om utviding av noverande areal mot vest og nordvest. Innspelet er moderert i framlegg til plan for Heiane Vest. (byggetrinn 2 og 3).

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til Djupadalen og Tornehaugen i vest, og i aust til noverande næringsområde (Heiane Vest).

### INNLEIANDE VURDERING:


På bakgrunn av prinsippskisse for utviding av eksisterande næringsområde på Heiane Vest vert det foreslått ei begrensa utviding av næringsområdet. Dette medfører omregulering av LNF-område til næringsareal. Opphavleg forslag inneber konflikt i høve til friluftsliv og vilttrekk (hjort), ettersom vidare utbygging mot nordvest vil medføra tap av grøntkorridor Landåsen - Djupadalen. Foreslått areal vert avgrensa i vest mot automatisk freda kulturminne (steinalderbuplass) og turveg med undergang under E39.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØET: Tap av naturmark og innsnevring av sone for vilttrekk (hjort)</li> <li>FRILUFTSLIV: Turvegar vert visuelt berørt, og grøntkorridorar redusert.</li> <li>KULTURMINNE OG KULTURMILJØ: Nærfering til automatisk freda kulturminne.</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har nærliek til eksisterande vegnett og senter (Heiane) og har positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV OG SENTERUTVIKLING OG UTB.MØNSTRE: Nærleik til E39 og eksist. næringsområde</li> <li>INFRASTRUKTUR: Kan knyttast til eksisterande VA- anlegg</li> </ul>	0/+

**10/14 TYSE****97,1 DAA.****Eigedom:** Gnr. 22, brn. 181 og brn. 188**Status i gjeldande plan:** LNF / hestesport**Foreslått regulert til :** Kombinerte byggje- og anleggsformål (1800)**TILRÅDING ETTER KU:**

Området vert fremja som utbyggingsområde for bustad, barnehage, kombinerte føremål (nærings/ bustad) med nær-senter-funksjonar og grøntareal. Utnytting av området må konkretiserast nærmere gjennom områdereguleringsplan, og det må sikrast at avbøtande tiltak vert gjennomført. Det aktuelle området ligg innanfor kjerneområde for landbruk, og grensar til verdfullt kulturlandskap. KU påviser negativ konsekvens for m.a. landbruk, og dels i høve til landskap, kulturminne og friluftsliv. Som avbøtande tiltak vert foreslått at det vert etablert buffersonere mot golfbane og kulturlandskap i nord, etablering av nye turvegar som erstatning for eksisterande turvegar gjennom området. Etablering av turveg i nord markerer framtidig strategisk grense mot landbruksområde.



Det vert sett krav om områderegulering, der utvikling av området, og nødvendige trafikkløysingar, vert vurdert saman med Vestlio (16) og Ørehaug (17). Området kan byggjast ut med 55-100 bustader, alt etter utbyggingsform.

**BAKGRUNN:**

Planframlegget er basert på innspel frå grunneigarar. (Kurt Arne Tyse og Prestegarden Eigedom / Ottar Grødem). Det er ønskje om å flytta travbana på Tyse, og byggja ut noverande baneareal til bustader og næringsareal / senterfunksjonar. Utbygging føreset at noverande travbane vert flytta til eit nytt område -jf. område nr. 15.

**LOKALISERING / STATUS:**

Området ligg mellom Vestlivegen og Prestegardsskogen golfbane, og omfattar noverande hestesportbane på Tyse og tilgrensande areal. Arealet grensar i sør til Vestlivegen og gardsveg til Tyse, og i nord til landbruksområde og eksisterande golfbane.

**INNLEIANDE VURDERING :**

Området er i vedteken reguleringsplan regulert til område for hestesport, samt område for serviceanlegg / serveringsstad / næringsverksamhet med tilknytning til golfbana. Området er dels skog, dels er området brukt til hestesport. Området er ein del av randsona kring kulturlandskapet i Rommetveitområdet, og ligg innanfor kjerneområdet for landbruk. Utbygging her kan skapa press på landbruket, og konsekvensar for landbruk og kulturlandskap må særskilt vurderast. Golf på tilgrensande område kan medføra konflikt, og er vurdert særskilt i KU. Arealet vert i forslag til KP foreslått som utbyggingsområde til bustader, næring og senterfunksjonar.

For området er det utarbeidd eigen konsekvensutgreiing (Konsekvensutgreiing Tyse), der det er gjort nærmere greie for utbyggingsplanane (slik dei går fram av innspel frå grunneigar), og konsekvensar av desse. Vurderingane i konsekvensutgreiinga for Tyse er basert på den arealbruken som er forestått for området og lokaliseringa av desse arealføremåla i høve til eksisterande situasjon, jf. kart og tabell nedanfor.





I KU-rapporten for Tyse er vurdering av konsekvens gjort med utgangspunkt i dagens situasjon; 0-alternativet. I dette alternativet ligg ein antakning om ein vidareføring av dagens situasjon der den eksisterande travbana vert verande der den ligg i dag, og området som er foreslått til ny travbane vert liggjande uberørt.

Vurderingane er gjort ut i frå idéskissa og dei arealføremåla som er definert i denne. For kvart tema er det vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/føringer for den vidare planlegginga av området for å redusere negative konsekvensar. I den vidare planlegginga av området er det mogleg å kompensere for ein rekke av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak. I KU rapporten er det difor på bakgrunn av dei føreslårte avbøtande tiltaka/retningslinjer/føringer gjort ein ny vurdering av konsekvens basert på at alle desse tiltaka vert gjennomført.

Ein gjer merksam på at desse endringane i konsekvens ikkje er medteke i denne samanstillinga, her er berre teke med konsekvens utan avbøtande tiltak, basert på den utbyggingsmåte som er skissert ovanfor.

Det er også utarbeidd eigen KU-rapport som omhandlar lokalisering av nærsenter i denne del av kommunen.<sup>34</sup>

<sup>34</sup> Innspel om arealbruk sett i lys av eit BYDELSSENTER VED NORDBYGDO, STORD KOMMUNE (Plan Vest 2010)

## SAMLA KONSEKVENSI:

Miljø	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>• FRILUFTSLIV: Turvegar vert berørt, og grøntkorridora redusert.</li> <li>• KULTURMINNE OG KULTURMILJØ: (Liten) visuell konsekvens for verdfullt kulturmiljø.</li> <li>• LANDSKAP: Utbygging endrar kulturlandskapet og skaper negative kontrastar i landskapet.</li> <li>• LANDBRUK: Området er ein del av kjerneområde for landbruk. Utbygging skaper ein kile med bustadfelt mellom aktive jordbruksområde.</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>• TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE: God tilgang til turvegar og turområde.</li> <li>• BARNS OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR: Nærleik til skule, natur og aktivitetsområde.</li> <li>• SOSIAL INFRASTRUKTUR: Nærleik til skule og barnehage.</li> </ul> Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>• TRANSPORTBEHOV OG SENTERUTVIKLING OG UTB.MØNSTER: Området ligg utanfor tettstadsgrensa, og manglar trafiksikring og kollektivnett.</li> <li>• INFRASTRUKTUR: Manglar VA-anlegg</li> <li>• NÆRLEIK TIL GOLFBANE skaper risiko og oppleveling av utryggleik knytt til bruk av uteområde.</li> </ul> <p>(Det vert imidlertid føresett at ved ei større utbygging kan opprusting av transportnettet og teknisk infrastruktur inngå i planane.)</p>	0/+

## 11 HEIANE SØR (HATLAND)

591 DAA.


**Eigedom:** Gnr. 46, bnr. 1,4 m.fl

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til:** Kombinerte byggje- og anleggsformål (1800)

### TILRÅDING ETTER KU:

Området vert lagt ut som bygeområde med kombinerte føremål, med tanke på utvikling av området som nærings- og bustadområde. Innafor området skal det også setjast av areal til skule, barnehage og offentleg friområde / grøntareal. Det må utarbeidast områdereguleringsplan som klårgjer arealbruken nærmere. Det vert sett rekkefølgjekrav til utbygging av området, med krav til infrastruktur (skule, vegløsing, VA-nett med meir). Det må gjennomførast ei trinnvis utbygging, men i ein skala som tillet energieffektive løysingar og god sosial struktur.



Eksisterande og planlagt næringsområde i Tømmervik og Digernessundet ligg nær inntil sørlege del av planområdet. Området kring Digernessundet er tilrettelagt for maritime konstruksjonar, og aktivitetar her vil kreva buffersone, m.a. med omsyn til støy. Ein tilrår difor at utbyggingsarealet for Heiane Sør vert noko redusert i sørlege del, og at det sør for området vert sett av ei buffersone på 300m mot utbyggingsområda i Tømmervik / Digernessundet.

Området kan byggjast ut med 150-300 bustader, alt etter utbyggingsform.

### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå investor Heiane Sør as.


### LOKALISERING / STATUS:

Området omfattar Hatland innmark og utmarka vest for denne. Området grensar til E39 i nord og aust (veg til Skjersholmane), utmarka på Digernes i vest. I sør er området avgrensa av Skaråsen og dyrka mark.

### VURDERING :

Området er foreslått bygd ut til næringsareal, bustader, skule /barnehage og grøntområde. Ettersom det dei seinaste år har vore stor utbygging i området Hornelandsvågen - Heiane, må forslaget vurderast nærmere i høve til noverande og framtidig infrastruktur i området. Det er også viktig å bevara grønstruktur i området. Det er utarbeidd ein omfattande Konsekvensutgreiing for Heiane Sør, der miljø- og samfunnstema er belyst. KU er basert på foreslått planskisse til utbygging, med næringsområde i nord og bustadområde i sørlege del. (sjå ill. neste side). Konsekvensutgreiinga viser til dels store negative konsekvensar for naturmiljø (m.a. hjortetrekk), friluftsliv og landskap. Konsekvensutgreiinga viser hovudsakleg positive konsekvensar for samfunnstema bydelsenter, barn og unges oppvekstvilkår, og til dels for infrastruktur, ved at ein kan nytta seg av ny vassleidning. Utgreiinga viser imidlertid negative konsekvensar i høve til samordna areal- og transportplanlegging, knytt til ei utbygging utanfor tettstadsgrensa og som ikkje ligg i tilknyting til kollektivknutepunkt.

Det er gitt sterke politiske føringer (Fsk.) for ei utbygging av Heiane Sør, og dette, saman med fleire positive konsekvensar for samfunnstema, gjer at utbyggingsforslaget vert fremja i KP. Kommunen vurderer det også slik at ei sterk utbygging i dette området, saman med vidare utvikling av Heiane som bydelscenter, kan endra enkelte føresetnader for konsekvensvurderinga (m.a. når det gjeld kollektivtransport). Det kan også tenkjast ei meir energiøkonomisk utbygging enn det som er forelått i vedlagt planskisse. Enkelte av konsekvensane kan såleis få eit meir positivt utfall enn det som er vist i vedlagt konsekvensutgreiing.



Figuren viser skisse til utbygging frå utbyggjar Heiane Sør (utdrag frå KU)

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Ingen konsekvens for verdfulle naturtypar, men negative konsekvensar pga tap av beiteområde og vilttrekktrase for hjort. Ingen konsekvensar for kulturminne, men negative konsekvensar for landskap og eksisterande turvegar. Utbygginga medfører ikkje tap av dyrka mark, men reduksjon av skogareal. Konsekvensar for energi avhengig av utbyggingsform, integrert utbygging med totallogistikk kan føra til reduserte klimautslipp.	-
Samfunn	Positiv konsekvens i høve til senterstruktur (styrking av Heiane som sentrum). Utbygging av området føreset nye investeringar i infrastruktur (skule, vegar, leidningsnett) Konsekvensutreiinga viser positive konsekvensar for Senterutvikling og utbyggingsmønster, med utgangspunkt i at det ligg til rette for utvikling av nytt nærmiljøsenter m/skule og barnehage i Heiane Sør. Dette vil også ha positive konsekvensar for barn og unges oppvekstvilkår. Negative konsekvensar for Vegsystem og Samordna areal- og transportplanlegging, sett i høve til avstand frå Leirvik, og ettersom utbygging krev nytt vegsystem og kryssløysing mot E39.	0

## 12 HYSTAD

**166 DAA.**

**Eigedom:** Gnr. 26, bnr. 1 m.fl.

**Status i gjeldande plan:** LNF


**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING ETTER KU:

Området vert foreslått lagt ut som framtidig bustadareal. Området er sentrumsnært, og det vert difor lagt til rette for utvikling av bustadområde med høg utnytting. Ved utbygging må det takast omsyn til kulturminne og grøntdrag, og det må setjast av areal til barnehage, offentlege grøntområde mm.

Det må utarbeidast områdereguleringsplan, der arealbruken vert nærmere avklart.

Området kan byggjast ut med 100-200 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå fleire grunneigarar. Innspelet galdt og eit område nord for Storhaugvegen, men dette vart teke ut i den innleide vurderinga.

### LOKALISERING / STATUS:

Området består av noverande tun og innmark på Hystad-garden, med randsoner og spreidd busetnad. Området grensar til Hystadvegen og Storhaugvegen i nord, og til eksisterande bustader i vest, sør og aust.

### INNLEIANDE VURDERING :

Området omfattar i hovudsak areal sør for Storhaugvegen, og eit mindre areal nord for Hystadvegen. Det ligg ved prinsippskisse for området som viser vegar, grøntsoner, og frittliggjande småhusbusetnad i kombinasjon med noko koncentrert utbygging. Ettersom området ligg sentrumsnært og er lett tilgjengeleg frå Leirvik, bør det imidlertid byggjast ut på ein meir arealeffektiv måte. Området sør for Storhaugvegen er fragmentert som landbruksområde, og kan vera aktuelt som utbyggingsområde. Området er sentrumsnært og det bør leggjast opp til ei høg utnytting på dei bebygde areala. Ved utbygging må det også takast omsyn til infrastruktur og sikrast tilstrekkeleg med grøntsoner. Området vert vurdert i KP, med tanke på omregulering frå LNF til utbyggingsområde (bustader) med høg utnytting. Det må takast omsyn til grøntstruktur, turstiar mm. Det vert antatt at området kan leggjast til rette for 120 nye bustader.

### SAMLA KONSEKvens:

Miljø	Negativ konsekvens for KULTURMINNE (verdfulle kulturminne og kulturlandskap) Liten negativ konsekvens for NATURMILJØ , FRILUFTSLIV, LANDSKAP OG LANDBRUK	-
Samfunn	Positiv konsekvens for SENTERUTVIKLING (styrker Leirvik sentrum) og BARN OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR Manglar INFRASTRUKTUR (liten kapasitet på barneskule o.a.)	0

## 13 HYSTAD (VEST)

**3,6 DAA.**

**Eigedom:** **Gnr. 26, bnr.1**


**Status i gjeldande plan:** **Landbruk (reg.plan)**

**Foreslått regulert til :** **Bustader (1110)**

### TILRÅDING ETTER KU:

Området vert lagt ut som bustadområde. Ved regulering må det takast omsyn til støy, grønstruktur og trafikksikring.

Området kan byggjast ut med 4-8 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigar.

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til Rustungfeltet og Drømmehaugen.

### INNLEIANDE VURDERING :

Området gjeld eit mindre areal nordvest for Hystadvegen, i grensa mot Rustung-feltet. Området er pr. i dag dyrka mark. Området er marginalt som landbruksområde, og kan vera aktuelt som utbyggingsområde.

Området vert vurdert i KP, med tanke på omregulering frå LNF til utbyggingsområde (bustader) med høg utnytting. Området er regulert til landbruk, og er føresett å vera ein del av grønstruktur for ny busetnad på Rustung / Drømmehaugen. Som landbruksareal er det imidlertid marginalt, og annan utnytting av området kan vurderast. Ein kan difor tilrå ei viss utbygging av området. Det må imidlertid takast omsyn til grønstruktur, ved at ei sone vert halde fri for utbygging.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Tap av grøntkorridør medfører negativ konsekvens for FRILUFTSLIV OG LANDSKAP	-
Samfunn	Positiv konsekvens for TRANSPORTBEHOV og SENTRUMSUTVIKLING OG UTBYGGINGSMØNSTRE Tap av grøntkorridør medfører negativ konsekvens for BARN OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR OG FOLKEHELSE.	0

## 15 TYSE E (NYTT HESTESPORTSSENTER)

44,9 DAA.


**Eigedom:** Gnr.16, bnr. 1

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Idrettsanlegg (1400)

### TILRÅDING ETTER KU:

Areal vert avsett til idrettsanlegg, med formål å nytta området til hestesport. Føresegnerne må gjera nærmere greie for formålet med området. Det må også leggjast til rette for nødvendig parkering og nødvendige fasilitetar i tilknytning til anlegget. Det vert føresett tilkomst frå Tyse.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigar, og er ein føresetnad for utbygging av område 10/14. Det er inngått ein intensjonsavtale om dette, der grunneigar stiller ny tomt til disposisjon.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg vest for gardstunet på Tyse og grensar i vest til E39. Området grensar til Stord islandshestsenter, som er etablert like aust for planområdet.

### INNLEIANDE VURDERING :

Utbyggjar har plan om å flytta noverande travbane hit frå området sør for golfbanen. Ein vurderer det som gunstig å lokalisere desse aktivitetane til same område. KU viser at det går nokre turvegar gjennom området.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØ: Direkte arealbeslag og reduksjon av leve-/funksjonsområde for flora og fauna</li> <li>FRILUFTSLIV: Turvegar vert berørt.</li> <li>LANDBRUK: Området er ein del av kjerneområde for landbruk. Utbygging betyr avgang på skog med høg/særs høg bonitet.</li> </ul> Liten negativ konsekvens for LANDSKAP og KULTURMINNE OG KULTURMILJØ	-
Samfunn	Negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>INFRASTRUKTUR: Utbygging krev store investeringar i teknisk infrastruktur</li> </ul> Liten negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV: Manglande trafikksikring langs Vestlivegen</li> </ul>	0/-

## 16 TYSE - VESTLIO

**27,8 DAA.**

**Eigedom:** **Gnr. 22, bnr. 1**


**Status i gjeldande plan:** Friområde

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING ETTER KU:

Med bakgrunn i politiske /strategiske vurderinger om å tilretteleggja for meir bustader i Nordbygda, vert området foreslått som framtidig bustadområde. Ein føreset at utbygging ikkje medfører arealbrukskonflikter i høve til tilgrensande anlegg for idrett og friluftsliv.

Før utbygging må det utarbeidast område-regulering, der arealavgrensing og utbyggingsform vert vurdert nærmare, saman med støyproblematikk, vegsystem med gang/sykkelvegar, krysslösingar osv. Områdereguleringa må også omfatte tilgrensande utbyggingsområde på Tyse (omr.10/ 14) og Ørehaug (17).



17.01.2011  
Målestokk 1:5000  
Stord kommune

Området kan byggjast ut med 30-70 bustader, alt etter utbyggingsform.

### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigarar. Opphavleg innspel gjaldt eit større område , men foreslått utbygging er i prosessen redusert til arealet vist i kartet.

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til Vestlivegen.

### INNLEIANDE VURDERING :

Området ligg sør for Vestlivegen, og grensar til Prestegardsskogen Idrettspark. Området er naturmark / skog, og er pr. i dag vist som friområde (områd for idrett / friluftsliv) i kommuneplanen. Arealet er foreslått som utbyggingsområde til bustader. Utbygging sør for Vestlivegen er i konflikt med gjeldande formål som areal for idrett og friluftsliv. Utbygging her kan stetta behov for bustader i denne delen av kommunen. Det er utarbeidd samla KU for område 16 og 17.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØ: Direkte arealbeslag og reduksjon av vegetasjonsbelte.</li> <li>FRILUFTLSIV: Nærleik mellom bustadar og idrettsanlegg kan bandlegga ekspansjons-moglegheiter til anlegg</li> <li>LANDSKAP: Bebyggelse skaper negativ kontrast i landskapet</li> <li>LANDBRUK: Avgang på areal med høg bonitet (potensiell barskog)</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE: God tilgang til turvegar og turområde.</li> <li>BARNS OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR: Nærleik til skule, natur og aktivitetsområde.</li> </ul> Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV OG SENTERUTVIKLING OG UTB.MØNSTER: Området ligg utanfor tettstadsgrensa, og manglar trafikksikring og kollektivnett.</li> <li>INFRASTRUKTUR: Manglar VA- anlegg</li> </ul>	0/+

## 17 TYSE (ØREHAUG / GOLFKOLLEN)

11,6 DAA.

**Eigedom:** Gnr. 22, bnr. 1

**Status i gjeldande plan:** LNF /Landbruk

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)



### TILRÅDING ETTER KU:

Området Ørehaug Sør vert lagt ut som bustadfelt i kommuneplanen. Det må sikrast buffersonene mot eksisterende turveg. Det mellomste og nordlegaste del av omsøkt område (Golfkollen og Ørehaug Nord) vert ikkje medteke i utbyggingsområdet. 'Golfkollen' vert behalde som grøntområde / friområde. Nordlege del av omsøkt område er i hovudsak sett av til parkering i neverande reguleringsplan.

Området kan byggjast ut med 12-30 bustader, alt etter utbyggingsform.

### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigarar, som ønskjer området bygd ut med konsentrert bustadbygging.

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til turveg langs golfbanen i vest, og til bustadområde Ørehaug i aust. I nord grensar området til veg til Prestegarden.

### INNLEIANDE VURDERING :

Eit mindre område som i dag er landbruksareal (i grensa til Ørehaug) kan vurderast som utbyggings- eller fortettings-område. Utbygging her kan stetta behov for bustader i denne delen av kommunen. Området ligg imellom neverande golfbane og eksisterande busetnad i Ørehaug.

Neverande turveg og tilhøyrande buffersonene langs golfbanen bør bevarast, og utbygging av 'Golfkollen' vert difor frårådd. Området er for smalt til å byggja ut, utan at dette vil gå ut over turveg og buffersonene.

Det er utarbeidd eigen konsekvensutgreiing for området.<sup>35</sup> Ein gjer merksam på at konsekvensutgreiinga er basert på utbygging av alle 3 delområde: Ørehaug Sør, Golfkollen og Ørehaug Nord. Ein del av dei negative konsekvensane gjeld såleis områda som ikkje vert foreslått bygd ut.

<sup>35</sup> Konsekvensutgreiing Vestlio, Ørehaug Sør og Nord, Stord kommune

### SAMLA KONSEKVENSI:

Miljø	Negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØ: Direkte arealbeslag og reduksjon av vegetasjonsbelte.</li> <li>KULTURMINNE OG KULTURMILJØ: Visuell konsekvens for Valdavegen</li> <li>LANDSKAP: Bebyggelse skaper negativ kontrast i landskapet</li> <li>LANDBRUK: Avgang på fulldyrkjord og innmarksbeite.</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE: God tilgang til turvegar og turområde.</li> <li>BARNS OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR: Nærleik til skule, natur og aktivitetsområde.</li> </ul> Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV OG SENTERUTVIKLING OG UTB.MØNSTER: Området ligg utanfor tettstadsgrensa, og manglar trafikksikring og kollektivnett.</li> <li>INFRASTRUKTUR: Manglar VA- anlegg</li> </ul>	0/+

## 18 NES

**4,7 DAA.**


**Eigedom:** Gnr.54, bnr. 1

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING ETTER KU:

Det vert tilrådd ei begrensa utviding av noverande bustadfelt (slik vist på kartet). Utnytting av arealet må vurderast nærmere i høve til terren og landskap, og det må ved utbygginga sikrast tilgjenge til turområdet i Nesskogen. Området kan ha høg utnytting. Det må knytast rekjkjefølgje-kav til utbygginga i høve til skule / annan infrastruktur. Området kan byggjast ut med 5-10 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigarar. Det var frå grunneigarane søkt om utbygging av heile området mellom Nes og Valvatnavågen (140daa). Arealet som vert foreslått bygd ut er sterkt redusert i høve til innspelet.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg på nordsida av Valvatnavågen, og grensar til eksisterande busetnad på Nes.

### INNLEIANDE VURDERING:

Arealet nærmest sjøen er sørvendt, men kupert, og fell bratt ned mot sjøen. Den del av området som ligg innanfor 100m beltet frå sjøen, bør ikkje byggjast ut, av omsyn til strandsona og landskapsverdiar kring Valvatnavågen. Området nærmest eksisterande busetnad er eigna for utbygging, men ein vil ikkje tilrå utbygging i stor skala her no, pga manglande skulekapasitet og overskot på utbyggingsareal i denne del av Sagvåg. Ein ser ikkje bort frå at framtidige behov kan gjera området aktuelt som bustadareal for seinare generasjonar, i så fall er det viktig at ein i dag ikkje byggjer igjen området slik at framtidig tilkomst til området vert hindra. Eksisterande turvegar mot Nesskogen er også viktig å ta vare på, og utbygging må leggjast utanom desse. Ein mindre del av området (nærast eksisterande busetnad) vert lagt ut som framtidig bustadareal i planperioden. Dette vert gjort ved ei arrondering av grensa for eksisterande bustadfelt, der ein føreset tilkomst frå eksisterande veg.

KU er utført for den utbygginga som er vist på kartet.

### SAMLA KONSEKvens:

Miljø	Liten negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØ, FRILUFTSLIV OG LANDSKAP</li> </ul>	-
Samfunn	Området er lite, og tiltaket har liten konsekvens for samfunnstema.	0/+

## 19 KYVIK (BÅTHAMN)

**3,3 DAA.**

**Eigedom:** Gnr. 19, bnr. 31

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Småbåthamn (6230) og LNF - spreidd fritidsbustad (5220)

### TILRÅDING ETTER KU:

Området vert vist som LNF- spreidd fritidsbustad, med formål naust (på land) og småbåthamn (i sjø). KU har vist at båthamn kan medføra negative konsekvensar i høve til landskap, natur og kulturminne. Området vert likevel lagt ut som båthamn, for å tilfredstilla lokalt behov for småbåthamn.

Det må ved utbygging takast omsyn til naustmiljø, og til natur- og landskapsverdiar i området.



### BAKGRUNN:

Grunneigar har på vegne av interesserte eigalar av naust og naustomter i Kyvik, kome med innspel om utbygging av båthamn. Vedlagt skisse viser utbygging av området med molo og 10 båtplassar. Anlegget er skissert som eit småskala-anlegg med ein steinmolo med front mot sør aust. Det er berekna ei breidd på 3m pr. båtplass. Tilkomst til moloen er tenkt som ein gangveg over ei forlenging av eksisterande steinbrygge langs Nausthaugen sør for naustrekka. Djupna der moloen er foreslått plassert er 4-5 m. Det er sand- og leirbotn i området.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg i tilknytning til eksisterande naustmiljø i Kyvik.

### INNLEIANDE VURDERING :

Området er i kommuneplanen vist som LNF-område. Planlagt molo ligg i umiddelbar nærleik av naust som er teke med i kulturminneplanen. Badeplass sør for Nausthaugen. Utbygging kan påverka miljøet negativt kring det verneverdige naustet. Innspelet er vurdert i KP, med enkel konsekvensutgreiing.

### SAMLA KONSEKVENTS:

Miljø	Negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØET: Tap av naturmark. Negativ konsekvens for verdfullt hekkeområde for sjøfugl.</li> <li>FRILUFTSLIV /STRANDSONE: Endring av strandsona og tilgjenge langs sjøen.</li> <li>KULTURMINNE OG KULTURMILJØ: Nærforing til kulturminne - verdfullt naustmiljø.</li> <li>LANDSKAP: Berører kulturlandskapet og strandlinja på Kyvik.</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV: Auka transportbehov</li> <li>FOLKEHELSE: Tiltaket avgrensar tilgjenge for ålmenta i strandsona.</li> </ul> Tiltaket har ingen vesentleg konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TIKGJENGE TIL UTEOMRÅDE OG GANG/ SYKKELVEGNETT: God trafikksikring</li> <li>INFRASTRUKTUR: Det er ikkje ført VA el. overfatt fram til tomteområdet.</li> </ul>	0/-

## 20 OMRÅDE VIKANES

0,9 DAA.

**Eigedom:** Nr.58, bnr. 2

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til:** LNF-spreidde næringsbygn. (5230)

### TILRÅDING ETTER KU:

Foreslått regulering gjev høve til ei viss utvikling av arealet til næringsføremål. Tiltaket avgrensar seg til noverande utfylt kaiareal. KU har avdekka at området ligg nær verdfullt naturområde og berører sårbar strandline. Omregulering av området til næring kan medføra at strandlinia vert mindre tilgjengeleg for ålmenta.

Det vert sett krav om reguleringsplan. Ved utbygging av området må det dokumenterast at det vert teke omsyn til ålment tilgjenge til sjø, og at tilgrensande verneområde (edellauvskog) ikkje vert berørt.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigar, som søker om omregulering til bustad / næring.

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til sjø på Vikanes. Området ved sjøen er i dag utbygd til kaianlegg mm., men ikkje regulert. Det er bygt veg til sjøen. Området er i Kommuneplanen vist som LNF. Området er omfatta av reguleringsplan for Stord lufthamn Sørstokken, der gjeldande areal er vist som bustad / landbruk.

### INNLEIANDE VURDERING:

Omsøkt bustadtomt (sør for Nonshaugen) ligg innafor restriksjonsområdet for flyplassen, men er vist som bustadområde i reguleringsplan. Ettersom arealet er regulert til bustad, vert dette ikkje vurdert i KP. Omsøkt næringsområde omfattar eit større område frå eksisterande kai ved Limbuvika og nordover. Eigaren ønskjer å leggja til rette for etablering av verksemد på området, med service for oppdrettsnæringa mm. I samband med dette trengst kai og sjønært areal (for lagerbygg / verkstad). Området er delvis utbygd som kai med tanke på næringsverksemد. På kaiområdet er det i dag oppført grunnmur til naust. Det er anlagt veg til sjøen, vegen er svært bratt og manglar sikring. Området langs sjøen nord for kaiarealet er svært brattlendt, og uframkomeleg. Evt. bruk av dette arealet til næringsføremål krev sprenging og terrengbearbeiding, som vil medføre store inngrep i landskapet. Det vert difor frårådd å utvida området vidare nordover. Limbuvika består av område med kalkrik grunn, og på nordsida av vika er det ein lokalitet med rik edellauvskog, som har fått status som lokalt viktig naturtype. Dette området, som ligg like aust for planområdet, er vist med omsynssone vern.

### SAMLA KONSEKvens:

Miljø	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØET: Grensar til verdfull naturtype (edellauvskog)</li> <li>FRILUFTSLIV /STRANDSONE: Tiltaket vil medføre redusert tilgjenge til strandsona (-)</li> <li>LANDSKAP: Tiltaket vil endra landskapsbiletet</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV: Tilkommstveg er ikkje tilpassa tungtransport og stor trafikk.</li> <li>FOLKEHELSE: Perifert område i høve til senter.</li> <li>TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE OG GANG / SYKKELVEGNETT: Manglar trafikksikring</li> <li>INFRASTRUKTUR: Manglar VA-anlegg</li> <li>INFRASTRUKTUR: Det er ikkje ført VA el. overfatt fram til tomteområdet.</li> </ul>	0/-

## 21 SJØPODLEN – SAGVÅG

20 DAA.


**Eigedom:** Gnr56, bnr.20

**Status i gjeldande plan:** Friområde / hamn

**Foreslått regulert til:** Uendra

### TILRÅDING ETTER KU:

Areal mellom Flatholmen og Kiskaien (i sør) må ikke byggjast ut, men oppretthaldast som farlei. Det kan tillatast utbygging av båtplassar i Sjøpodlen på nordaustsida av Flatholmen, der det kan byggjast ut nødvendige serviceanlegg for båthamna. Ved regulering av området må det takast omsyn til at Flatholmen skal oppretthaldast som grøntområde med tilgjenge for ålmenta. Deler av Flatholmen skal oppretthaldast som friområde, slik gjeldande reguleringsplan viser.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigar, som ønskjer utbygging av båthamn.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg like sør for den nedlagde ferjekaien i Sagvåg. Arealet er omfatta av reguleringsplan for Sagvåg (stadf.1979), der deler av området er regulert til småbåthamn, medan søndre del av holmen er vist som friområde. I gjeldande kommuneplan er heile holmen vist som friområde.

### INNLEIANDE VURDERING :

Opprinneleg innspel gjekk ut over gjeldande reguleringsplan, men er seinare redusert. Området ligg ved innløpet til Sjøpodlen, og det må takast omsyn til fri farlei mellom Kiskaien og Flatholmen. Det vert difor ikke tilrådd båtplassar på sørsida av holmen. Tilgrensande sjøområde nord for Flatholmen er nytta til båthamn, og bruk av nordre del av Flatholmen er i samsvar med overvarende reguleringsplan.

**Arealet er ikkje konsekvensvurdert, då tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.**

## 22 TØMMERVIKJO

21,7 DAA.


**Eigedom:** Nr. 48, bnr. 1

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Næringsbygningar (1300)

### TILRÅDING ETTER KU:

Området vert tilrådd bygd ut som næringsområde. Utnytting av området må avklaras nærmere i områdereguleringsplan, der planløysing vert sett i samanheng med tilgrensande etablerte næringsområde. I samband med regulering må konsekvensar som gjeld omsyn til landskap og friluftsliv vurderast nærmere.



### BAKGRUNN:

Arealet basert på innspel frå grunneigarar og interessentar for utvikling av eigedomen.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg nord for grensar til etablert industriområde på Tømmervik-området.

### INNLEIANDE VURDERING :

Det er interesse for sjønært næringsareal, og det kan difor vera aktuelt å utvida noverande næringsområde ved Tømmervik-terminalen mot nord.

Heile området kan vera aktuelt som riggområde for oppankring av plattformar og andre 'monsterkonstruksjonar' i Digernessundet, der det er langs land alt er regulert feste for flytande konstruksjonar. Ettersom slik verksemd kan medføra støy, bør det sikrast ei betydeleg buffersone mot bustadområde. Det vert difor føresett at ei utbygging her medfører at det nord for området vert sett av ei buffersone på 300m mot utbyggingsområda i Heiane sør.

Terremessig ligg området på eit anna nivå enn terminalområdet som alt er bygt ut. Ei evt. utviding må ta omsyn til terren og landskap.

Det er utarbeidd eigen KU for området.<sup>36</sup> Konklusjonane frå denne er vist i tabellen nedanfor. Det er også gjort enkelte tilføyningar til konsekvensutgreiinga når det gjeld friluftsliv og landskap.

<sup>36</sup> Konsekvensutgreiing Tømmervik Del av grn. 48, bnr. 1 Stord kommune (Gøtz 2010)

### SAMLA KONSEKVENSIER:

Miljø	Tiltaket har negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØET: Tap av naturmark og innsnevring av sone for vilttrekk (hjort)</li> <li>FRILUFTSLIV: Turvegar vert visuelt berørt, og grøntkorridora redusert.</li> <li>KULTURMINNE OG KULTURMILJØ: Nærfering til automatisk freda kulturminne.</li> </ul>	-
Samfunn	Tiltaket har nærliek til eksisterande vegnett og senter (Heiane) og har positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV OG SENTERUTVIKLING OG UTB.MØNSTRE: Nærlik til E39 og eksist. næringsområde</li> <li>INFRASTRUKTUR: Kan knyttast til eksisterande VA-anlegg</li> </ul>	0/+

## 23 STOKKEN (S. PRESTEKONEVIK)

**2,8 DAA.**

**Eigedom:** Gnr. 60, bnr. 2,3,4


**Status i gjeldande plan:** LNF /Landbruk

**Foreslått regulert til :** UENDRA

### TILRÅDING ETTER KU:

Det vert ikkje tilrådd å endra området frå LNF.

Planstatus vert difor uendra i høve til noverande plan.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå grunneigar. Søknaden gjeld tomter som er utskilde før flyplassen vart etablert. Det er bygd hytte på ei av tomtene. Eigar har ønske om å omregulera eigedomane slik at det kan byggjast hytter på alle 3 tomtene.



### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg nord for flyplassen. Arealet er omfatta av reguleringsplan for Stord lufthamn, Sørstokken, og ligg innanfor restriksjonsområdet for flyplassen. Noverande status for området er landbruksformål (jord- og skogbruk).

### INNLEIANDE VURDERING :

Det er bygd hytte på ei av tomtene. Arealet ligg i restriksjonssona og støysona for flyplassen. Området ligg innanfor 100m beltet i strandsona.

Prinsipielt har kommunen rådd til at frådelte tomtar til hytter bør kunna byggjast ut, og saka er difor blitt vurdert i samband med kommuneplanen. Det er imidlertid svært problematisk å tillata bygging så nært flyplassen, med omsyn til framtidige problem med støy og annan forureining. Arealet ligg inneklemt mellom regulert areal for flyplass og regulert næringsareal.


### SAMLA KONSEKVENSTEST:

Miljø	Evt. utbygging av området til fritidsbustader har negativ konsekvens for STRANDSONA.. Tiltaket har elles ingen vesentlege konsekvensar for miljøtema.	0/-
Samfunn	Utbygging har negative konsekvensar for FOLKEHELSE (støy frå flyplass) og INFRASTRUKTUR (manglande VA-anlegg og annan infrastruktur).	-

**24 STUVA****58,2 DAA.****Eigedom:** **Gnr. 34, bnr. 1, 2 og 3****Status i gjeldande plan:** LNF**Foreslått regulert til :** **Andre typer bygninger og anlegg:  
Massedeponi (1500)****TILRÅDING:**

Området vert vist som område for bebyggelse og anlegg.  
 Området kan nyttast til deponi for inerte massar. Bruken må regulerast nærmere gjennom føresegner.

Før tiltak verk sett i verk må det gjerast nærmere vurderinger av konsekvensar for vassdrag, spesielt med omsyn til forureiningsfare.

**BAKGRUNN:**

Arealet er basert på innspel frågrunneigar og W. Engelsen, som ønskjer å nyta området til deponi for inerte massar.

**LOKALISERING / STATUS:**

Området ligg i skogsområdet nordaust for Nedre Litlabø. Området er i dag LNF-område.

**INNLEIANDE VURDERING :**

Kommunen har på visse vilkår gjeve mellombels dispensasjon for deponi av om lag 31.000 m<sup>3</sup>, og uttak av 1.500 m<sup>3</sup> masse i området. Dispensasjonen gjeld eit redusert omfang i høve arealet som er omsøkt i kommuneplanen. Fylkesmannen har klaga på vedtaket, med grunnlag i auka trafikk langs Gruvevegen.

I samband med søknaden er det utarbeidd konsekvensutgreiing. Denne vert også lagt til grunn ved handsaming av saka i KP.

Det vert føresett at søknaden ikkje gjeld forureinande massar. Det må takast omsyn til bekk med avløp i Storavatnet. Området vert vurdert som område for massedeponi i KP. Når det gjeld trafikk vert det vist til KU, at generert trafikk ikkje vert vesentleg auka med tiltaket. Det vert sett av 2 areal til massedeponi i KP, på ulike stader i kommunen. Det vert då føresett at desse kan nyttast vekselvis etter behov, slik at transport til/ frå anleggspllassane vert minimalisert.

**SAMLA KONSEKVENS:**

Miljø	Tiltaket kan medføra forureining. Førebyggjande tiltak og kontroll med avrenning frå området vil vera viktige avbøtande tiltak. Området tangerer vilttrekk, men medfører ingen vesentleg konsekvens for vilt i området. Tiltaket vil i periodar medføra støy frå området.	0
Samfunn	Manglande trafikksikring langs fv.67 kan medføra ulemper for folk i området Stuva – Nedre Llitlabø, pga auka trafikk.	-

## 25 KVERNANESET

200 DAA.


**Eigedom:** Gnr. 19, bnr. 5 m.fl.

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING:

Området vert lagt inn i kommuneplanen som framtidig bustadområde. Arealet omfattar kommunal eigedom gnr. 19, bnr. 5 (67 daa) og del av tilgrensande private eigedomar. Det vert sett krav om felles planlegging for alle eigedomane innanfor området. Grensa mot strandsone og friområde vert endeleg fastsett gjennom arbeidet med reguleringsplan. Området kan byggjast ut med 200-300 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel fra Stord kommunale eigedom KF. Som eigar av ein del av området, ønskjer Stord kommunale eigedom KF å legge til rette for bustadfelt i eit område i nordre del av Nordbygda. I tillegg til det kommunale arealet vert tilgrensande areal i vest foreslått regulert til bustader. Dette er gjort for å oppnå ei betre utnytting av området totalt, og for å trekka busetnaden lenger frå strandlinja.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg langs sjø med grense mot Fuglavikjø i sør, og strekk seg om lag 780 meter nordover med varierande avstand 160-240 meter frå sjølinje, sjå figur 1-1. Den kommunale eigedomen (inkludert regulert friområde) er på 144 960 m<sup>2</sup>. Topografisk varierer området mellom 0-30/35 moh. Landskapsmessig er området dominert av furuskog og nakne fjellknauas. Langs sjø. Landskapet nord og vest for tiltaksområdet er utprega skogsområde med eit mindre dyrka areal og utmarksområde langs E39. Bustadområdet Grov ligg om lag 500 meter nord for tiltaksområdet.

### INNLEIANDE VURDERING :

Det er ønskjeleg å leggja til rette for utbygging av bustader i Rommetveitområdet. God kapasitet på Rommetveit skule, ny infrastruktur (vassleidning, fortau osv.) gjør området aktuelt som utbyggingsområde. Det er utarbeidd eigen KU for dette området. Konsekvensutgreiinga gjeld i hovudsak den kommunale eigedomen, men det er også gjort vurderinger i høve til det utvida området.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Negativ konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>NATURMILJØ: Direkte arealbeslag og reduksjon av leve-/funksjonsområde for flora og fauna.</li> <li>FRILUFTSLIV: Utbygging vil redusere høve for friluftsliv</li> <li>LANDSKAP: Endring av landskapskarakter, eksponering av landskap</li> </ul> Ingen vesentleg konsekvens for FORUREINING, KULTURMINNE OG KULTURMILJØ OG STRANDSONE.	-
Samfunn	Positiv konsekvens for <ul style="list-style-type: none"> <li>TRANSPORTBEHOV OG SENTERUTVIKLING: Utbygg. kan betra vegsamband mellom Grov og Rommetveit</li> <li>FOLKEHELSE: Trafiksikker tilkomst</li> <li>TILGJENGE TIL UTEOMRÅDE OG G/S VEGNETT: Området har god tilgang til ny gang- og sykkelveg</li> <li>BARN OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR: God tilgjenge til skule og aktivitetsområde</li> <li>INFRASTRUKTUR : God kapasitet på leidningsnett , barneskule o.a.</li> </ul>	+

## 26 HORNELAND JORDDEPONI

21,6 DAA.

**Eigedom:** Nr. 46, bnr. 2

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Andre typer bygninger og anlegg:  
Massedeponi (1500)

### TILRÅDING:

Området vert vist som område for bebyggelse og anlegg. Området kan nyttast til deponi for jordmassar. Bruken må regulerast nærmere gjennom føresegner.

Før tiltak verk sett i verk må det gjerast nærmere vurderingar av konsekvensar for vassdrag, spesielt med omsyn til forureiningsfare.



### BAKGRUNN:

Arealet er basert på innspel frå J. Tufteland as, som på vegne av tiltakshavar Heiane Sør as, ber om at området vert avsett til jorddeponi. Ein ønskjer å nyitta deponiet m.a. i samband med planlagt utbygging på Heiane Sør. Ved avslutning av deponiet er det føresett at området vert opparbeidd som beiteområde.

### LOKALISERING / STATUS:

Området ligg i eit myr / skogområde like nordaust for E39 mot Skjersholmane.

### INNLEIANDE VURDERING :

Området vert vurdert som område for massedeponi i KP. Det vert føresett at søknaden ikkje gjeld forureinande massar. Det må takast omsyn til bekkesig med avløp i Alnavågen.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Negative konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• FORUREINING</li> <li>• KULTURMINNE OG KULTURMILJØ</li> </ul> Elles ingen vesentlege konsekvensar	-
Samfunn	Positive konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• TRANSPORTBEHOV: Lokaliseringa ligg nær E39 og medfører lite transportbehov</li> </ul> Elles ingen vesentlege konsekvensar.	0

## 27 ELDØY

**1,9 DAA.**

**Eigedom:** Gnr. 44, bnr.1


**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING:

Ein del av området vert lagt ut som bustadområde. Ved regulering må støy og trafikksikring vurderast nærmere.

Området kan byggjast ut med 2-5 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Areal et er basert på innspel frå grunneigar.

### LOKALISERING / STATUS:

Området grensar til Eldøyvegen.

### INNLEIANDE VURDERING :

I området langs Eldøyvegen har det skjedd ei gradvis utbygging, og området har i dag ei veksling mellom gardstun, landbruksareal og bustadeigedomar. Tilgrensande område i Lauvdalen og Trodlaugen, og i Hybelsneset / Nesjahaugen har det skjedd ei feltvis utbygging, men området elles i Eldøy har utvikla seg som spreidd utbygging.

Det kan vera aktuelt med ei viss fortetting av det bebygde området, men det må også takast omsyn til grøntstruktur og bevaring av grøntkorridorar i dette området. Området ligg utanfor kjerneområdet for landbruk, men området mellom Kårevikvegen og Eldøyane næringsområde utgjer eit viktig grøntdrag i eit elles tettbygd område. Det er også viktig å halda strandsona fri for utbygging. Eldøyvegen er også ein viktig veg for tilgjenge til sjøen (badeplass ved Eldøysjøen). Utbygging av området må difor skje på ein måte som ivaretar omsyn til strandline, friluftsliv og grøntstruktur. Dette inneber at partiet frå gardstunet på bnr. 44/3 og ned mot Eldøysjøen bør haldast ope og fri for busetnad. Det omsøkte arealet er difor redusert mot sør og sørvest, for å bevara grøntkorridoren frå sjøen og opp til gardstunet. Arealet mellom Eldøyvegen og sidevegen Krono er ikkje byggbart på grunn av vegkryss, jf. reguleringsplanen.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Negative konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• FRILUFTSLIV: Endring av grøntstrukturen</li> <li>• KULTURMINNE OG KULTURMILJØ: Visuell påverknad for automatisk freda kulturminne</li> <li>• LANDSKAP / LANDBRUK: Endring av kulturlandskap</li> </ul>	-
Samfunn	Positive konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• BARN OG UNGE SINE OPPVEKSTVILKÅR: Området ligg nær skule og er tilknytta etablert bustadmiljø Elles ingen vesentlege konsekvensar for samfunnet.</li> </ul>	0

## 28 ÅDLAND (KRÆKJEN)

14,6 DAA.


**Eigedom:** Gnr. 28, bnr.1,9

**Status i gjeldande plan:** LNF

**Foreslått regulert til :** Bustader (1110)

### TILRÅDING:

Området vert lagt ut som bustadområde, og kan byggjast ut med 15-35 bustader, alt etter utbyggingsform.



### BAKGRUNN:

Areal et er basert på innspel frå grunneigar, som ønskjer utbygging av bustader på 2 område: Ådland Vest (B 28-1) og Krækjen (B-28-2).

### LOKALISERING / STATUS:

Begge områda ligg vest for Ådlandsvegen, og er dels landbruksareal, dels annan kulturmark med lauvskog og beitemark. Areala er ikkje lenger i drift som landbruksareal. Området er sørvestvendt, og ligg 100- 150 m frå Frugardselva. Området er i gjeldande plan vist som LNF-område.

### INNLEIANDE VURDERING :

Søknaden omfattar 2 separate areal, som grensar til eksisterande bustadområde vest for Ådlandsvegen og Frugardselva.

Området vest for Ådlandsvegen ligg i overgangen mellom busetnad langs Ådlandsvegen og Krækjen, og den dyrka marka på Ålandsgarden. I tilgrensande område er tidlegare næringsbygg ombygd til bustader. Det er nyleg vedteke reguleringsplan for eit område som grensar til begge områda i nord og aust. Det er også ein del spreidd busetnad langs vegen. Som landbruksareal er området etter kvart blitt innebygd, og såleis ikkje tenleg for moderne landbruksdrift. Sone langs Frugardselva må bevarast.

### SAMLA KONSEKVENS:

Miljø	Negative konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• FRILUFTSLIV: Berører turvegsamband.</li> <li>• LANDBRUK: Tap av dyrka mark</li> </ul> Liten eller ingen konsekvens for Naturmiljø, Kulturminne og kulturmiljø og landskap	-
Samfunn	Positive konsekvensar i høve til <ul style="list-style-type: none"> <li>• TRANSPORTBEHOV: Betre utnytting av eksisterande vegnett og kollektivtransporttilbod.</li> <li>• SENTERUTVIKLING OG UΤBYGGINGSMØNSTER: Styrker Leirvik som senter</li> <li>• BARN OG UNGES OPPVEKSTVILKÅR: Området ligg nær skule og er tilknytta etablert bustadmiljø</li> </ul> Elles ingen vesentlege konsekvensar for samfunnet.	+

# Organisering, medverknad og framdrift

## ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Revidering av kommuneplanarbeidet er organisert som eit prosjekt med ein prosjektleiar for kvart satsingsområde. Utviklingssjef Tore Bjelland er prosjektansvarleg og leiar prosjektet. Etter han sluttar i kommunen 01.07.2009 har han vore engasjert på konsulentbasis. Han rapporterer til rådmannen med formannskapet som politisk styrringsgruppe.

Prosjektleiarane saman med prosjektansvarleg utgjer prosjektet si leiargruppe.

Satsingsområda har følgjande prosjektleiatar:

- Byutvikling, senterstruktur og samferdsel - Kjell Arne Møklebust, konsulent frå Akvator AS
- Miljø, estetikk og trivsel - Jakob Gullberg, kulturkonsulent Stord kommune
- Arbeid og næringsliv - Hege Økland, dagleg leiar SNU AS
- Oppvekst - Mari Espeland, skulekonsulent Stord kommune
- Rehabilitering, helse og omsorg - helse- og sosialkonsulent Trygve Dahl, Stord kommune
- Arealdelen - Tore Bjelland, utviklingssjef Stord kommune

For dei ulike satsingsområda under samfunnssdelen har det vore nytta prosjektgrupper og referansegrupper etter behov.

For arealdelen der det gjeld spesielle formelle føringer og ulike særlover, er det nedsett ei fast prosjektgruppe som er slik samansett:

- Tore Bjelland - utviklingssjef, prosjektleiar
- Kari Hope - sekretær, konsulent frå Plan Vest Stord AS
- Reidun Myklebust, kommunalsjef
- Ove Kvalnes, plansjef

- Tone Riisnæs, fagansvarleg RBO
- Harald Oddvar Sæbø, einingsleiar veg, park og grønt
- Audun Torvund, leiar Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor
- Sylve Rusten, konsulent kultur og friluftsliv
- Arvid Sandnes, hamnesjef
- Tove Vikanes Agdestein, kommunehelse
- Andre informasjonstiltak etter behov.

## MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Etter ny plan og bygningslov, § 5-1, skal alle som fremtar planforslag, leggja til rette for medverknad.

Kommunen har eit særleg ansvar for å sikra aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Vidare skal det etter den nye lova leggjast til rette for elektronisk presentasjon og dialog i alle fasar av planprosessen.

Medverknaden i planprosessen er ivaretaken på følgjande måte:

- Kunngjering av oppstart av planprosessen med invitasjon til å koma med merknader og innspel, herunder utsending av plandokument til ulike organ, lag og organisasjoner, næringsliv m.m.
- Utlegging av plandokument på kommunen sine nettsider og bruk av e-post i dialog med innbyggjarane.
- Bruk av referansegrupper, t.d. frå næringslivet.
- Opne møte, folkemøte/grendamøte, om samfunnssdelen og ulike plan tema.
- Invitera barnerepresentanten, ungdomsrådet og eldrerådet til særskilte planmøte.
- Møte med regionalt planforum og andre offentlege organ i planprosesen.
- Møte med berørte grunneigarar og interessantar om arealdelen

## FRAMDRIFT

**12.11.08** Arbeidet med revidering av kommuneplanen vart vedteke starta av formannskapet på bakgrunn av ei planmelding.

**01.03.09** Ulike klagesaker og sak om legalitetskontroll knytta til oppstartvedtaket vart avgjort vart slutthandsama i kommunen utan at partane fekk medhald.

**01.03.09** Prosjektorganisasjonen etablert.

**09.06.09** Planprogrammet vart lagt fram for formannskapet med tanke på vedtak om offentleg høyring.

**20.06.-11.09.09** Planprogrammet på høyring.

**25.08.09** Møte med regionalt planforum om planprogrammet.

**16.11.09** Planprogrammet vart handsama i formannskapet.

**26.11.09** Planprogrammet vart godkjent av kommunestyret

**16.03.2011** Planutkast vart handsama i formannskapet.

**01.04.11** Planutkastet vart sendt på høyring. I høyrings perioden vart det gjennomført ulike informasjonsopplegg, herunder møte med regionalt planforum.

**01.06.11** Høyringsfristen er ute.

**Okt. 2011** Kommunestyret godkjenner revidert kommuneplan

**Nov. 2011** Kunngjering av kommuneplanen.



# Vedlegg 1

## Føresegner og retningsliner for kommuneplanen 2010–2021. (Vedteke av kommunestyret 15.12.2011, sak PS 77/11.)

### FORKLARINGAR:

**Kommuneplanen** sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Arealdelen omfattar arealkart, føresegner og planskildring med konsekvensutgreiing med risiko og sårbarheitsanalyse. Kommuneplanen skal leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning.

**Reguleringsplan** er eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som viser bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgivnader. Reguleringsplan kan utarbeidast som områderegulering eller detaljregulering. (Pbl §§ 12-2 og 12-3)

**Områderegulering** skal utarbeidast av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanen sin arealdel, eller der kommunen finn det naudsynt for å gje meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken. Områderegulering er i utgangspunktet ei kommunal oppgåve, men kommunen kan likevel overlata til andre mynde eller private å utarbeida forslag til områderegulering.

**Detaljregulering** vert nytta for å følgja opp, konkretisera og detaljera overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel eller områderegulering. Både private og offentlege aktørar kan utarbeida detaljregulering.

**Konsekvensutgreiing** er ei utgreiing som skal sikra at det vert teke omsyn til miljø og samfunn under førebuinga av planar, og når det vert teke stilling til om, og eventuelt på kva vilkår planen kan gjennomførast. Det er krav om konsekvensutgreiing for kommuneplanar og for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn

**Risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS)** skal visa alle risiko- og sårbarheitsforhold innanfor og utanfor planområdet som har betydning for om eit område er eigna til utbyggingsføremål, visa eventuelle endrinigar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging og visa eventuelle avbøtande tiltak som må gjennomførast for at ei utbygging kan skje. Ved utarbeiding av planar for utbygging skal det alltid gjennomførast ROS-analyse for planområdet. Kommunestyret har vedteke kriteri for kva som er akseptabel risiko ved ulike hendingar. (akseptkriteri)

**Universell utforming** vil seiia at produkt, byggverk og uteområde skal vera utforma slik at dei kan brukast av flest mogeleg på ein likestilt måte. Utforminga skal vera brukbar for flest mogeleg og hovudløysingane skal kunna brukast av alle som har tilgang til byggverk og/ eller uteareal. Teknisk forskrift (TEK) sine krav til universell utforming av uteareal, plassering av byggverk, planlösing og bygningsdelar i byggverk skal liggja til grunn for planlegging, prosjektering og utføring.

**% BYA (prosent bygd areal)** er forholdet mellom bygd areal og tomtearealet og er det arealet i prosent av tomta som bygningar, overbygde opne areal og konstruksjonar over bakken opptek av terrenget. Nødvendige parkeringsareal inngår i berekninga av bygd areal. (TEK kap.5)

**MUA**, minste uteophaldsareal i m<sup>2</sup>, er dei delane av tomta som er eigna til leik og opphold og som ikkje er bygd på eller avsett til køyring og parkering. Heile eller deler av ikkje overbygd del av terrassar og takterrassar kan reknaast som del av uteophaldsarealet. (TEK kap.5)

### 1. GENERELLE FØRESEGNER (PBL § 11-9)

- § 1.1 For område avsett til bygg og anlegg etter § 11-7 nr.1 er det krav om reguleringsplan før det kan gjevast løyve til tiltak etter pbl §§ 20 – 1, 2 og 3. (pbl § 11-9 pkt.1)
- § 1.2 For områda B 11, T 11, I 11 og B1 (Heiane sør og 46/1, Horneland), B12 og B13 (Hystad og Hystad vest) og B10 – 14, B16, og ID15 (Tyse, Tyse – Vestlio, Tyse – Ørehaug og Tyse – hestesportsenter) skal det liggja føre områderegulering før detaljregulering kan vedtakast.
- § 1.3 Alle reguleringsplanar skal sendast Hordaland fylkeskommune for fråsegn, jf kulturminnelova § 9.
- § 1.4 Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast og det skal visast til korleis ein har søkt å

ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak (pbl § 11-9 nr.7)

§ 1.5 Område med natur- og kulturverdiar som vert vurdert som verfulle kulturlandskap skal ivaretakast og forvaltast slik at kvalitetane i landskapet vert styrka (pbl § 11-9 nr.6)

§ 1.6 Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø og andre kulturminne (som til dømes sjøbruksmiljø) skal i størst mogeleg grad takast vare på som bruksressursar og verta sett i stand (pbl § 11-9 nr.7)

§ 1.7 Det skal leggjast vekt på god stad- og landskapstilpassing ved oppføring av nye bygningar og anlegg. Omsynet til landskap, jordvern, kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast (pbl § 11-9 nr.6 og 7)

§ 1.8 Ved all planlegging og områdedisponeringar som omfattar sjøareal skal desse så tidleg som mogeleg verta lagt fram for Bergen

- Sjøfartsmuseum for uttale via Hordaland fylkeskommune, seksjon for kulturminnevern og museum.
- § 1.9 Ved utbygging/ fortetting og ved utbygging i LNF - spreidd område skal det takast omsyn til eksisterande bygningar, anna kulturmiljø og landskap. (pbl § 11-9 nr.7)
- § 1.10 Ved tiltak i område der det ikkje ligg føre plankrav, skal regional kulturminneforvaltning ha saka til vurdering før vedtak vert fatta.

#### RETNINGSLINE:

Kommunen sin startpakke for reguleringsplanar skal brukast ved oppstart, utarbeiding og handsaming av reguleringsplanar.

#### TILHØVE TIL EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR OG KOMMUNEDELPLANAR:

- § 1.11 Ved fortetting, påbygg, tilbygg og bygging av garasjer på eksisterande bustadomtar innanfor område som er omfatta av reguleringsplanar som framleis skal gjelda vert fastsett grad av utnytting i desse reguleringsplanane endra til prosent bygd areal maks 30% -BYA og maks bygd areal på garasje til maks 50 m<sup>2</sup> -BYA. Ved fortetting i desse områda gjeld elles komuneplanen sine føresegner. I lista over reguleringsplanar som framleis skal gjelda er desse reguleringsplanane merka særskilt. (pbl § 11-9 nr.5)

#### RETNINGSLINE:

Reguleringsplanar som framleis skal gjelda er lista opp i vedlegg A og vist med omsynssone, planomriss og planidentitet på plankartet. Komuneplanen og føreseggnene til denne gjeld likevel framfor eldre gjeldande reguleringsplanar og kommunedelplanar når desse er i strid med komuneplanen og føreseggnene til denne.

- § 1.12 Rammeplan for avkjørslar for riks- og fylkesvegar i Region Vest skal leggjast til grunn for søknader om avkjørslar og byggegrenser.

#### UTBYGGINGSAVTALAR, HEIMEL I PBL KAP. 17

- § 1.13 Etter kap.17 i pbl kan det inngåast utbyggingsavtale mellom kommunen og grunneigar/ utbyggjar om privat utbygging av eit område med pliktar og rettar for begge partar. Avtalen kan gjelda tilhøve som det er gjeve føresegner om i arealdelen til komuneplanen eller reguleringsplan og elles regulera dei tilhøva som går fram av pbl § 17-3. Avtalen skal sikra at utbygging av område i privat regi byggjer på kommunen sine krav, ønske og intensjonar slik dei er nedfelt i komuneplanen eller reguleringsplan.
- § 1.14 Normalt skal det inngåast utbyggingsavtale i alle utbyggingssaker med 20 eller fleire bustadeiningar eller der utbyggingsarealet er større enn 10 daa. Det kan og vera aktuelt å kreva at det skal inngåast avtaler for mindre prosjekt. Det skal alltid vurderast om det skal inngåast utbyggingsavtale der det er fastsett rekjkjefølgjekrav i komuneplanen, kommunedelplan eller reguleringsplan for gjennomføring av ekstern infrastruktur.
- § 1.15 Inngått utbyggingsavtale kan gå ut på at grunneigar eller utbyggjar skal sørja for, eller heilt eller delvis kosta tiltak som er nødvendige for gjennomføringa av planvedtak. Kostnadene som vert belasta utbyggjar eller grunneigar må stå i rimeleg høve til utbygginga sin art og omfang, den belastninga den aktuelle utbygginga påfører kommunen og kommunen sitt bidrag og forpliktingar til gjennomføring av avtalen.
- § 1.16 Kommunen sine krav til innhald i utbyggingsavtale skal avklarast så tidleg som mogleg. Bindande avtale kan ikkje gjerast før det er

vedteke reguleringsplan for området. Avtalen skal godkjennast av kommunestyret og dette kan tidlegast gjerast i same møtet som reguleringsplanen vert godkjent.

#### KLIMA OG ENERGI (PBL § 11-9 NR.3)

- § 1.17 Ved alle nye byggeområde skal det leggjast til rette for bruk av vassboren varme eller biogass.
- § 1.18 Alle reguleringsplanar og byggesøknader skal dokumentera at Teknisk forskrift sine krav om energi kan oppfyllast. Ved utarbeiding av reguleringsplanar for nye byggeområde skal det visast korleis det er teke omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind, kaldras m.m og korleis utbygginga fremjar lågt samla energibruk. Resirkulering av avlaupsvatn og miljøvenlege energiløysingar skal også takast omsyn til.

#### KRAV TIL GJENNOMFØRING AV INFRASTRUKTURTILTAK (PBL § 11-9 NR.4)

- § 1.19 Kommunen kan kreva at tiltak ikkje vert teke i bruk før det er etablert tekniske anlegg og samfunnstjenester som vass- og avlaupsanlegg, energiforsyning, trafikksikker tilkomst for køyrande, syklande og gåande, helse- og sosialtenester, barnehagar, skular, idrettsanlegg, friområde og leikeplassar.

#### RISIKO OG SÅRBARHEIT (PBL § 4.3)

- § 1.20 Ved utarbeiding av reguleringsplanar skal det utarbeidast risiko- og sårbarhetsanalyse for å avdekka eventuelle område med fare, risiko eller sårbarheit innanfor og utanfor planområdet. Dersom det er naudsynt med risikoreduserande tiltak skal gjennomføring sikrast gjennom krav i føreseggnene.

#### LEIKE-, UTE- OG OPPHALDSAREAL (PBL § 11-9 NR.5)

- § 1.21 I eksisterande og planlagde område for bustader skal det vera uteareal til leike- og opphaldsareal for born og vaksne. Areala skal vera solrike, ha trafikksikker tilkomst, vera universelt utforma og ikkje liggja inntil sterkt trafikkert veg eller sjenerande støykjelde.
- § 1.22 I område for frittliggjande småhus skal kvar bueining over 60 m<sup>2</sup> ha minimum 150 m<sup>2</sup> uteopphaldsareal (MUA) på bakken. For kvar bueining under 60 m<sup>2</sup> er kravet 50 m<sup>2</sup>.
- § 1.23 I området for konsentrert småhus skal kvar bueining over 60 m<sup>2</sup> ha minimum 50 m<sup>2</sup> uteopphaldsareal på bakken. For kvar bueining under 60 m<sup>2</sup> er kravet 25 m<sup>2</sup>.
- § 1.24 I sentrumskjernen i Leirvik og Sagvåg skal det vera minimum 15 m<sup>2</sup> felles uteopphaldsareal på bakken for kvar bueining og minimum 6 m<sup>2</sup> private areal. Private areal kan vera ikkje overbygd del av terrassar, takterassar, balkongar, altanar og liknande.
- § 1.25 Innanfor 50 m frå bustaden skal det i tillegg vera godt eigna areal til sandkasseleikeplass på minimum 150 m<sup>2</sup>. Leikeplassen skal vera universelt utforma og innehalda minimum 2 leikeapparat, sandkasse, bord og benker.
- § 1.26 Innanfor 150 m frå bustaden skal det i tillegg vera godt eigna areal til nærliekeplass på minimum 1000 m<sup>2</sup>. Nærleikeplassen skal minimum innehalda 2 leikeapparat, sandkasse, bord, benker og ballfelt på min. 20 x 30 m med oppsett mål 2 x 5 m.
- § 1.27 Innanfor 500 m frå bustaden skal det i tillegg vera grendeleikeplass på minimum 3000 m<sup>2</sup>. Grendeleikeplassen skal innehalda ballfelt på 40 x 60 m med oppsett mål 2x 5 m.
- § 1.28 I område der krav til fellesareal kan vera vanskeleg å oppfylla, kan det gjerast avtale om frikjøp. Frikjøpsbeløpet vert fastsett av kommunestyret og frikjøpsmidlane skal nyttast til opparbeiding eller oppgradering av offentlege areal i nærliken til byggeområdet.

## SKILT OG REKLAME (PBL §11-9 NR.5)

- §1.29 Skilt og reklameinnretninger skal utførast på ein måte som etter kommunen si vurdering tilfredsstiller rimelege omsyn til estetikk både i seg sjølv og i høve til omgivnadane. Skilt skal vera samstemte med fasaden på bygget dei er plasserte på. Bygningen sine fargar og hovudoppdeling av fasaden skal respekterast.
- §1.30 Skilt- og reklameinnretningene skal tilfredsstilla krava til mekanisk påkjennung og dei skal vedlikehaldast. Grafitti og lause plakatrestar skal straks fjernast. Lysarrangement som ikkje fungerer fullt ut skal sløkkjast inntil vedlikehald er utført. Skilt- og reklameinnretningene som ikkje lenger har nokon funksjon skal straks fjernast.
- §1.31 Skilt- og reklameinnretningene som ikkje er direkte knytt til verksamda/ene som vert driven på eigedom vert ikkje tillatte.
- §1.32 Innan heile kommunen må skilt eller reklameinnretningene over 0,5 m<sup>2</sup> ikkje setjast opp utan at kommunen etter søknad har gjeve løyve. Løyve kan berre gjevest inntil vidare eller for eit avgrensa tidsrom. Kommunen kan krevja søknad og for mindre skilt/reklame.
- §1.33 Skilt og reklameinnretning på laus fot skal ikkje vera til hinder for ferdsel eller til fare for fotgjengarar, syklistar, synshemma, rørslehemma eller andre.
- §1.34 I ope naturlandskap, kulturlandskap, parkar og friområde er det ikkje tillate å føra opp frittståande reklameskilt.
- §1.35 Innanfor verneverdige bygningsmiljø er det ikkje tillate å føra opp skilt og reklameinnretningene som ikkje er tilpassa karakteren i området.
- § 1.36 I reine bustadområde er det ikkje tillate å føra opp skilt og reklameinnretningene.
- § 1.37 Arenareklame som er orientert inn mot sjølve arenaen er ikkje omfatta av føresegnene.
- § 1.38 Skilt og reklameinnretningene skal vera underordna og tilpassa bygget og ta omsyn til nabobygg. Det skal takast omsyn til arkitektonisk utforming, proporsjonar, fasadeinndeling, materialbruk og fargar.
- § 1.39 Skilt og reklameinnretningene skal ikkje vera samanhangande over heile bygningsfasaden.
- § 1.40 Skilt og reklameinnretningene skal ikkje plasserast på møne, takflate, takutstikk eller gesims. Gesimsar utforma som lysande kassar vert ikkje tillate.
- § 1.41 For kvar verksemde vert det ikkje tillate meir enn eit uthengsskilt og eit veggskilt. For bygningar som inneheld fleire verksemder skal det utarbeidast ein samla skiltplan.
- § 1.42 Skilt kan lysetjast, men då på ein slik måte at naboar, trafikantar og fasaden ikkje vert skadelidande. Lyskassar vert berre tillatte dersom dei høver inn arkitektonisk og lyskassane er utforma med lukka front og sider slik at berre tekst eller symbol gjev lys.
- § 1.43 Uthengsskilt skal av omsyn til sikt og ferdsel plasserast tilstrekkeleg høgt på fasaden. Slike skilt skal maksimalt stikka 1,0 m ut frå fasaden og storleiken skal ikkje vera over 0,5 m<sup>2</sup>.
- § 1.44 Markiser skal avgrensast til vindaugeopningar og skal vera tilpassa bygningen si arkitektoniske utforming og fargebruk.

## PARKERING: (PBL § 11-9 NR.5)

- § 1.45 Tabellen viser parkeringskrava som gjeld ved utarbeiding av reguleringsplanar og handsaming av søknader om løyve til tiltak. Parkeringsdekning må dokumenterast ved alle søknader om løyve til tiltak etter § 20-1 bokstav a, b, d, e, g, j og l.

Verksemd/ føremål	Eining	Krav til bilparkering	Krav til sykkelparkering
Frittliggjande småhus	Bueining over 90 m <sup>2</sup>	2 pl	2 pl
Frittliggjande småhus	Bueining 60 - 90 m <sup>2</sup>	1,5 pl	2 pl
Frittliggjande småhus	Bueining under 60 m <sup>2</sup>	1,0 pl	1 pl
Konsentrert småhus	Bueining over 90 m <sup>2</sup>	1,5 pl	2 pl
Konsentrert småhus	Bueining 60 - 90 m <sup>2</sup>	1,0 pl	2 pl
Konsentrerte småhus	Bueining under 60 m <sup>2</sup>	0,5 pl	1 pl
Bustadblokker og bustader i kombinerte bygg innanfor sentrumskjernen i Leirvik og Sagvåg	Bueining over 90 m <sup>2</sup>	1,5 pl	1,5 pl
Bustadblokker og kombinerte bygg	Bueining 60 - 90 m <sup>2</sup>	1,0 pl	1,5 pl
Bustadblokker og kombinerte bygg	Bueining under 60 m <sup>2</sup>	0,5 pl	1 pl
Fritidsbustad	Eining	1,0 pl	2 pl
Forretning	Pr.50 m <sup>2</sup> BRA	0,5 pl	0,2 pl
Kontor	Pr. 50 m <sup>2</sup> BRA	0,5 pl	0,2 pl
Industri og lager	Pr. 100 m <sup>2</sup> BRA	0,5 pl	0,2 pl
Småbåtanlegg med inntil 20 båtplassar	Pr. båtplass	0,4 pl	0,3 pl
Småbåtanlegg med over 20 båtplassar	Pr. båtplass	0,3 pl	0,3 pl
Hotell/ overnatting	Pr. gjesterom Pr.tilsett	0,6 pl 0,5 pl	0,5 pl
Treningscenter	Pr.50 m <sup>2</sup> BRA	1,0 pl	0,5 pl
Skular og barnehagar	Pr. tilsett	0,8 pl	1,0 pl
Idrettsanlegg			
Helseinstitusjonar	Pr. tilsett Pr.seng	0,8 pl 0,2 pl	1,0 pl

- § 1.46 20 % av parkeringsplassane som vert kravd for gjennomføring av bustadprosjekt skal opparbeidast som gjesteparkeringsplassar.
- § 1.47 Minimum 5% av parkeringsplassane skal reserverast rørsle-hemma. Plassane skal plasserast nær hovudinngang og ved bygesøknad skal det dokumenterast at krava i Teknisk forskrift § 8-9 er oppfylt.
- § 1.48 Ved alle utbyggingar som krev meir enn 20 parkeringsplassar skal minimum 1 av parkeringsplassane leggjast til rette for bruk av el-bil.
- § 1.49 For større idrettsanlegg og messeområde skal det utarbeidast parkeringsanalyse som dokumenterer tilfredsstillende kapasitet og løysing for parkering av bilar, el-bilar og syklar.
- § 1.50 Parkering i tilknyting til utbygging i Leirvik og Sagvåg skal i hovudsak leggjast i bygg, under bakken eller i bakkant, og ikkje langs gatefasaden.
- § 1.51 Ved utbygging i sentrumskjernen i Leirvik og Sagvåg kan utbyggjar kjøpa seg heilt eller delvis fri frå kravet om parkering for nye forretnings- og kontorareal. Frikjøpsbeløpet vert fastsett av kommunestyret og frikjøpsmidlane skal nyttast til opparbeiding av offentlege parkeringsplassar.

#### ESTETIKK: (PBL § 11-9 NR.6)

- § 1.54 I alle plan- og byggesaker skal det liggja føre ei utgreiing av tiltaket sine estetiske sider i høve til seg sjølv, omgivnadane og fjernverknad. Det skal leggjast vekt på å bevare åsprofilar og landskapssilhuettar. Som hovudregel skal bygningar og andre tiltak innretta seg etter kotane i terrenget og ikkje bryta horisonten. Det skal leggast vekt på minimale terrengeinngrep og optimal massebalanse innanfor plan-/ byggeområdet.
- § 1.55 Ved fortetting i eksisterande område skal nye hus forhalda seg til nabohusa, terrenget og landskapet og som hovudregel underordna seg eksisterande byggelinjer, volum, takform og gesims-/ mønehøgder.
- § 1.56 Ved alle byggesaker skal det liggja føre utomhusplan som skal visa eksisterande og planlagt terrenget, korleis uteareala skal opparbeidast, evt. murar, gjerde, levegger, avkjørsel, oppstillingsplassar for bilar og syklar, stigningstilhøve på interne vegar.

#### UNIVERSELL UTFORMING:(PBL § 11-9 NR.5)

- § 1.52 Bygningar, anlegg og uteområde skal utformast slik at dei kan brukast på like vilkår av så stor del av innbyggjarane som mogeleg. Reguleringsplanar og byggesøknader skal dokumentera at Teknisk forskrift sine krav til tilgjengeleg bueining og universell utforming kan oppfyllast.
- § 1.53 Stord kommune sine rettleiarar for universell utforming av publikumsbygg og for føringssliner i sentrum skal liggja til grunn ved gjennomføring av alle kommunale byggeprosjekt.

## 2. FØRESEGNER TIL AREALFØREMÅLA ETTER § 11-7 NR.1 (PBL § 11-10)

#### BYGNINGAR OG ANLEGG FOR BUSTADBYGG

- § 2.1 Eksisterande bebygde område avsett til byggeområde for bustader og med eller utan reguleringsplan kan det fortettast med inntil to tomtar og med inntil to bueiningar på kvar tomt, og gjevast løyve til tilbygg, påbygg, ombyggingar og garasjar utan at det vert sett krav om reguleringsplan eller reguleringsendring dersom følgjande vilkår er oppfylt: (pbl § 11-10 nr.1)
- Minimum tomttestorleik 500 m<sup>2</sup>
  - Maks 30%-BYA
  - Maks 200 m<sup>2</sup>-BYA i tillegg til garasje på maks 50 m<sup>2</sup> - BYA
  - Garasje maks BRA 70 m<sup>2</sup>
  - Kommuneplanen sine krav til minste uteoppahaldsareal (MUA) er oppfylt
  - Kommuneplanen sine krav til parkering er oppfylt
  - Kommuneplanen sine krav til estetikk er oppfylt
  - Maks 2 bueiningar på kvar tomt
  - Veg-, vass- og avlaupsanlegga har tilstrekkeleg standard og kapasitet

- § 2.2 Reguleringsplanar for bustadområde skal innehalda rekkjefølgjekrav som sikrar at leikeplassar og fellesareal, trafikksikre tilkomstar m.m er opparbeidde og ferdigstilte før det vert gjeve

bruksløye for bustader. (pbl § 11-9 nr.4)

#### BYGNINGAR OG ANLEGG FOR FRITIDSBYGG

- § 2.3 Følgjande tomter i Dåfjorden kan byggjast ut utan krav om reguleringsplan: Gnr/bnr 59/79, 59/81, 59/84, 59/85, 59/86, 59/117, og 59/119. Det kan maks byggjast ei hytte med ei bueining på kvar tomt med maks BYA 80 m<sup>2</sup>, maks BRA 110 m<sup>2</sup>, maks gesimshøgd 3,5 m og maks mønehøgd 6,0 m. (pbl § 11-10 nr.1)

#### ANDRE TYPAR BYGNINGAR OG ANLEGG (MASSEDEPONI)

- § 2.4 For område avsett til masseuttak og massedeponi skal det utarbeidast reguleringsplan før områda kan takast i bruk. Reguleringsplanen skal setja krav om driftsplan som skal regulera kva typar massar som kan deponerast, korleis drifta skal skje, kor lenge området kan vera i bruk til massedeponi og korleis området skal sjå ut etter uttaket/deponiet er avslutta. (pbl § 11-9 nr.1)

### 3. FØRESEGNER TIL AREALFØREMÅLA ETTER § 11-7 NR.5 (PBL § 11-11)

- § 3.1 I LNF- områda er tiltak i samband med stadbunden nærliggende. Nye landbruksbygg inklusiv våningshus skal så langt det er driftsmessig forsvarlig plasserast i tilknyting til eksisterende gardstun. Det kan tillatast å byggja bustadhus nr. 2 på garden utan krav om reguleringsplan. (tbl § 11-11 nr.2)
- § 3.2 Ved plassering av nye landbruksbygg inklusive våningshus og bustad nr. 2 på garden skal det takast omsyn til eksisterende tun, bygningsstruktur og drifta på garden. Nye bygningar og konstruksjonar skal gjevast ei god plassering i høve til tun, vegetasjon og landskapsskiltene. (tbl § 11-11 nr.2)
- § 3.3 Innafor 100- metersbeltet frå sjø og vassdrag er det tillate med nødvendige bygningar, landbruksgjerde, leskur eller andre tiltak som er nødvendige for landbruksdrifta utan krav om reguleringsplan. (tbl § 11-11 nr.4)
- § 3.4 I LNF - spreidd kan det gjevast løyve til frådeling og bygging av nye bustader, fritidsbustader og naust og tilbygg, påbygg og ombygginingar utan krav om reguleringsplan dersom vilkåra som er lista opp under er oppfylt. LNF-spreidd områda er lista opp i vedlegg B med tal på kor mange bustader som kan byggjast ut i perioden. I tillegg til områda for LNF-spreidd som er vist på plankartet har dei eksisterande bygde bustad-, fritidsbustad- og nausteigedomane som er lista opp i vedlegg C status som LNF-spreidd der tilbygg, påbygg, ombygginingar, garasjar og boder er tillate utan krav om reguleringsplan eller dispensasjon dersom vilkåra som er lista opp under er oppfylt. Tiltak på eller nær Sefrak-registrerte bygg som er eldre enn 1850 og alle tiltak på dei opplista fritidsbustad-og nausteigedomane i vedlegg C skal sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.
- Tomtar for bustad- og fritidshus skal vera mellom 500 og 1000 m<sup>2</sup>
  - Maks 30%-BYA
  - Maks 200 m<sup>2</sup>-BYA for bustadhus i tillegg til garasje på maks 50 m<sup>2</sup>-BYA og maks 70 m<sup>2</sup> BRA
  - Maks 2 bueiningar på kvar bustadeigedom
- Fritidsbustader skal ha maks 80 m<sup>2</sup>-BYA, maks 110 m<sup>2</sup> BRA maks gesimshøgd 3,5 m og maks mønehøgd 6,0 m
- Kommuneplanen sine krav om min MUA
- Kommuneplanen sine krav om parkering
- Kommuneplanen sine krav om estetikk
- Tilbygg eller påbygg på eksisterande bustadar og fritidsbustadar innanfor 100 - metersbeltet skal ikkje koma nærmere sjøen enn eksisterande bygg.
- Gjennomføring av tiltak innanfor 100 - metersbeltet skal ikkje gjera allmenn ferdsel langs strandsona vanskelegare
- Naust skal ha maks 40 m<sup>2</sup> grunnflate, ha saltak med takvinkel 35 - 45 grader, vera i maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgd 5,0 m over lågast terrenget under bygget, ha knappe takutstikk, ikkje ha takvindauge, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Fargebruk og materialbruk i murar, kledning og tak skal vera som for tradisjonell naust. Naust skal berre brukast til tradisjonell bruk, ikkje til varig opphold.
- (tbl § 11-11 nr.2)
- § 3.5 I framkant av naust kan det tillatast oppført kai/ brygge eller båtopptrekk på følgjande vilkår:
- Breidda skal ikkje overstiga breidda på naustet med tillegg av 1 m på kvar side
  - Kai-/ bryggefronten skal ikkje ha større avstand frå naustet enn 2 meter
- (tbl § 11-11 nr.2)
- § 3.6 I forlenging av kai/ brygge kan det tillatast utlagt flytebrygge på inntil 15 m<sup>2</sup> med maks lengde 7 m og maks breidde 3 m. I tilknyting til flytebrygga kan det tillatast 1 landgang med lengde inntil 4 m og breidde inntil 1 m. (tbl § 11-11 nr.2)
- § 3.6 Oppføring av nye naust eller gjennomføring av tiltak på eksisterande naust skal ikkje gjera allmenn ferdsel vanskelegare og det er ikkje tillate å oppføra terrassar/ plattningar/ utegolv, levegger, gjerde, utepeisar eller liknande. (tbl § 11-11 nr.2)

### 4. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG ETTER § 11-7 NR.6

- § 4.1 Innanfor 100 – metersbeltet frå sjø og vassdrag er det på friluftsområda som er opne for ålmenta tillate med miljøvennlige anlegg og innretningar for bading, opphold, tilkomst, bruk og drift, herunder toalettanlegg og mindre kaianlegg utan krav om reguleringsplan. (tbl § 11-11)
